

Høgskulen Stord/ Haugesund  
Master IKT i Læring

# Skule- heimsamarbeidet

**Digital foreldremedverknad i borna si læring**

Ruth Jørgensen



Juni 2014

## 1 Forord

**Myrsnipa** versjon; Jan Eggum

En jeger dro på eventyr  
og jaktet fugl og ville dyr.  
Han gikk med myke skritt,  
han tok geværet sitt,  
og la seg til ved enden av en myr.  
Og skogen lå i morgendis,  
som vek for sol og kjølig bris.

Da fløy det frem fra nord  
en pjusket snipe-mor  
hun lokket jegeren på mamma-vis:

Å, kjære jeger, mine unger leker mellom siv.

Å, vær så snill å spare deres unge liv.

Å kjenne dem er ganske lett:

*De vakreste du noensinne så  
er mine små.*

Ja, så dro han til en annen kant  
og tok de styggeste han fant.  
Han var fornøyd og blid  
og han kom rett forbi,  
men da pep myrsnipa så smertelig:  
Jeg elsket dem mer enn meg selv  
men så tok du dem allikevel?

Han svarte: *Slike skarn  
kalte du pene barn?*

Hun sa: Men selv en jeger må forstå:  
*Enhver syns best om sine egne små*

Takk til alle foreldra i klassen min som har stilt opp som informantar og til alle som gjennom det daglege gjev meg kunnskap og innsikt i borna sitt faglege og sosiale liv.

Takk til rettleiar Aslaug Grov Almås, Høgskulen Stord Haugesund.

Takk til siderettleiar Ingrid Maria Helleve, Universitetet i Bergen.

Takk til Sidsel Vinsand som har lese korrektur og retta opp alle feil.

Til slutt; Ein stor takk til Eldbjørg, dotter mi, som har gått ”mastervegen” med meg, vore mitt ”støttande stillas” gjennom heile prosessen og aldri har mista tolmodet og trua!

## 2 Samandrag

### 2.1 Skule- heimsamarbeidet

Digital foreldremedverknad i borna si læring.

Ruth Jørgensen, Master IKT i læring, Høgskulen Stord Haugesund mai 2014.

Som lærar ynskte eg eit skule- heimsamarbeid der læring stod i fokus. Foreldre er etter mitt syn den viktigaste samarbeidspartnaren eg som lærar har, og dei skal ha ein sentral plass i borna sitt læringsmiljø. Det å møta foreldre i dialog om borna si faglege og sosiale utvikling, gjev ein ekstra dimensjon til undervisninga. Foreldre kan på mange måta vera ein ressurs for skulen. Eg hadde ein tanke om at foreldre også ynskte ein opnare skule der reell medverknad i borna deira sitt læringsarbeid var mogeleg. Men i det daglege tykte eg at tida ikkje strakk til og at eg ikkje hadde den kontakten med foreldra som er ynskte. Eg ynskte meir medverknad for foreldra og var på leiting etter nye metodar eller verktøy for skule- heimsamarbeidet. Nokon gonger treng me å endra både praksis og verkemiddel for å koma vidare, og eg innsåg at kan hende var det eg som måtte endra praksis fyrst. Informasjons- og kommunikasjonsteknologien (IKT) var komen for fullt inn i skulen, og skulen min hadde nett fått It's Learning som digital læringsplattform. På denne bakgrunn ynskte eg å prøva ut om It's Learning kunne vera eit verktøy som kunne endra skule-heimsamarbeidet noko, slik at reell foreldremedverknad vart mogeleg.

Hovudproblemstillinga vart formulert ut frå eit ynskje om å setja digitalt skule- heimsamarbeid på dagsorden, prøva ut It's Learning som reiskap for samarbeidet og finna ut om eit slikt samarbeid kan vera med å stø opp pm borna si læring. Forskingsspørsmåla skulle presisera og stø opp om hovudproblemstillinga. Dette formulerte eg som fylgjande:

Hovudproblemstilling: På kva måtar kan ei digital læringsplattform nyttast i skule- heimsamarbeidet, og korleis kan denne samarbeidsforma vera med å stø opp om borna si læring?

Forskingsspørsmåla: Korleis kan It's Learning nyttast som reiskap for foreldremedverknad? Kva kan dette ha å seia for borna sitt læringsarbeid?

Målet med masteroppgåva har vore å prøva ut It's Learning som reiskap i skule- heimsamarbeidet og finna ut om ei slik samarbeidsform kan gje foreldre reell medverknad i barnet deira sitt læringsarbeid. Forskingsarbeidet har eg sett inn i teoretisk tradisjon med

utgangspunktet i sosiokulturelle læringsteoriar, forskning kring skule- heimsamarbeidet, dialog og danning, og den digitale dimensjonen i dette

Eg valde kvalitativ metode og aksjonsforskning som design. Aksjonsforskning skil seg frå annan forskning gjennom ei tett koplinga mellom forskning og målretta praksis. I aksjonsforskninga heng forskingsspørsmåla saman med eit ynskje om å endra praksis. Eg har sett mi forskning inn i eit undervisningsopplegg i norskfaget på barnetrinnet. På den måten ynskjer eg å syna samanhengen mellom forskning og praksis. Aksjonsforskning har som mål å forbetre og endra praksis. Validering blir i denne samanhengen ikkje avslutninga på forskinga men derimot engasjementet i å sjå nye mogelegheiter.

Informantane, eller forskingsdeltakarane, mine var i hovudsak foreldre. Eg ville ha fram foreldrestemma i skule- heimsamarbeidet. Foreldre er subjektive i synet på eigne born og kjenslemessig knytt til borna sine. I samtale og dialog, gjennom spørjeundersøkingar og intervju, fekk eg subjektive meiningar, erfaringar og haldningar hjå informantane mine. Dette var kjelder og informasjon som eg såg på som påliteleg i denne samanhengen. Det vart mi oppgåve som forskar å samanfatta informasjonen, analysera og drøfta dette i lys av teoriar, for vidare å sjå om her var noko å læra for eit framtidig skule- heimsamarbeid.

Forskingsarbeidet var ein prosess. Både forskar/ lærar og foreldre endra seg undervegs. Viktigaste resultata var kan hende at It's learning kan vera eit av mange verktøy som kan brukas i skule- heimsamarbeidet, men at ikkje noko digitalt media kan erstatta eit fysisk møte mellom menneske som byggjer på respekt og toleranse og eit ærleg ynskje om å arbeida for eit sams mål.

## 3 Abstract

### 3.1 School-home Cooperation

Digital parent contribution in development of children.

Ruth Jørgensen Master ICT in Learning Høgskulen Stord/ Haugesund May 2014.

As a teacher, I wanted a school-home cooperation with a focus on learning. Parents and guardians (further on *parents*) are, in my opinion, the most important partners for me as a teacher, and I wanted them to take central part in the learning environment of their children.

Parents have the main responsibility for their own child, and they have a great impact on the children's motivation and learning profit. Cooperation between school and home is central both to create good learning conditions to each pupil and for a good learning environment of the whole group or the school. Cooperation between school and home is a mutual responsibility, but the school shall take the initiative and create appropriate conditions for cooperation. Parents shall have real opportunity to effect on their own child's learning process regarding both subject and social conditions.

My experience from school practice is that parents are concerned with their children's schooldays. Parents are concerned about their children's social development, how their child behaves during lessons, cooperates with the other pupils, if they have friends and is good friends themselves. They are also concerned about bullying and the social environment in class and at school. Parents are of course also concerned about the subject skills. Parents are interested in proper information from school about activities, so they can take part in and follow up with equipment and support the school.

As a teacher, I would like to have participation that is more parental. I want this because I see that the parents in some ways have professional knowledge and resources that can support both the single pupil and the school. I wished that the school and the teacher should have others to share the responsibility and the commission. Then we must use our knowledge and collective resources, make room for the challenge and give preference to it. Sometimes we have to walk unknown roads, change our habits and be a learning individual ourselves

I know something about everyday school life as a teacher. We have different professional and educational expertise. The days are busy and the claims are multiple. I know that parents are a complex group. This never-ending complex interactivity makes education and upbringing so exciting. I want a little more of this into the everyday school-life. Families

with children are often pressed for time and stuck in the time-trap. I do not want to increase the weight of this burden, but the parental cooperation can make both children and parents safer on “this should go well”, and thereby make every day a little bit safer for everyone. Parents have different qualifications and conditions, and these we must be aware of and consider.

It is not always easy to find the good and right times for cooperation or the right tools, so I am always hunting for new ideas. New generations of parents, teachers and pupils are coming up. These have a distinctive relation to the digital trend in society. Maybe we can develop and profit on this competency in the school-home-cooperation. At my school, we just had started to use a Learning Management System called It’s Learning. Could this be a tool for school-home-cooperation?

From this background, I decided to do a research at my own school and in my own class. I decided to use Qualitative Methods with an Action research design.

**The main questions in my research was:** In what ways can we use Learning Management Systems in a school-home-cooperation, and how can such a cooperation support the pupil’s learning process?

**To support and make the main questions more precise:** How can we use It’s Learning, as a tool, for more parent contribution, and will using ITL have any effects on the pupil’s development?

I did the research with parents from my own class as informants and partners. I used a project in Norwegian literature as a frame and tried to communicate with the parents through It’s Learning. To be in an action research situation, means that processes took place all the time, and we all changed during the research.

Said very shortly, the most important result that came out of this research was that It’s Learning could be one of many tools in a school- home-cooperation. However, not any digital media can ever replace the fiscal meeting between people built on respect and tolerance and an honest wish from both parts to work together toward the same goal.

## 4 Innhaldsliste

<b>1</b>	<b>FORORD</b> .....	<b>2</b>
<b>2</b>	<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>3</b>
2.1	SKULE- HEIMSAMARBEIDET .....	3
<b>3</b>	<b>ABSTRACT</b> .....	<b>5</b>
3.1	SCHOOL-HOME COOPERATION .....	5
<b>4</b>	<b>INNHALDSLISLE</b> .....	<b>7</b>
<b>5</b>	<b>FIGURLISLE</b> .....	<b>9</b>
<b>6</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>10</b>
6.1	BAKGRUNN FOR OPPGÅVA .....	10
6.1.1	<i>Eigne erfaringar</i> .....	10
6.1.2	<i>Skulepolitiske intensjonar for skule-heimsamarbeidet</i> .....	11
6.1.3	<i>Samfunnsperspektiv</i> .....	13
6.2	PROBLEMSTILLING OG FORSKINGSSPØRSMÅL.....	15
6.2.1	<i>Digitalt skule- heimsamarbeidet på dagsorden?</i> .....	16
6.3	KONTEKST .....	17
6.4	AVGRENSING .....	18
6.4.1	<i>LMS</i> .....	19
6.4.2	<i>Undervisningsopplegget "Grip Boka!"</i> .....	20
6.5	OPPBYGGING AV OPPGÅVA .....	20
<b>7</b>	<b>TIDLEGARE FORSKING</b> .....	<b>21</b>
7.1	MASTEROPPGÅVER.....	21
7.2	RAPPORTAR OG UNDERSØKINGAR .....	22
7.3	FORSKING PÅ NASJONALT OG INTERNASJONALT NIVÅ.....	23
7.4	OPPSUMMERING .....	24
<b>8</b>	<b>TEORETISKE PERSPEKTIV</b> .....	<b>25</b>
8.1	SOSIOKULTURELL LÆRINGSTEORI .....	25
8.2	FORELDREMEDVERKNAD .....	27
8.3	OPPSUMMERING .....	32
<b>9</b>	<b>METODE</b> .....	<b>33</b>
9.1	AKSJONSFORSKING.....	33
9.2	KVALITATIV METODE .....	35
9.3	VAL AV METODAR .....	36
9.4	MINE METODAR.....	38
9.4.1	<i>Pilotundersøking</i> .....	38
9.4.2	<i>Foreldremøtet/gruppemøtet</i> .....	38
9.4.3	<i>Spørjeundersøking</i> .....	38
9.4.4	<i>Dialog og ustrukturete samtalar</i> .....	38
9.4.5	<i>Intervju med intervjuguide</i> .....	39
9.5	VAL AV INFORMANTAR.....	39
9.6	VALIDITET OG RELIABILITET .....	40
9.7	ETISKE OMSYN .....	43
<b>10</b>	<b>AKSJONSLAUPET</b> .....	<b>44</b>
10.1	STEG I PILOTUNDERSØKING HAUSTEN 2012 .....	45

10.2	STEG 2 TID FOR AKSJON!.....	46
10.3	STEG 3 I KLASSEROMMET: "GRIP BOKA!" - LITTERATURPROSJEKT MED ITL SOM LÆRINGSARENA.....	47
10.3.1	<i>Veke 2: It's Learning</i> .....	47
10.3.2	<i>Veke 3: "Grip Boka!"</i> .....	48
10.4	STEG 4: OPPSUMMERING.....	49
10.4.1	<i>Om å lata læraren trø tilsides og sjå med forskarblikk</i> .....	49
10.4.2	<i>Veke 4: Dialog i klasserommet</i> .....	50
10.5	STEG 5: KONFERANSETIME MED LÆRINGSSAMTALE.....	50
10.6	STEG 6: ATTENDE I KLASSEROMMET.....	51
10.7	STEG 7: INTERVJU MED FORELDRE.....	52
10.8	OPPSUMMERING AV AKSJONSLAUPET.....	52
<b>11</b>	<b>RESULTAT.....</b>	<b>53</b>
11.1	RESULTAT FORELDREMØTE.....	53
11.2	RESULTAT SPØRJESKJEMA.....	54
11.2.1	<i>Informasjonsflyt mellom heim og skule</i> .....	54
11.2.2	<i>Kva fortel desse funna?</i> .....	56
11.2.3	<i>Kommunikasjon/dialog</i> .....	57
11.2.4	<i>Kva fortel desse funna?</i> .....	58
11.2.5	<i>Medverknad/medråderett</i> .....	59
11.2.6	<i>Kva fortel desse funna?</i> .....	62
11.2.7	<i>Resultat heile spørjeundersøkinga</i> .....	64
11.3	RESULTAT DIALOG.....	65
11.3.1	<i>Resultat dialog i klasserommet</i> .....	65
11.3.2	<i>Resultat dialog med foreldre</i> .....	67
11.3.3	<i>Resultat oppsummering dialogar</i> .....	68
11.4	RESULTAT AVKRYSSINGSSKJEMAET.....	69
11.5	RESULTAT AVSLUTNING I KLASSEROMMET.....	70
11.5.1	<i>Evaluering av undervisningsperioden</i> .....	70
11.5.2	<i>It's Learning: Evaluering 7. klasse våren 2013</i> .....	70
11.6	RESULTAT KVALITATIVT FORSKINGSINTERVJU.....	71
11.6.1	<i>Presentasjon av informantane</i> .....	72
11.6.2	<i>Samandrag funn</i> .....	74
<b>12</b>	<b>DRØFTINGAR.....</b>	<b>75</b>
12.1	HOVUDPROBLEMSTILLINGA FOR FORSKINGSOPPGÅVA.....	76
12.2	FORSKINGSSPØRSMÅLA:.....	76
12.2.1	<i>Forskingsspørsmål 1: Korleis kan ei digital læringsplattform nyttas som reiskap for foreldremedverknad?</i> .....	76
12.2.2	<i>Forskingsspørsmål 2: Kva kan dette ha å seia for borna si læring?</i> .....	82
<b>13</b>	<b>KONKLUSJON OG VEGEN VIDARE.....</b>	<b>85</b>
<b>14</b>	<b>LITTERATURLISTE.....</b>	<b>90</b>
<b>15</b>	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>93</b>
15.1	VEDLEGG 1: "GRIP BOKA!" – LITTERATUR- OG LESEPROSJEKT 7. KLASSE MED ITL SOM DIGITAL LÆRINGSPLATTFORM.....	93
15.2	VEDLEGG 2: PILOTUNDERSØKING.....	95
15.3	VEDLEGG 3: SPØRJESKJEMA.....	97
15.4	VEDLEGG 4: AVKRYSSINGSSKJEMA - KONFERANSETIME/ LÆRINGSSAMTALE.....	101
15.5	VEDLEGG 5: INTERVJUGUIDE.....	102
15.6	VEDLEGG 6: GODKJENNING NSD.....	103



15.7	VEDLEGG 7: INFORMASJON TIL REKTOR.....	104
15.8	VEDLEGG 8: FORELDREORIENTERING .....	105
15.9	VEDLEGG 9: IT'S LEARNING - OPPSKRIFT .....	107

## 5 Figurliste

FIGUR 1:	PROBLEMSTILLING .....	16
FIGUR 2:	SYNER TILHØVA MELLOM SAMARBEID OG MAKT (NORDAHL 2007) .....	28
FIGUR 3:	FORELDREMEDVERKNAD PÅ DEI ULIKE NIVÅ, + TYDER VEKTELEGG OG - TYDER VEKTELEGG IKKJE .....	28
FIGUR 4:	SKJERMDUMP HENTA FRÅ ELIN GULLESEN BRATT: KLASSELEDELSE RELASJONSPEDAGOGIKK RELASJONSKOMPETANSE NAMSOS 25.11.11 .....	30
FIGUR 5:	TIDSLINA I FORSKINGSPROSJEKTET .....	45
FIGUR 6:	SKJERMDUMP FRÅ UNDERVISNING .....	48
FIGUR 7:	SKJERMDUMP FRÅ UNDERVISNING .....	50
FIGUR 8:	AKSJONSFORSKINGSSPIRALEN .....	53
FIGUR 9:	SPØRJESKJEMA MED RESULTAT - INFORMASJON.....	55
FIGUR 10:	SPØRJESKJEMA MED RESULTAT - INFORMASJON.....	56
FIGUR 11:	SPØRJESKJEMA MED RESULTAT - DIALOG.....	57
FIGUR 12:	SPØRJESKJEMA MED RESULTAT - SAMARBEID .....	59
FIGUR 13:	SPØRJESKJEMA MED RESULTAT - INNSYN.....	60
FIGUR 14:	SPØRJESKJEMA MED RESULTAT - MEDVERKNAD.....	60
FIGUR 15:	SPØRJESKJEMA MED RESULTAT - LÆRING.....	61
FIGUR 16:	SPØRJESKJEMA MED RESULTAT - FORELDRERESSURS .....	62
FIGUR 17:	SPØRJESKJEMA MED RESULTAT - OPPLÆRINGSLOVA .....	62
FIGUR 18:	AVKRYSSINGSSKJEMA.....	69
FIGUR 19:	EVALUERING IT'S LEARNING .....	71
FIGUR 20:	SAMANDRAG INTERVJU .....	72

## 6 Innleiing

### 6.1 Bakgrunn for oppgåva

Eg ynskjer meg eit skule- heimsamarbeid der læring står i fokus. Eg ynskjer at foreldre skal kunna vera aktive samarbeidspartnarar i borna si læring, og at me kan finna verktøy som høver for partane i eit slikt samarbeid. Nokon gonger treng me endringar både av praksis og endring av verkemiddel for å koma eit steg vidare. Eg ynskjer å finna ut om den digitale læringsplattforma It's Learning kan vera eit slikt verktøy.

Eg har valt å ta utgangspunkt i egne erfaringar i skulen og tankar omkring foreldre som samarbeidspartnarar. Vidare har eg sett på samfunnet sine skulepolitiske intensjonar gjennom lovverk og retningsliner og eit litt vidare samfunnsmessig perspektiv.

#### 6.1.1 Eigne erfaringar

Eg likar å vera lærar. Eg er oppteken av skule- heimsamarbeidet. Det å møta foreldre i dialog om borna deira si faglege læring og sosiale og personlege utvikling, gjev ein ekstra dimensjon til læringsarbeidet. I det fylgjande nyttar eg foreldre som nemning også for føresette eller andre som har hovudansvar for barnet.

Alle foreldre har føresetnader for å medverka i undervisning og oppdraging av egne born, i klassen og i utval og plangrupper på skulen, men sjølvstapt på ulike måtar. Nokre av "mine foreldre" vil gjerne ha større medverknad kring elevane sitt læringsarbeid og meir aktivt stø barnet si faglege utvikling. Andre foreldre er meir opptekne av det sosiale samspelet kring barnet sitt. Nokre foreldre vegrar seg og er redde for fleire krav, større tidsbruk og manglande meistring. Men mange foreldre er nøgde slik skule- heimsamarbeidet er i dag. Foreldre er den viktigaste samarbeidspartnaren me lærarar har, og ein ressurs for skulen. Foreldre er sentrale i borna sitt læringsmiljø. I det daglege tykkjer eg at tida ikkje strekk til for denne delen av læringsarbeidet. Eg ynskjer å finna metodar og verktøy som kan styrka foreldremedverknad og foreldreengasjement og i større grad gjera det mogeleg for dei å ta del i skule- heimsamarbeidet.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologien (IKT) er komen for fullt i skulen. Utvikling av digital kompetanse hjå lærarar og elevar er no eit sentralt læringsområde.

Foreldregenerasjonen er også på full fart inn i ikt-samfunnet, og det er all grunn til å tru at foreldra på fleire område er meir kompetente enn skulen. Skulane i min kommune har innført den digitale læringsplattforma It's Learning. Til no har dette medverka til ei styrking av informasjonsflyten til foreldre og til nokre administrative tiltak innan skulen. På min

skule er me ikkje komne i gang med å nytta It's Learning til undervisningsopplegg og læringsarbeid. Foreldresamarbeid på It's Learning er enno ikkje på dagsorden. På bakgrunn av dette ynskjer eg å finna ut på kva måtar ei digital læringsplattform kan nyttast til foreldresamarbeid og korleis denne samarbeidsforma kan vera med å stø opp om borna si læring.

### **6.1.2 Skulepolitiske intensjonar for skule-heimsamarbeidet**

Det er ynskjeleg at foreldre skal ta meir del i borna sin faglege og sosiale utvikling. Læreplanverket understrekar dette. Foreldreutvalet for grunnskulen er oppteken av reell foreldremedverknad og ein meir open skule. Offentlege dokument for skulen syner oss også at skule- heimsamarbeidet står sentralt. Gjennom lovverket sikrar ein foreldreansvaret og rettane foreldre har i høve skulen. På den andre sida føl det også med nokre plikter.

**Opplæringslova § 1-2** (Lovdata, 1998) understrekar at skulen skal gje opplæring i *samarbeid og forståing med heimen*. Alle foreldre har rett og plikt til å syta før at eigne born får skulegang og at oppdragaransvaret ligg hjå foreldra. Foreldre skal inviterast og stimulerst til å ta del i den pedagogiske, sosiale og administrative verksemda i skulen. Innhaldet i oppdragaransvaret reflekterer fagleg kunnskap, sosial dugleik, normer og verdiar, respekt og toleranse (Stortingsmelding nr. 16, 2006-2007).

**St.melding nr.14. (1997-98)** *Om foreldremedverknad i grunnskulen*, handlar om samarbeid mellom heim og skule og gjev foreldre ei sterk rolle og eit ansvars i oppdraging og opplæring. I kapittel 5 *Drøfting av foreldreansvaret i høve til skolen*, heiter det:

*Foreldra og lærarane møtest med ulike utgangspunkt og føresetnader. Læraren er den profesjonelle pedagogen, medan foreldra er dei som kjenner barnet sitt best. Det er i dette møtet, med ulike utgangspunkt og ståstader, at foreldra og skolen skal samarbeide til beste for barnet. Departementet vil framheve at det skal vere eit møte mellom skolen og alle foreldre, ikkje berre dei spesielt interesserte. Det er derfor viktig å leggja samarbeidet opp slik at alle kan og vil vera med.* (Stortingsmelding nr. 14 Kap 5.8, 1997 - 1998).

Som lærar er det med andre ord mi oppgåve å komme foreldra i møte og leggje til rette for eit godt skule-heimsamarbeid. I oppgåva vil eg sjå nærare på om dette samarbeidet kan betrast ved bruk av digital læringsplattform, It's learning. Og på kva måte It's learning kan vere ein ressurs i samarbeidet.

**I St. melding nr.30.** (2003-2004) Kap.11 *Kultur for læring*, vert det understreka at heimen er skulen sin viktigaste medspelar. Dette gjev rom for lokale tilpassingar. Kap. 11.1.2

*Utvikling av dialogen, handlar om å ta i bruk IKT som supplement i kommunikasjonen mellom heim og skule:*

*Befolkningens tilgang til IKT har blitt bedre både privat og i arbeidslivet, og kommunikasjonen borgerne imellom og mellom borgere og offentlige etater har i økende grad blitt digitalisert. En fersk studie fra ITU 2 (Forsknings- og kompetansenettet for IT i utdanningen) viser at mange foresatte mener at bruk av IKT vil være viktig for å styrke samarbeidet mellom hjem og skole.*

For å klara dette må grunnskulane og særleg barnetrinnet styrkast med tanke på tilgang til nett, teknologi, opplæring og pedagogisk utvikling.

Vidare i kapittelet står det:

*Det foreligger erfaringer fra forsøk og prosjekter på dette området. IKT-baserte kommunikasjonsløsninger kan forenkle informasjonsformidling og kommunikasjon mellom hjem og skole, og det kan gi nye muligheter for informasjonsutveksling og dialog. Resultater fra utprøvinger viser også at bruk av læringsadministrative systemer kan gi positive effekter. Generelt gir bruk av IKT foresatte mulighet til å få et innblikk i skolens arbeid på en enkel og effektiv måte. (Stortingsmelding nr. 30 Kap 11.1.2, 2003-2004).*

Gjennom vidare forskning på temaet ynskjer eg å sjå korleis bruk av digital læringsplattform gir auka samarbeid ved min skule, samanlikna med tidlegare forskingsfunn.

**St. melding nr.22** (2010 – 2011) I *Motivasjon – Mestring – Muligheter*, Ungdomstrinnet, vert det skrive om kva rolle heimen har i oppfølging av borna, kva dette har å seia for borna sin motivasjon og læring. Med tanke på fråfallet i vidaregåande skule, kan det vera mykje å henta med å styrka skule- heimsamarbeidet i heile læringslauget:

*De aller fleste unge uttrykker at det er viktig hva foreldrene mener, og at foreldrene har innflytelse på deres valg av utdanning og yrke. Nyere forskning slår fast at det er en positiv sammenheng mellom foreldreinvolvering og resultater på skolen. Jo sterkere foreldre involverer seg i ungdommens hverdag i form av kjennskap til hvem ungdommen er sammen med og hvor de befinner seg på fritiden, desto bedre læringsresultater, målt med karakterer. Elever med minst foreldreinnsyn har i snitt en halv karakter lavere enn elever med mest foreldreinnsyn. Den samme positive sammenhengen viser seg mellom foreldrenes innsyn i ungdommens hverdag og elevenes motivasjon for skolearbeid. (Stortingsmelding nr. 22 Kap 11.3.1, 2010 – 2011).*

**Læreplanverket Kunnskapsløftet 06 (LK06)** Den generelle delen av den nasjonale læreplanen peikar på at det er foreldre som har hovudansvaret for oppsøding og opplæring av eigne born, og at det er skulen si plikt til å leggja til rette fro samarbeidet.

LK06 - I ”Prinsipp for opplæring” s.34 står det mellom anna:

*Foreldre og føresette har hovudansvaret for eigne barn, og dei har stor innverknad på motivasjonen og læringsutbyttet deira. Samarbeidet mellom skole og heim er sentralt både for å skape gode læringsvilkår for kvar einskild elev og for eit godt læringsmiljø i gruppa og på skolen.*

Vidare står det på s.35:

*Samarbeidet mellom skole og heim er eit gjensidig ansvar, men skolen skal ta initiativ og leggje til rette for samarbeidet. Opplæringslova, forskrift til lova og læreplanverket dannar grunnlag for samarbeidet, og foreldre og føresette skal ha reelt høve til innverknad på eigne barns læringsarbeid fagleg og sosialt.*

*Heimen skal få informasjon om måla for opplæringa i faga, kva fagleg utvikling elevane har i forhold til måla, og korleis heimen kan medverke til å fremme måloppnåinga deira.*

Stortingsmeldingane og Opplæringslova hevdar ei sterk foreldrerolle og eit stort foreldreansvar. Vidare ser me at dei offentlege dokumenta for skule-heimsamarbeidet legg stor vekt på foreldra si rolle i borna sitt læringsmiljø og for læringsresultata. Skulen har plikt til å leggja til rette og invitera til samarbeid.

### **6.1.3 Samfunnsperspektiv**

Samfunnet er i rask endring, og endringstakta ser ut til å auke. Utviklinga av informasjons- og kommunikasjonsteknologi har på mange måtar gitt oss ein ny industriell revolusjon. Kunnskap og kompetanse er avgjerande både for utviklinga av samfunnet og for utviklinga av det einskilde mennesket. Etter kvart har omgrepet ”livslang læring” kome til, og grunnskulen utgjer grunnlaget for kunnskapsbasen som skal til for fylgja med i utviklinga. Grunnlaget for og viljen til vidare læring og menneskeleg utvikling blir lagt i grunnskolen. Både for det einskilde mennesket og for heile samfunnet, er utdanning og læring nøkkelen til suksess.

Det har skjedd store endringar i oppvekstvilkåra for borna dei siste 20-30 åra; familiestrukturen er endra og me har fått fleire typar samlivsformer. Det at fleire kvinner er i løna arbeid har gjort at arbeidslivet er endra. Arbeidsmengda for kvar familie ser ut til å ha

auka og me har fått omgrepet "tidsklemma". Noreg er blitt eit fleirkulturelt samfunn. Levestandarden totalt sett er betra, men det kan likevel sjå ut som nye fattige grupper vert synlege. Desse endringane stiller auka krav og andre krav til skulen, og skulen står andsynes mange utfordringar.

Dugleik og personlege eigenskapar må utviklast for at den einskilde skal kunne meistre livet. Einskapsskulen er ein skule som skal kunne femna om alle. Mellommenneskelege tilhøve og det sosiale livet på skulen vert stadig viktigare. Skulen har eit viktig samfunnsmandat, slik det er gjeve i læreplanverket (LK06). Skulen skal utvikle toleranse, solidaritet og respekt for andre, stimulere elevane til å ytra seg og grunnkje meiningane sine og vere ein stad der elevane får øva seg i å ta del i dei demokratiske avgjerdsprosessane. Ytringsfridommen er svært sentral i det norske samfunnet. Dette er ein del av samfunnsmandatet som det framleis må leggjast vekt på i skulen

Utdanning og opplæring er i vårt samfunn heile tida eit tema for diskusjon i samfunnet. Sjølv om det kan vera usemje om den nasjonale satsinga på utdanning og opplæring til ei kvar tid er stor nok og god nok, må ein kunne seia at vårt samfunn over lenger tid har satsa på skulen; på undervisning og læring. Me har fått kunnskapssamfunnet.

Samfunnet har etter kvart stilt krav til resultat etter ei slik satsing og er ikkje nøgd med stoda for norsk skule slik ho kjem fram til dømes i Pisa-kartleggingane dei siste åra (Pisa-undersøkelsen, 2006-2009). Pisa-undersøkinga syner kartlegging av 15-åringane sin dugleik i matematikk, naturfag og lesing. Det er stor usemje i samfunnet kring verdien av denne typen kartlegging, både når det gjeld innhald, metode og vurderingssystem, og om kva ei slik kartlegging skal brukast til. Det vert likevel referert til Pisa-undersøkinga når ein ynskjer å seia noko om stoda i skulen sett i forhold til andre OECD-land. Samfunnet har ut frå den politiske situasjonen til ei kvar tid, ulike motiv for utdanninga og opplæring, noko som gjer at me også må stilla spørsmål om kva samfunn me vil ha og kva rolle skulen skal ha i samfunnet. Sentrale samfunnsmessige motiv i dag er etter mitt syn:

1. Det instrumentelle motivet i utdanninga, som er å få mest mogeleg kompetanse ut av befolkninga, altså auka fag- og kunnskapsnivå.
2. Det identitetsdannande motivet i utdanninga, som handlar om byggja opp den einskilde si evne til å møte livet personleg og sosialt.

Etter mitt syn er det her ikkje noko anten eller, men eit både og. Eg er oppteken av faga sin sentrale plass i undervisning og læring. Eit god læringsmiljø, med gode relasjonar mellom aktørane i skulen er naudsynt for at læring skal skje. Læreplanverket reflekterer også over

desse tilsynelatande motstridande motiva for undervisning og gjev oss i oppgåve å balansera mellom desse. Då er det etter mitt syn viktig å ta verdidiskusjonen på alvor, ha gode relasjonar til foreldra som er samarbeidspartnarane våre og dela oppgåva og ansvaret for borna med dei.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologien (IKT) har på mange område endra verda. Informasjonssamfunnet er skapt, også i Noreg. Det er grunn til å tru at utviklinga ikkje stoggar her. Stadig opplever me teknologiske endringar, nye løysingar og nye moglegheiter. Ein knivskarp, internasjonal konkurranse om å skape verdier gjennom IKT går føre seg heile tida. Noreg ynskjer å ligge i første rekkje i denne utvikling, no og i framtida. Difor er det viktig korleis samfunnet legg forholda til rette for den einskilde slik at komande generasjonar kan ta del i samfunnsutviklinga og føra dei demokratiske tradisjonane vidare. I denne samanhengen er det heilt naudsynt i undervisning og opplæring, å leggja stor vekt på evna til å stilla spørsmål og øva opp kritisk sans. Utdanning og læring har i vårt samfunn vore sentrale verkemiddel for å sikra stabilitet og solidaritet, noko som er eit kjenneteikn for dei europeiske demokratia me er ein del av.

I eit samfunn i endring, gjennom informasjons- og kommunikasjonsteknologi, har digital kompetanse etter kvart vorte ein grunnpilliar. Læreplanverket Kunnskapsløftet 06 (LK06), har som 5. grunnleggande dugleik å kunne bruke digitale verktøy i alle fag. Skulen skal sikra at elevane får eit grunnlag i digital kompetanse. Kommunikasjon mellom skule og heim vil kan henda, i stadig større grad, gå føre seg gjennom digitale media i framtida. Diskusjonane om det er ei slik utvikling av skulen me ynskjer, må koma. Då kan det vera av interesse å prøva ut ulike reiskap for digitalt skule- heimsamarbeid, hausta erfaring og vera budde.

FN si menneskerettserklæring art. 26, seier at barn har rett til skulegang, og at det er foreldra som har fortrinnsrett til å avgjerda kva slag opplæring borna skal få.

## **6.2 Problemstilling og forskingsspørsmål**

Mi erfaring frå skulepraksis er at foreldre er opptatt av borna sin skulekvardag. Foreldre er oppteken av borna sin personlege og sosiale utvikling; om barnet deira oppfører seg fint i timane, samarbeider med andre elevar, har vener og er ein god ven sjølv. Dei er opptekne av mobbing og det sosiale miljøet i klassen og på skulen.

Foreldre er også opptekne av at dei får god informasjon frå skulen om aktivitetar og andre gjeremål, slik at dei kan ta del i desse og fylgja opp med utstyr og støtta opp om skulen. Det

er mi erfaring at foreldre vil ha halvårsplanar, temaplanar og lekseplanar slik at dei har oversikt og kan fylgja med.

Foreldre er vidare opptekne av dei faglege prestasjonane til barnet sitt. Dei ynskjer informasjon, og at informasjonen skal vere lett å få tak i. Eg ynskjer derfor å setja digitalt foreldresamarbeid på dagsorden, prøva ut It's Learning som reiskap for samarbeid og freista å finna ut om ei slik samarbeidsform kan vera med å stø opp om borna si læring. Med dette som utgangspunkt, har eg utforma ei hovudproblemstilling som inneheld to spørsmål. Under dette har eg to forskingsspørsmål som skal stø opp om hovudproblemstillinga.

Hovudproblemstilling	På kva måtar kan ei digital læringsplattform nyttast i skule- heimsamarbeidet, og korleis kan denne samarbeidsforma vera med å stø opp om borna si læring?
Forskingsspørsmål	Korleis kan ei digital læringsplattform nyttas som reiskap for foreldremedverknad?
	Kva kan dette ha å seia for borna sitt faglege læringsarbeid?

Figur 1: Problemstilling

### 6.2.1 Digitalt skule- heimsamarbeidet på dagsorden?

Skule- heimsamarbeidet står på dagsorden i heim, skule og samfunn. Læreplanverket understrekar dette. Foreldreutvalet i grunnskulen (FUG) er oppteken av reell foreldremedverknad og ein meir open skule. Me ser aktualiteten att i den offentlege debatten både blant politikarar og foreldre og føresette som engasjerer seg. Men me veit at dei ulike aktørane ikkje har same ståstad, at det er ulikt syn på skule- heimsamarbeidet, kva me skal samarbeida om og korleis me skal gjera det.

Dei fleste foreldre er opptekne av borna sitt skulefaglege arbeid og faglege utvikling. Dei ynskjer at borna skal læra dei grunnleggande dugleikane og læra dei kunnskapane som skulefaga inneheld. Foreldre vil at borna skal lukkast, oppleve meistring, få ros og oppmuntring og utvikla ei positiv sjølvoppfatning. Foreldre ynskjer at borna skal realisera potensialet sitt gjennom læring og utvikling.

Som lærar ynskjer eg meir foreldremedverknad. Eg ynskjer dette fordi foreldre er ein viktig del av borna sitt læringsmiljø. Eg ser at elevane sine foreldre har faglege og personlege ressursar som kan koma både det einskilde barnet og skulen til gode. Dette handlar også om demokrati, både for foreldre og for skulen/ læraren. Det handlar om makt og avmakt i skulesamfunnet og kven som eig læringsarenaen. Det er foreldre som har hovudansvaret for borna. Eg ynskjer at dei skal ha dette ansvaret, og kanskje i større grad ta ansvar. Eg



ynskjer ikkje å frata skulen det ansvaret og dei oppgåvene me er sette til, eller fritaka læraren, men eg ynskjer at skulen og læraren i større grad skal ha nokon å dela ansvaret og oppgåva med. Då er foreldra den næraste samarbeidspartnaren.

Eg veit at foreldre er ei mangfaldig gruppe. Det skal dei halda fram med å vera, nett slik borna deira også skal. Det er dette mangfaldet som gjer undervisning og oppdraging så spanande. Eg vil ha litt meir av dette inn i elevane sin skulekvardag, slik at me kan få ei læringsbru mellom heim og skule. Barnefamiliane er i den såkalla tidsklemma. Eg ynskjer ikkje å leggja stein til børa, men foreldremedverknad kan gjera både borna og foreldra tryggare på at ”dette skal gå bra”, og med det kanskje gjera kvardagen noko tryggare for alle. Foreldre har ulike føresetnader og livssituasjonar som ein må ha i tankane og ta omsyn til. Nokon foreldre har ein type ressursar som gjer at dei er aktive og engasjerte same kva fora eller reiskap ein nyttar, medan andre ikkje får løyst ut sitt potensiale i skuleheimsamarbeidet.

Som lærar veit eg også noko om skulekvardagen. Me har ulik fagleg og pedagogisk kompetanse. Skulekvardagen er travel og krava mange. Det er ikkje plass til fleire oppgåver. Då må me bruka kunnskapane våre, rydd plass og prioritera. Nokre gonger må me gå nye vegar, endra på vanar og alltid vera lærande sjølve. Då er det kan hende foreldre som er ”den kompetente andre”, eller også digitale media?

Nye generasjonar foreldre, lærarar og elevar kjem til. Desse har eit anna tilhøve til den digitale utviklinga i samfunnet. Det er all grunn til å tru at denne generasjonen har ein digital kompetanse som eg ikkje har, med born som vert ”the digital natives” (Koschmann, 1996). Men me veit enno ikkje alt om kva slag kompetanse dette er og kva han kan brukast til. Kanskje me i større grad kan utvikla og nytta denne kompetansen i skuleheimsamarbeidet gjennom digital foreldremedverknad. Kan hende vil me gjennom digitale media møta nokon av dei foreldra me ikkje når gjennom det tradisjonelle skuleheimsamarbeidet eller finna nytt engasjement. Målet er at samarbeidet mellom heim og skule skal medverka til skulefagleg læring og sosial og personleg utvikling for alle.

### **6.3 Kontekst**

Eg arbeider i grunnskulen på mellomtrinnet. Skulen er ein 1 til 7 skule med ein klasse på kvart trinn. Skulen ligg i ein innlandskommune med 14 000 innbyggjarar . Hovudnæringane er turisme, service og jordbruk. Kommunen er vid og har mange små bygder, men med eitt definert sentrum. Det er tradisjon i kommunen for ”ein skule i kvar bygd”, men denne skulestrukturen er i endring.

Sjølv om den norske skulen vert rekna for å vera i verdstoppen når det gjeld tilgang på digitalt utstyr, infrastruktur og fagleg gode læringsressursar, er det framleis store skilnader ute i landet både mellom kommunar og mellom skular. Mange av oss som arbeider i grunnskulen opplever at me heng etter i utviklinga både teknologisk og pedagogisk. Arbeidsplassen min har ikkje vore nokon ”Pilot”-skule, og kommunen eg tilhøyrrer har etter mitt syn vore ein etternølar i lang tid. Kommunar over heile landet har investert i ei digital læringsplattform. Kommunen min har valt It’s Learning, og skulen er i startfasen for å ta i bruk denne læringsplattforma. På dette tidspunktet hadde eg sjølv noko kjennskap til ITL, men ikkje den heile oversikta. Eg hadde t.d. ikkje brukt ITL i skule- heimsamarbeidet.

Denne forskingsundersøkinga går føre seg i ein 7. klasse år 2012/ 2013. Det er 18 elevar i klassen, 7 jenter og 11 gutar. Me har 1 ½ kontaktlærarstilling, der eg dette skule året har den halve. Eg har vore lærar i denne klassen i fleire år, så eg kjenner elevane og foreldra deira godt. Eg opplever at eg har eit godt med samarbeid med foreldra, den andre kontaktlæraren i klassen og dei andre lærarane på skulen.

#### **6.4 Avgrensing**

Ulike digitale media kan nyttast i skule- heimsamarbeidet som t.d. mobiltelefon/ sms, e-post, sosiale media/ blogg og heimeside. Eg vil fokusera på Learning Management Systems – i norsk dagleg tale LMS eller digital læringsplattform. I den fylgjande teksten nyttar eg LMS og digital læringsplattform om det same (Senter for IKT i Utdanningen, 2011). I forskingsprosjektet mitt nyttar It’s Learning som digital plattform korta til ITL og eg undervegs nyttar begge termane parallelt.

Undersøkinga tek for seg foreldremedverknad i borna sitt faglege læringsarbeid og er avgrensa til barne- og mellomtrinnet. Læringsarbeid er her skulefaglege prestasjonar og sosial og personleg utvikling. I dette prosjektet er læringsarbeidet lagt til norskfaget i 7.klasse. Elevane skal tileigna seg digital dugleik i alle fag. Kommunen har valt læringsplattforma It’s Learning som satsingsområde. Elevane skal etter 7.klasse kunna bruka It’s Learning som ein reiskap for fagleg læringsarbeid, skriva digitalt og levera skriftleg arbeid på It’s Learning. Elevane skal få arbeidet sitt evaluert av læraren på læringsplattforma. I forskingsarbeidet vil eg sjå om foreldra vil ta del i det faglege læringsarbeidet gjennom å bruka ITL sjølve.

### 6.4.1 LMS

LMS er ei forkorting av det engelske ”Learning Management Systems” som ein ofte omset til norsk med ”digital læringsplattform” eller i daglegtale som LMS. Omgrepa LMS og digital læringsplattform vil hjå meg verta nytta likeverdig. UNINETT ABC (Senter for IKT i Utdanningen, 2011), definerer LMS slik i rapporten *Må ha det, bare må ha det! – Om Learning Management Systems* på s.2:

*Et LMS er et utvalg av verktøy for å støtte læringsaktiviteter og administrasjonen av dem. Verktøyene er teknisk integrert i en felles omgivelse med en felles database, og har derfor delt tilgang til dokumenter, statusinformasjon og annen informasjon. De er videre presentert gjennom et enhetlig webbasert brukergrensesnitt, hvor de opptrer visuelt og logisk konsistent overfor brukeren.*

Eit LMS er i utgangspunktet eit verktøy som er laga for å støtta opp om og administrera prosessar rundt e-læringa (Håland, 2007). LMS-et ligg som eit skal rundt eit fagleg innhald der ulike verktøy og program kan stø læringsaktiviteten. I LMS-et ligg funksjonar for skriftleg kommunikasjon, informasjon og administrasjon. Verktøyet digitale mapper, er bygd opp for vurdering og evaluering. Når ein tek i bruk digitale mapper, vil LMS-et kunna kopla saman eleven sitt arbeid med kommentar frå læraren. I andre høve kan ein kopla saman fleire elevar til samhandling og deling, og foreldre kan få tilgang og med det fylgja opp elven i læringsarbeidet. I LMS-et ligg det verktøy for å samla eigne fagressursar, både digitale og analoge, og å legga peikarar til andre nettbaserte program og nettsider. Med dette kan læraren laga ein database for kunnskap og informasjon som ein kan lagra og bruka om att, eller dela med andre. Administratoren avgjer kven som skal ha tilgang til stoffet og kan lukka eller opna for dei ulike aktørane, der foreldre også bør vera representerte (Senter for IKT i Utdanningen, 2011).

Eit LMS samlar altså ulike verktøy i ein sams digital omgjevnad. Læraren eller administratoren kan til ei kvar tid avgjera sjølv kva for funksjonar i LMS-et ein vil nytta i eit fag, i ein undervisningssituasjon eller i samhandling med andre. Når informasjon, oppgåver og fagressursar er opna for eleven, er det tilgjengeleg uavhengig av tid og stad. LMS-et kan vera med å skapa fleksibilitet kring kor læringa skal gå føre seg og kven eleven kan samarbeida med. Det er opp til dei ulike aktørane i skulesamfunnet å fylla opp med høveleg innhald for pedagogisk bruk. Aktørane må ha passord og brukarnamn for å ha tilgang til LMS-et. Dette gjer LMS-et til eit lukka system som med medviten bruk er eit trygt system.

### 6.4.2 Undervisningsopplegget "Grip Boka!"

Undervisningsopplegget eg nyttar i samband med forskingsprosjektet mitt heiter: "Grip Boka!" - Litteraturprosjekt med ITL som digital læringsplattform (Vedlegg, 93). I ein periode på fem veker skal 7.klasse ta del i eit litteraturprosjekt frå Leselyst A/S, "Grip boka". Dette er eit undervisningsopplegg som tek sikte på å halda fram med lesestimulering, leseutvikling og leseglede på mellomtrinnet. Elevane skal ha høve til å arbeida med dette prosjektet to skuletimar kvar dag med vekt på lesing og skriving. Lekse i norsk skal vera innanfor dette opplegget. Elevane skal lesa bøker som dei vel sjølve, skriva samandrag frå det dei les og bokmelding til slutt. Elevane skal levera skriftleg arbeid på It's Learning. Andre aktivitetar er læresamtale, miljøskildring, personskildring, tankekart.

Eg har valt å bruka denne perioden til forskingsprosjektet mitt. På klassen si opne side på ITL, vil eg i denne perioden leggja informasjon om "Grip Boka", litteraturliste, ein periodeplan over prosjektet og generelle mål for perioden. Elevane vil også finna tilleggsoppgåver her og linkar til hjelpemiddel dei kan bruka. Då kan både elevane og foreldre sjå kva som fagleg skal ligga til grunn for arbeidet, og eventuelt kommentera, stilla spørsmål og koma med framlegg.

### 6.5 Oppbygging av oppgåva

Det fyrste eg ser nærare på i oppgåva mi er tidlegare forskning på området. I kapittel 7 har eg presentert tre masteroppgåver som handlar om skule- heimsamarbeidet. Eg har referert til ein FoU-rapport om IKT i skule- heimsamarbeidet og ein forskingsrapport frå senteret for IKT i utdanninga, ITU, om prinsipp for kva foreldre skal ha innsyn i.

Eg har eit avsnitt om nasjonal og internasjonal forskning med utgangspunkt i offentlege dokument som syner noko av den forskningstradisjonen som den norske skulen byggjer på.

I kapittel 8, teoretiske perspektiv, set eg undersøkinga mi inn i ein større samanheng og i ein teoretisk tradisjon. Eg tek utgangspunkt i ein sosiokulturell læringsteori, foreldremedverknad, dialog og danning og den digitale dimensjonen i dette.

Kapittelet om metode skildrar kvalitativ forskingsmetode og aksjonsforskning som design.

I kapittel 10 gjer eg greie for aksjonslaupet. Dette er sjølve forskingsarbeidet og undervisningsopplegget i oppgåva. Vidare presenterer eg dei funna eg har gjort undervegs. Dette er eit omfattande materiale og vanskeleg å ha oversikten i, så i dette kapittelet har eg valt å oppsummera og starta analysearbeidet. Analysearbeid held fram i neste kapittel,

kapittel 12 - drøftingar. Her freistar eg å analysere og drøfta resultatane eg har fått andsynes hovudproblemstillinga og forskingsspørsmåla i eit teoretisk perspektiv.

Til slutt trekker eg konklusjon og ser på vegen vidare. Eg oppsummerer kva eg har lært og peikar på kvar eg kan endra praksis. Vidare peikar eg på område det kunne vere interessant å forska meir på framover.

## 7 Tidlegare forskning

Det er allereie forska ein del på IKT i skule- heimsamarbeidet, særleg på masternivå og i offentlege rapportar. Det synest for meg som forskingsresultata om IKT i digitalt heim-skule samarbeid handlar om informasjonsflyt til heimen, sosialt utviklingsarbeid på skulen og administrering av lærestoff (Thrane, FoU R 49/2002). Eg har til no funne mindre om på kva måtar ei digital læringsplattform kan nyttast til å gje foreldremedverknad og korleis denne samarbeidsforma kan vera med å stø opp om borna si faglege læring. Fleire av masteravhandlingane og rapportane eg har tatt med, peikar på at foreldra er pådrivarar for å få meir fagleg innsyn, ikkje læraren.

### 7.1 Masteroppgåver

**IKT og en døgnåpen skole** (Karlsen, 2006). Forfattern tek utgangspunkt i offentlege styringsdokument for skulen som uttrykkjer forventningar om at IKT har eit potensiale som ein tilleggs kanal i heim- skulesamarbeidet. Han skriv i stor grad om informasjonsflyt, men under resultatane av undersøkinga kjem det fram at foreldre ynskjer at det digitale samarbeidet også skal femna om deltaking i det faglege læringsarbeidet. Vidare tek han utgangspunkt i foreldreutvalet for grunnskulen (FUG), som meiner at foreldre er ein ressurs i dette samarbeidet. Foreldre ynskjer ein skule som er meir open ut mot samfunnet. Forfattern kjem med påstand om at foreldre ynskjer ein døgnopen skule.

**Foreldre – lydige funksjonærer eller ressurs i skolen?** (Lyngvær, 2008).

Hovudkonklusjonen i denne oppgåva er at mykje tydar på at foreldra opplever informasjonsflyten som god, men at det er tendensar til at lærarane ikkje ser på den faglege og pedagogiske praksisen som gode samarbeidsområde. Foreldre vert difor sjeldan inkluderte i skulen sitt indre liv.

**Kunnskapsløftet og hjem-skole-samarbeidet** (Dhüring, 2009). Masteroppgåva er i fyrste rekke ei analyse av *”betingelser for hjem-skole-samarbeidet i et flerkulturelt samfunn”*, og

analyserer korleis føresetnadene for heim-skule-samarbeidet kjem fram i LK06. Hovudkonklusjonen i masteroppgåva er at sjølv om LK06 peikar på at heim-skule-samarbeidet er ein sentral del av læringa, kan det sjå ut som at: ” *Kunnskapsløftet består av lite konkrete begreper og vage formuleringer.... (som) ....kan føre til individuelle tolkninger for gjennomføringen av læreplanen.* ” Læreplanen er altså ikkje konkret nok når det gjeld korleis og på kva nivå skule heimsamarbeidet skal gå føre seg og kva det skal samarbeidast om.

Desse tre masteroppgåvene har forskning og undersøkingar som er interessante for meg og som eg har nytta som bakgrunnsmateriale i arbeidet mitt. Skilnaden på desse oppgåvene og mi oppgåve er at eg nyttar ei digital læringsplattform som reiskap. Eg skriv ikkje om IKT generelt, men spissar forskinga mi inn mot bruk av It's learning. Vidare har eg i oppgåva som raud trå å ha fokus på foreldremedverknad og konsekvens for læring.

## 7.2 Rapportar og undersøkingar

**IKT i skole – hjem samarbeid – Tanken har bare ikke slått meg** (Thrane, FoU R 49/2002). Rapporten presenterer ulike perspektiv på IKT og skule- heimsamarbeidet, og slår fast at IKT kan spela ei rolle for å styrka relasjonane mellom heim og skule. IKT må likevel ikkje erstatta gjeldande kanalar og andlet til andlet kommunikasjon. Fylgjande hovudområde for IKT samarbeid vert skissert:

- Kommunikasjonskanalar og rutinar
- IKT til fagleg innsyn
- Styrking av dagleg kontakt og oppfølging
- Nye samhandlingsarenaer

Rapporten syner at det er ulikt syn mellom lærarar og foreldre på kva rolle IKT kan spela i skule- heimsamarbeidet, der foreldra i større grad enn lærarane ser potensialet.

Rapporten **Foresattes tilgang til skolens digitale læringsplattform - Forslag til beste praksis** (Senter for IKT i utdanningen, 2010), handlar om viktige prinsipp for kva foreldre skal ha innsyn i og korleis dette kan gjerast.

**Foreldreutvalget for grunnskolen, Fug:** Digital dialog mellom heim og skule har gode døme og råd for digitalt samarbeid og viser til fleire skular som nyttar ulike digitale verktøy i skule- heimsamarbeidet. [www.foreldrenettet.no](http://www.foreldrenettet.no).

### 7.3 Forsking på nasjonalt og internasjonalt nivå

Noreg som nasjon satsar mykje på forskning og utviklingsarbeid (FoU) knytt til undervisning og læring. Noreg samarbeider i forskingsarbeidet med dei nordiske landa, med EU og med dei fleste landa globalt, og utvekslar kunnskap og lærdom med desse. Stortingsmelding nr.14, ”Om foreldremedverknad i grunnskolen”, referer til store forskingsprosjekt, gjort m.a. i Canada, USA og Skottland, som dokumenterer at holdningane og handlingane til foreldra er avgjerande for elevane sin motivasjonen for å læra (Stortingsmelding nr. 14 Kap. 4.2, 1997-98).

Eg har valt å ta med nokre utdrag frå stortingsmeldinga, som handlar om forskingsarbeid som er gjort og som den norske skulen byggjer på:

Frå Canada

*I eit omfattande kanadisk forskingsprosjekt (Colemann og Collinge) har ein sett på korleis tilhøvet mellom foreldra og skolen påverkar holdningane hos barna til skolen og til læring. Prosjektet understrekar også at skolen ikkje kan erstatte det avgjerande sosiale livet i familien, men skolen og lærarane kan vere merksame på den innverknaden det sosiale livet har, og vere imøtekomande overfor medverknad og samarbeid frå foreldra.*

Frå USA

*Staten Iowa i USA har laga ein rapport om foreldreengasjement i utdanninga («Parent Involvement in Education: A Resource for Parents, Educators and Communities»), der ein summerer opp ulike undersøkingar frå Epstein (1991 og 1992), Henderson (1987), Davies (1988) og Lontos (1992). Hovudkonklusjonen er at når foreldra samarbeider med skolen, er det ein fordel for alle: For eleven er det ein fordel fordi det mellom anna fører til:*

- *meir positive holdningar til skolen*
- *betre resultat i lesinga*
- *betre heimearbeid*

*For foreldra er det ein fordel fordi det fører til at dei:*

- *får idear frå skolen om korleis dei skal hjelpe barnet*
- *lærer meir om kva elevane lærer, og om korleis skolen fungerer*
- *støttar barna betre*
- *blir meir sikre på korleis dei skal hjelpe barna med å lære*

- *får eit meir positivt syn på lærarane*

*For lærarane og skolen er det ein fordel fordi det fører til at:*

- *lærarane får moralsk støtte til undervisninga*
- *foreldra ser meir positivt på lærarane*
- *lærarane ser på foreldra som meir hjelpsame*
- *resultatet blir betre for elevane*
- *foreldra støttar skolane*

Frå Skottland

*Den skotske pedagogen og forskaren, Alastair Macbeth, som har arbeidd svært mykje med samarbeidet mellom heimen og skolen, seier at samarbeidet er viktig av fem grunnar:*

- *Foreldra har etter lova ansvaret for utdanninga til sine eigne barn.*
- *Mesteparten av opplæringa skjer utanfor skolen, spesielt heime. Skolen og heimen bør samarbeide, slik at ein kan utnytte heimelæringa som ein ressurs.*
- *Undersøkingar indikerer at læringa i familien påverkar effektiviteten i opplæringa på skolen på ein positiv måte.*
- *Læraren er ein agent for utdanningsstyresmaktene og skal undersøkje om foreldra gjennomfører sine plikter. På den måten blir læraren eit sikringsnett i utdanninga for elevar med foreldre som ikkje tek vare på barna sine.*
- *Det er demokratisk fornuftig at foreldra har innverknad på viktige tilhøve i skolen, men ikkje nødvendigvis avgjerdsamt.*” (Stortingsmelding nr. 14 Kap. 4.2, 1997-98).

Same stortingsmelding viser også til ein OECD-rapport frå 1997, kalla «Parents as partners in schooling», som analyserer samarbeidet mellom heimen og skulen i ni OECD-land. I rapporten vert det sterkt tilrådd å utvikla samarbeidet («partnership») mellom skulen og heimane på alle nivå (Stortingsmelding nr. 14 Kap. 4.2, 1997-98).

## **7.4 Oppsummering**

Forskingarbeid i grunnskulen frå fleire land syner at foreldra har ei sterk interesse av skulegangen til sine eigne barn, og at dette er svært viktig både for skulemotivasjonen og for vidare val av skule. Foreldra har ansvar for sine eigne barn, og med den viktige rolla foreldra har i utviklinga til barnet, har foreldra rett til også å kunne påverke det som skjer i



skulen. Ei positive interesse hjå foreldra har meir å seie for utbyttet av skulegangen enn noko anna. På skulen skal det vera eit samarbeid mellom to likeverdige partar, der begge partane er like viktige både for eleven og for det samfunnet eleven skal vekse opp i. Departementet ser samarbeidet mellom heim og skule, og ei styrking av foreldreengasjementet, som viktig for å utvikla skulen vidare.

## 8 Teoretiske perspektiv

Bak dei teoriane som er utvikla om skule- heimsamarbeid, IKT og læring, ligg det mykje forskings- og utviklingsarbeid gjennom mange år både nasjonalt og internasjonalt. Eg har tidlegare presentert noko av den forskinga som den norske skulen byggjer på. Mitt tilskot vert å syna fram og analysa eit lite stykke praktisk forskingsarbeid frå skulekvardagen og plassera dette i ein teoretisk tradisjon. Til dette har eg valt Thomas Nordahl om dei tre nivåa i skule- heimsamarbeidet og Per Arneberg om dialog og danning. Eg har valt å trekka fram Jan Spurkeland som mellom anna skriv om relasjonane i eit godt læringsmiljø, der foreldre har ei sentral rolle. Sidan eg knyter den digitale foreldremedverknaden til barnet deira si læring, treng eg læringsteori og finn min plass i hovudsak innan dei sosiokulturelle læringsteoriane.

### 8.1 Sosiokulturell læringsteori

Læreplanverket Kunnskapsløfte -06 byggjer for ein stor del på sosiokulturelle læringsteoriar. Vygotsky, Bruner og Mead byggjer på ei forståing av at det er den sosiale gruppa og fellesskapet som den einskilde er ein del av, som er sjølve utgangspunktet for læring. Alle er forankra i ein kultur og eit fellesskap og måten me handlar på i ulike situasjonar påverkar vårt feste til kulturen. Slik er det også i læring. Me må sjå på læring i ein sosial samanheng, i interaksjon og i relasjon med andre. Samspel har ei handlingsside, ei kommunikasjonsside og ei tilknytningsside, som også er nøkkelord for skule- heimsamarbeidet (Dysthe, 2008).

Bruner er ein av dei som lanserte teorien om å bygga stillas kring læring. Stillas i borna si læring, vert i denne samanheng å hjelpa eleven og stø opp om læringsprosessane, til dømes av ein annan som i ein samanheng har meir dugleik. Hjå Vygotsky er dette ”den kompetente andre”. Vygotsky lanserte også teorien om ”den proksimale utviklingssona”, som er den fasen eleven er i når ho strekkjer seg mot læringsmålet, får eit ”puff over kanten” og læring

skjer. Dette er viktige sider ved sosial læringsteori i praksis. Språket vert sentralt, og i min samanheng vert dialogen - den gode samtalen - ei utfordring (Dysthe, 2008).

Skulen som organisasjon, foreldre og elevar som gruppe, er ein del av samfunnet vårt og handlande i samfunnet. Uri Bronfenbrenner sin økologiske utviklingsmodell og Anton Hoøm sin sosialiseringmodell, kan til dømes nyttast for å setta skule- heimsamarbeid inn i eit demokrati- og samfunnsperspektiv (Karlsen, 2006).

Innafor dei sosiokulturelle læringsteoriane har me det siste tiåret fått ein god del forskingsresultat på digital samarbeidslæring og digital kompetanse. Dette gjeld både nasjonalt og internasjonalt. Datastøtta samarbeidslæring (DSSL eller CSCL) byggjer på eit sosiokulturelt perspektiv på læring. Samarbeid med datamaskina og samarbeid kring datamaskina, kolaboration og Kooperation, der nettsamhandling, praksisfellesskap, sams problemløysing og deling av kunnskap er nøkkelord for læringsprosessen (Koschmann, 1996). Læring skjer i rommet mellom aktørane på internett, der ein legg vekt på språk, læringsmiljø og sosial kontekst.

Roger Säljö skriv om ”læringens karakter”, at det er: *å forstå dei hendingane og samanhengane der individ og kollektiv endrar sin måte å handsama og forstå omverda si på, dei situasjonane der dei transformerer både seg sjølv og omverda* (Säljö, 2006). Han ser også på læring i eit sosiokulturelt og historisk perspektiv. Sentralt hjå han er korleis individ og kollektiv tileignar seg, utviklar og vedlikehelt samfunnsmessige erfaringar, i eit kollektiv der også foreldra har ei sentral tilhøyrse. Vidare skriv Säljö at meir enn nokon gong i vår skulehistorie kan me seia at eleven er deltakande og ansvarleg og med på å konstruera sin eigen kunnskap gjennom:

- å gjera erfaring, gjenta erfaringane, trekka konklusjonar, resonnera, generalisera, skapa
- samfunnsmessige samanhengar: omgjevnader, historie, tradisjon, makt, kultur
- sosial samhandling: andre menneske, kommunikasjon, tenking, reiskap/artefaktar
- indre og ytre strukturar
- å tileigna seg kunnskap, innsikt, dugleik (Säljö, 2006).

Om pedagogikken seier Ola Erstad i boka *Digital kompetanse i skolen*:

*For meg handler pedagogikk i bunn og grunn om kommunikasjon og meningsskapning. Begreper som læring, informasjon og kunnskap blir utledet fra visse perspektiver på kommunikasjon. Kommunikasjon har nemlig frå latin to ulike betydningsreferanser: Den*

*ene, communicare som betyr overføring og formidling. Den andre, communico, betyr å gjøre noe til felles eiendom, eller at jeg deler* (Erstad, 2010).

Eg ynskjer å fokusera på *communico*, og i det vidare arbeidet dela kunnskapane om eleven med foreldra og gjera reiskapane for kommunikasjon til felles eige.

## 8.2 Foreldremedverknad

Thomas Nordahl (Nordahl, 2007) skriv i boka si *Hjem og skole. Hvordan skape et bedre samarbeid?* om tre nivå for heim-skule samarbeidet:

- Informasjon: gjensidig utveksling av informasjon
- Dialog: reell og ærleg kommunikasjon mellom heim og skule
- Medverknad og medråderett

Foreldre er opptekne av at dei får god informasjon frå skulen om borna sin faglege og sosiale utvikling, og om aktivitetar og andre gjeremål på skulen. Dei ynskjer å vera orienterte, slik at dei kan ta del i fellesaktivitetar og fylgja opp med utstyr og å støtta opp om skulen. Det er mi erfaring at foreldre vil ha halvårsplanar, temaplanar og lekseplanar slik at dei har oversikt og kan fylgja med.


I skule- heimdialogen er det viktig at foreldra si stemme vert høyrd, at dei vert trudd på og at kommunikasjonen mellom foreldre og lærar vert prega av gjensidig respekt. Målet er ikkje å vinna ein diskusjon, men å koma fram til semje om tilhøve som gjeld eleven, undervisninga, læringsmiljøet og skulesamfunnet. Det vil vera nyttig å ha etiske reglar og kriterium som grunnlag for ein slik dialog.

Per Arneberg har i sin artikkel *Dialog og dannelse* nokre framlegg til kriterium for ein god dialog (Arneberg, 2004):

1. prøva å forstå kvarandre – ikkje manipulera
2. at partane snakkar sant
3. samtalen skal ikkje brukast til å samla opplysningar som seinare kan brukast som maktmiddel
4. tid til samtale og refleksjon
5. medviten sitt eige standpunkt og at andre kan ha eit anna
6. medviten det asymmetriske makttilhøvet mellom lærar og foreldre

Arneberg peikar på pedagogen sitt særskilde ansvar i dialogen som innehavar av innsikt i det ...kompliserte pedagogiske feltet, og seier vidare: *Alt ein gjer som pedagog står i eit ansvarstilhøve der barn og unge er den grunnleggande utfordringa* (Arneberg, 2004).

I denne samanhengen ynskjer eg å fokusere på medverknad og medråderett. Medverknad vil mellom anna seia at samarbeidspartane kan påverka den pedagogiske praksisen og dei avgjerder som vedkjem elevane. Dette inneber at foreldra si meining vert tatt omsyn til, at foreldra sin kompetanse vert brukt og at foreldre vert ein ressurs for borna sine og for skulen. På den måten kan foreldre ivareta ansvaret for borna, og ha .....*reelt høve til innverknad på eigne born sitt læringsarbeid fagleg og sosialt*, slik det står i opplæringslova. Foreldremedverknad handlar ikkje om at skulen skal gje frå seg sine oppgåver, sitt ansvar og mandat og delegera alt bort eller gå over til fullstendig brukarstyring. Medverknad er i fylgje Thomas Nordahl *den høgaste form for samarbeid* og handlar om å oppretta eit partnarsskap mellom aktørane i heim- skulesamarbeidet, der aktørane er foreldra og lærar/skule (Nordahl, 2007).



Figur 2: Syner tilhøva mellom samarbeid og makt (Nordahl 2007)

Thomas Nordahl peikar også på ulike typar samarbeid (Nordahl, 2007):

- Det representative: Enkeltforeldre er valt til å representera gruppa i skulen sine fora
- Det direkte samarbeid: Møte mellomforeldre og lærar
- Det kontaktlause samarbeidet: Foreldrerolla i heimen – foreldrestøtte til borna sine

Tabellen nedanfor (Nordahl, 2007) og syner kriteria og nivå i samarbeidet:

Ulike nivå i samarbeidet	Formalisering Reglar for samarbeidet	Felles mål	Pliktkjensle og oppfyljing Lojalitet	Felles avgjerder Autonomi
Informasjon	+	-	-	-
Dialog	+	-	+	-
Medverknad og medråderett	+	+	+	+

Figur 3: Foreldremedverknad på dei ulike nivå, + tyder vektlegg og - tyder vektlegg ikkje

Foreldremedverknad på dei ulike nivå vil kunna variera gjennom eit skuleliv, i ulike fag, periodar og samanhengar. Avklaringar og kriterium for samarbeidet er naudsynt. Sjølv om foreldremedverknad byggjer på både dialog og informasjon, vil eg i denne samanhengen fokusera på foreldremedverknad.

Jan Spurkeland si bok *Relasjonspedagogikk. Samhandling og resultater i skolen* (Spurkeland, 2011), handlar om kva som mest påverkar læring hjå elevane, og Spurkeland peikar på relasjonane mellom hovudaktørane i skulen som det viktigaste grunnlaget. Han er m.a. uroa over fråfallet i vidaregåande skule og tendensen til svakare og fallande faglege læringsresultat. Han ynskjer å gje lærarane pedagogiske reiskap for å lukkast med tilpassa opplæring og betre læringsmiljø slik at kvaliteten på læringsarbeidet vert betre. I denne samanhengen peikar han på læraren sin relasjonskompetanse som avgjerande for å lukkast i undervisninga. Relasjonen mellom lærar og elev er den viktigaste faktoren for læring.

Hjå Spurkeland er relasjonspedagogikk *...en pedagogikk som omfatter all samhandling i skolen for elevens beste. Gjennom gode relasjoner skapes det beste grunnlaget for læring og utvikling. Relasjonen elev-lærer skaper mest. Relasjonskompetanse er Ferdigheter, evner og holdninger som etablerer, utvikler, og vedlikeholder relasjoner mellom mennesker.*

Jan Spurkeland byggjer på to store meta-analysar som fundament for relasjonspedagogikken (side 18 og 19):

*Lærerkompetanser i elevers læring i førskole og skole.* Dette er et Systematisk Review utført for Kunnskapsdept, Oslo, 2008 av Dansk Clearinghouse for Uddannelsesforskning v/ Universitetet i Aarhus, S.E Nordenbo m.fleire. Denne undersøkinga *omfatter 70 ulike undersøkelser hentet fra de siste 10 års viktigste empiriske forskning på de viktigste lærerkompetansene som bidrar til elevers læring.*

*Visible learning,* John Hattie v/ Universitetet i Auckland, New Zealand, 2008. Dette er ein kvantitativ analyse over 15 år: *Verdens mest omfattende skoleundersøkelse med studium av 52 000 undersøkelser av hva som påvirker læringsresultater og omfatter 83 mill. skolebarn:*

Dette er store og oppdaterte analysar som det også vert referert til frå kunnskapsdepartementet og i stortingsmeldingar. Analysane byggjer på studie der eleven sitt læringsutbyte vert sett i samheng med læraren sin kompetanse. Her vert det ikkje sagt noko om på kva måte læraren skal tileigna seg kompetanse, men ein stiller spørsmål ved lærarutdanninga i dag. I fylgje Spurkeland vert dialogen og relasjonen mellom lærar og elev poengtert. Vidare at den norske skulen har tradisjonar for å byggja relasjonar, men ikkje i

stor nok grad for dialog mellom elev og lærar. Her er det særleg vektlegging av eleven sine tilbakemeldingar til læraren som har mangla.


Dette er analysar som eg ikkje har sett meg grundig nok inn i, og som eg ikkje kan referera til direkte. Eg vil ikkje utan vidare stilla meg ukritisk til dei konklusjonane som vert trekte fram ut frå resultatane av analysane og måten dei vert nytta av skulepolitikarar og andre i dag. Eg har likevel valt å nemna dei. I min samanheng er det Jan Spurkeland sitt mål om å finna reiskap som læraren kan bruka for å lukkast med eit betre læringsresultat, som er av interesse.

Jan Spurkeland skriv om skulen som samhandlingsarena og relasjonane mellom partane i samhandlinga. Han skil mellom to nivå i relasjonane i skulen: primærrelasjonar og sekundærrelasjonar. Primærrelasjonane har mest å seia for læring og trivnad, medan sekundærrelasjonane er støtterelasjonar. I primærrelasjonane finn me heimen og samhandling med foreldra. Samarbeidet med heimen og kontaktlæraren sin relasjon til foreldre er ein del av fundamentet for eit god læringsmiljø, nest etter relasjonen mellom lærar og elev. Å arbeida med skulen sine haldningar til heimen som ein viktig medspelar, må byggja på tillit til foreldre som ekspertar på sine egne barn. (Spurkeland, 2011)

Jan Spurkeland plasserer primær- og sekundærrelasjonane i eit relasjonskart. Eit relasjonskart kan ein ha anten for ei gruppe, ein klasse eller ein enkeltelev. I relasjonskartet set ein inn dei partane som er sentrale og markerer styrken på relasjonane.

Relasjonskartet er eit analyseverktøy for å kartlegga sterke eller mindre sterke relasjonar. Spurkeland snakkar om relasjonane si trekkraft og om ei trekkraftstang. Skulen eller læraren treng *drahjelp* for å utføra jobben med å betra læringsmiljøet. Det er bygging av relasjonar slik at kreftene verkar i same lei, relasjonane si trekkraft, som er Spurkeland sin agenda. Trekkraftstanga syner kva relasjonar som har innverknad

på eleven si læring og som er *drahjelp* for læraren. Illustrasjonen syner foreldre sin sentrale plass i trekkraftstanga.



Figur 4: Skjermdump henta frå Elin Gullesen Bratt: Klasseledelse Relasjonspedagogikk Relasjonskompetanse Namsos 25.11.11

Som Thomas Nordahl, meiner også Jan Spurkeland at skule- heimsamarbeidet er eit forsømt område og at foreldre er ein lite nytta ressurs i skulen. Det ligg eit potensiale for endring og betring gjennom skule- heimsamarbeidet. Det må etablerast relasjonelle band for at foreldre skal få auka medverknad og med det auka engasjement i eleven sitt læringsarbeid. I dette ligg læraren sin relasjonskompetanse. Av dette fylgjer mellom anna læraren sin evne til refleksjon over eigen praksis og endring av denne (Spurkeland, 2011).

Det digitale mediet skal verka til å løfta samarbeidet opp på nivået for medverknad. Digitale media utviklar seg, noko som gjer det mogeleg å dela og å gjera noko til felles eigedom, slik at ein delingskultur kan utvikla seg i skule- heimsamarbeidet. Kva foreldre og føresette skal ha innsyn i av eleven sine arbeid, kor mykje og kva skulen skal gjera tilgjengeleg gjennom LMS, vil vera eit drøftingsområde. Kva er trygg og rettferdig bruk, skal læraren vera lojal mot eleven, skulen eller heimen? Kan/ treng dette verta eit konfliktområde? Senter for IKT i utdanninga har laga eit rettleiingsdokument for skule- heimsamarbeid på dette området (Senter for IKT i utdanningen, 2010). Eit LMS er eit verktøy som kan styrka læringa, integrera IKT i undervisninga på ein heilskapleg måte og gje ein ny læringsarena. I denne arenaen for læring er foreldre og føresette viktige ressursar. Men det er også viktig å understreka at LMS berre er eitt av mange digitale verktøy.

Interaktivitet er ein sentral og spesiell eigenskap, eller eit særskild karaktertrekk som ein ofte knyter til digitale media. Interaktivitet skil digitale media frå andre media. Graden av interaktivitet er på sett og vis eit kvalitetskriterium for eit digitalt media; høg grad av interaktivitet gjev eit pluss til mediet. Denne eigenskapen er det også naudsynt å knyta til digital foreldremedverknad. Men kva er det me tenkjer på som interaktivitet? Er det å klikka på musepeikar, oppgåver med direkte respons om rett eller feil svar, skriftleg tilbakemelding, vekeplan på digital plattform, kommunikasjon mellom aktørar og samarbeid mellom elvane med pc som felles verktøy? Kva kriterium og føresetnader må til for at det skal vera interaksjon i skule- heimsamarbeidet gjennom den digitale læringsplattforma?

Interaktivitet kjem av *interaksjon* som tyder vekselverknad, påverknad, samspel (Wikipedia, u.d.). Interaktivitet gjer det mogeleg for brukaren å påverka innhald og form i eit medium. Reaktiv interaktivitet gjev brukaren høve til å starta eller stoppa ferdige program utan å ha påverknad på innhaldet. Proaktiv interaksjon er eit meir dynamisk tilhøve, der eigenskapane samspel og vekselverknad er sentrale. Den symbioaktive interaksjonen likestiller brukarane eller brukar og produsent, der partane har gjensidig høve til å utvikla eller vidareføra innhald og verta medskapande.

I LMS-et finn ein fleire verktøy som gjev høve til interaktivitet, dialog og kommunikasjon mellom foreldre og lærar, som t.d. bloggfunksjon, digitale mapper og e-post. Ein kan også organisera ulike rom eller fora. Men eit LMS har nokon avgrensingar i systemet sitt med tanke på full symbioaktiv interaksjon, då form, design og struktur er gitt. Dersom me ser på digital foreldremedverknad, vil det etter mitt syn vera vanskeleg å oppnå symbioaktiv interaksjon, og det vil kan hende vera meir ynskjeleg å heller ligga tett opp til den proaktive interaksjonen i denne samanhengen. Noko av kritikken mot LMS går nettopp på at LMSet ikkje har gode nok eigenskapar for interaksjonen, at det fins andre digitale media som dekker denne verksemda meir effektivt. LMS vert også kritisert for å vera for tungvint og innfløkt i høve til andre digitale kommunikasjonsmåtar. I ein pedagogisk samheng vert det hevda at eit LMS allereie er gammaldags teknologi som sementerer den tradisjonelle pedagogikken.

### 8.3 Oppsummering

I kapitlet **Teoretiske perspektiv** har eg trekt fram ein teoretisk ståstad for det pedagogiske arbeid og for forskingsprosjektet som eg skal presentera. Eg kunne valt annleis, men meiner at eg har funne gode representantar å halda meg til. Noko av Thomas Nordahl (Nordahl, 2007) sitt svært omfattande forskingsarbeid har gitt meg eit grunnlag for å forstå kvifor og korleis ein skal skapa eit betre samarbeid mellom heim og skule. Han seier at foreldremedverknad er den høgste forma for samarbeid. Foreldremedverknad byggjer på dialog. Thomas Nordahl og Per Arneberg (Arneberg, 2004) har gitt meg kriterium for den gode dialogen og peika på den asymmetriske maktstrukturen som ein finn mellom lærar og foreldre. Arneberg peikar også på korleis tilhøvet mellom individ og kollektiv utviklar og tek vare på samfunnsmessige erfaringar. Skule- heimsamarbeidet handlar ofte om samarbeidet med foreldre om det einskilde barnet. Her har eg brukt Jan Spurkeland (Spurkeland, 2011) sin relasjonspedagogikk, om å etablere solide relasjonar til foreldra som fundament for samhandling.

Skulen er eit sosialt fellesskap, ein samhandlingsarena som samfunnet har gitt skulen eit mandat for undervisning og opplæring. Foreldra har hovudansvaret for at deira barn får den undervisninga og den opplæringa dei ynskjer for barnet. I dei sosiale læringsteoriane er språk, dialog og sosiale fellesskap grunnlaget for læring. Me må sjå læring i eit samhandlingsperspektiv, i interaksjon og i relasjon med andre.

Pedagogikken er i fylgje Ola Erstad (Erstad, 2010) kommunikasjon og meiningsskaping, med utgangspunkt i omgrepa *communicare*, *overføring* og *formidling*, og *communico*, å



gjennom kommunikasjon dela kunnskap og gjera han til felle eigedom. Hjø Spurekeland (Spurkeland, 2011) handlar pedagogikken om samhandling til det beste for eleven, med utgangspunkt i solide relasjonar mellom partane. Datastøtta samarbeidslæring; nettsamhandling, deling og problemløysing i fellesskap, kan i nokon grad vera ein del av dette pedagogiske biletet (Koschmann, 1996).

Det er ynskjeleg at foreldre i større grad skal vera ein del av borna sitt læringsmiljø. Det er satsa mykje på digitale læringsplattformer i skulen, både frå statleg hald og i kommunane. Den digitale plattformen er kjøpt inn. Med kritikken av LMS i mente, vel eg å sjå på korleis ei digital læringsplattform kan vera ein reiskap for foreldremedverknad. Å bruka eit LMS meir målretta i skule- heim samarbeidet, kan kanskje vera med å løfta skule- heimsamarbeidet og gje pedagogisk støtte til elevane sitt læringsarbeid.

## 9 Metode

Eg har ein tanke om at foreldre ynskjer ein ”opnare skule” der reell medverknad i borna si læring er ynskjeleg og mogeleg. Læreplanverket (LK06) understrekar at det er ynskjeleg at foreldre skal ta meir del i borna sin faglege utvikling. Opplæringslova peikar på foreldreansvaret i oppdraginga og at skulen skal gje opplæring i samarbeid og forståing med heimen (Stortingsmelding nr. 16, 2006-2007). Foreldreutvalet i grunnskulen (FUG) er oppteken av reell foreldremedverknad og ein meir open skule, og me ser aktualiteten att i den offentlege debatten. Den digitale utviklinga i samfunnet kan gjera det mogeleg å finna nye arenaer for samarbeid, dialog og medverknad, også i skulen. Eigen erfaringa så langt, seier at foreldre stort sett er nøgd med skule- heimsamarbeidet, og at foreldre tykkjer lærarane har ansvaret for og oversikt over barnet si faglege læringsutvikling på ein god måte. Ein del foreldre ynskjer likevel ei meir deltakande rolle, men finn ikkje plass for dette i dei fora me har i dag for skule- heimsamarbeid. Eg ynskjer å undersøka om ITL kan vera ein artefakt som triggjar foreldre til medverknad i borna sitt skulefaglege læringsarbeid og korleis ITL kan verta ein ny arena for skule- heimsamarbeidet.

### 9.1 Aksjonsforskning

Aksjonsforskning vert ikkje rekna som ein metode, men meir som eit einskapleg forskingsopplegg eller forskningstilnærming. Aksjonsforskning skil seg frå annan forskning gjennom ei tett kopling mellom forskning og målretta praktisk handling. I aksjonsforskninga heng forskingsspørsmåla tett saman med eit ynskje om å endra praksis. Ofte er det forskaren

som tek initiativ til forskinga på eit tema av interesse, men utgangspunktet kan også koma frå praksisfeltet. I skulesamanheng kan forskar og praktiskar vera læraren og forskingsfeltet kan vera klasserommet (Tiller, 2004).

Det finst fleire modellar for korleis aksjonsforskning kan gjennomførast og aksjonsforskning kan ha fleire tilnærmingar. Ein kan bruka seg sjølv, gjera utviklingsarbeid saman med elevane sine/ foreldre eller ein kan forska saman med ein annan lærar på ein annan skule enn der ein som forskar høyrer til. Jean McNiff er ein britisk forskar m.a. ved Universitet i Dorset i England. Ho peikar på at ulike modellar og tolkingar har utvikla seg gjennom tida. Enkelte forskarar er opptekne av *den rette metode*, prosedyrar og *tekniske aspekt*. Andre vektlegg i større grad ei levande forskning,

*.....og gå utover den flate strukturen som metoden gir og sjå på dei djupare, underliggande verdiane i våre liv.*

McNiff seier vidare at det ser ut til å vera generell semje om nokre prinsipp:

*– the need for justice and democracy, the right of all people to speak and be heard, the right of each individual to show how and why they have given extra attention to their learning in order to improve their work, the deep need to experience truth and beauty in our personal and professional lives.*

Aksjonsforskning innan pedagogisk forskning og utviklingsarbeid er generelt anerkjent. McNiff hevdar at det ikkje fins nokon *korrekt* metode, men at den einskilde forskar må avgjerda sjølv korleis forskinga skal gå føre seg og utvikla egne synspunkt og kriteria for forskning. Kriteria ein set for eigen forskning, dannar utgangspunktet for kva ein skal måla resultat av forskinga i høve til. Målet er å sjå på ein liten del av eigen praksis, utfordra seg sjølv, stilla kritiske spørsmål ved eigen praksis og finna egne svar (McNiff J. , 2011).

McNiff poengterer systematisk arbeid, evaluering og refleksjon over prosessane uttrykt i The Action Reflection Circle (eller helst i fleire sirklar, til ein spiral) med fylgjande steg:

*identify an area of practice to be investigated, imagine a solution, implement the solution, evaluate the solution, change practice in light of the evaluation ...and so on...*

Slik eg oppfattar McNiff, fokuserer ho på den einskilde sin suverenitet i forskingsarbeidet, sett i høve til forskingsproblem, metode og analyse, utan med det å underslå at det er krav til kvalitet i forskinga. Ho set fokus på at det er mogeleg for kvar einskild av oss i praksisfeltet å gjera eit forskingsarbeid ut frå det ein ”brenn” for, og at ein brukar seg sjølv

som ein partnar i forskingsarbeidet. Forskaren er intervenerande. Vidare peikar på at ein skal vera trugen mot eigne verdiar og at eit lite forskingsarbeid kanskje ikkje endrar verda, men kan vera eit lite steg i den lei (McNiff J. , 2011).

Torbjørn Lund er forskar ved Universitetet i Tromsø. Han peikar på nokre karakteristiske trekk ved aksjonsforskning og tek utgangspunkt i at forskingsarbeidet skal vera kontekstbunde og knytt til røynda, at forskingsarbeidet er praktisk retta og grip inn i reelle problem og spørsmål og at forskar og deltakarar saman utviklar kunnskap. Vidare seier han at aksjonsforskning er ein prosess der endring er integrert i forskinga og at mangfald i erfaring og erfaringsbakgrunn hjå deltakarane er eit gode for forskingsarbeidet. Meiningar som vert konstruert undervegs skal føra til handling eller refleksjon rundt handling. Forskingsarbeidet skapar nye meiningar. Lund plasserer også aksjonsforskninga inn i hermeneutikken, nyttar kritisk teori og peikar på at forskinga skal leia til heilskapleg forståing av tilhøvet mellom teori og praksis (Lund, 2011). Slik eg oppfattar Torbjørn Lund, stiller han større formelle krav til forskning og metode. Han set i større grad forskaren på utsida av forskingsarbeidet som ein nøytral deltakar. Ein ser tydeleg ulik tilnærming til forskinga mellom McNiff og Lund.

Kåre Skagen, IPLU, peikar på at raske endringar i skuleverket gjer aksjonsforskning til ein eigna metode i pedagogiske forskning. Forskar arbeider saman med skulen for å endra praksis på aktuelle område som skulen eller læraren ynskjer. Nokre gonger er det forskaren som kjem med framlegg, men læraren kan også forska i eigen skule/ klasse eller på eigen praksis (Skagen, 2007).

Å plassera eige forskingsarbeid i desse ulike tilnærmingane, er ikkje lett. Kvar tilnærming har sine fordelar og ulemper som ein må ta høgde for og dokumentere i det ferdige forskingsdokumentet. Slik eg ser det, har valt å bruke eit design med utgangspunkt i McNiff si tilnærming som mest høveleg i mi forskning. Det vil likevel vere viktig å skape distanse frå forskinga ved å trekke seg tilbake for å kritisk å vurdere resultata kontinuerleg. Då vil det vera naudsynt å hente kunnskap og inspirasjon frå dei ulike retningane. Kanskje er min plass å finna i eit skjeringspunktet mellom dei.

## **9.2 Kvalitativ metode**

*Kvalitative forskingsmetodar* byggjer på ein sosiokulturell forskartradisjon. Sentralt i sosiokulturell forskning står aktivitetsteori og ideen om menneske si målretta verksemd, med røter hjå Vygotsky og Leontjev. Vygotsky og Leontjev mfl. byggjer på ei forståing av at det er den sosiale gruppa og fellesskapet som den einskilde er ein del av, som er sjølv

utgangspunktet for læring. Alle er forankra i ein kultur og eit fellesskap og måten me handlar på i ulike situasjonar påverkar vårt feste til kulturen. Slik er det også i læring. Me må sjå på læring i ein sosial samanheng, i interaksjon og i relasjon med andre. Samspel har ei handlingsside, ei kommunikasjonsside og ei tilknytningsside, og er også nøkkelord for skule- heimsamarbeidet (Dysthe, 2008).

Edvard Befring set dei kvalitative forskingsmetodane under fenomenologien og hermeneutikken. Hermeneutikken spring ut frå dei humanistiske faga der forståing, meining, tolking og refleksjon er nøkkelorda. Det fenomenologiske perspektivet set aktøren sin ståstad i fokus (Befring, 2010). Det sentrale i kvalitativ forskingsmetodar er å forstå og tolka menneska si livsverd, eller eit sentralt tema i deira liv, som også forskaren vil setta lys på. I kvalitativ forskning tek ein sikte på å samla data der informantane si meining, sine haldningar og intensjonar skal stå sentralt, ut frå ei tru på at dei i utgangspunktet har noko kunnskap, synspunkt eller erfaringar om temaet.

Vidare seier Befring at kvalitativ forskning har ulike forskingsdesign eller forskingsopplegg der aksjonsforskning er eit slikt design. Aksjonsforskning grip inn i ein sosial prosess som eventuelt får tilført nye impulsar eller utviklar ny kunnskap som kan medverka til endring i prosessen. Forskaren har ikkje lenger ei nøytral rolle, men går aktivt inn i opplegget, deltek eller påverkar for å utvikla området det vert forska på. I eit aksjonsforskningsdesign kan det vera aktuelt å nytta fleire metodar, både dialog, deltakande observasjon, skriftleg dagbok eller forteljingar som mogelege tilnærmingar til temaet. Befring seier om aksjonsforskning at:

*..... dette er ein metode og strategisk ressurs for å bygga bru mellom teori og praksis, mellom kunnskap og handling og mellom vitenskap og politikk. (Befring, 2010).*

Slik eg forstår Befring, set han aksjonsforskning i ein sosial samanheng og vektlegg forskaren si intervensjonsrolle.

### **9.3 Val av metodar**

Eg har valt kvalitativ metode med aksjonsforskning som design. Gjennom kvalitative forskingsstudium vonar eg å koma så tett inn på læringssituasjonen at eg kan skildra han og analysa det som skjer. På den måten kan eg setja ljøs på problemstillinga mi og finna mogelege svar på forskingsspørsmåla mine.

Eg ynskjer gjera ei undersøking korleis bruken av It's Learning i skule- heimsamarbeidet kan gje foreldre medverknad i borna sitt faglege læringsarbeid. Dette vil eg gjera på eigen

skule, i eigen klasse, i samarbeid med foreldra til elevane eg underviser. Eg ynskjer setja ljøs på eigen praksis i skule- heimsamarbeidet, reflektera over han og prøva ut It's Learning som reiskap for foreldremedverknad i borna sitt læringsarbeid.

Det sentrale er å undersøkjja, forstå og tolka foreldra si oppleving korleis borna deira har det i skulekvardag. Vidare vil eg gjennom forskingsarbeidet prøva ut ny praksis og i samarbeid med foreldre læra nye måtar å fremja læring hjå elevane på. I ein ny og endra praksis ynskjer eg å setja fokus på foreldre som ein ressurs for læring.

Skulen har innført bruk av It's Learning og ligg i startgropa for bruken av læringsplattforma i skule- heimsamarbeidet. Skuleleiar, lærarar og foreldre har ikkje noko eigne erfaring å byggja på. Partane er usikre på om læringsplattforma kan nyttast i skule- heimsamarbeidet, korleis samarbeidet skal gå føre seg, kva ein skal samarbeida om og korleis ein best kan koma i gang. Det er difor av stor interesse å gjera eit forskingsarbeid på dette feltet i denne fasen skulen vår er i no.

Aksjonsforskning opnar for deltaking både frå foreldre og for meg som lærar, og i denne samanhengen også som forskar. Forskingsarbeidet er framtidsretta og kan gje ny kunnskap til partane om korleis digitalt skule- heimsamarbeid kan gjennomførast, om It's Learning er ein artefakt som får foreldra med, og korleis dette kan få noko å seia for borna sitt læringsarbeid. Forskingsarbeidet kan gje oss eit grunnlag for å vidareutvikla det digitale skule- heimsamarbeidet. Såleis kan ein seia at val av forskingsmetode har grunnlag i reelle problemområde frå skulekvardagen, står i ein praktisk samanheng og er knytt til den røynda deltakarane er ein del av.

Slik eg har formulert problemstillingane mine, er aksjonsforskning ein eigna design. Eg er grunnleggande oppteken av læring, kunnskap og kunnskapsutvikling. Eg er alltid på jakt etter kunnskap om kva som kan vera med på å fremja læring hjå elevane, hjå meg sjølv og for skulesamfunnet. Skule- heimsamarbeidet er som eg har nemnt, ein sentral faktor i borna si læring. Dialog, samspel og læringsfellesskap er nøkkelord. I denne samanhengen er eg også oppteken av den digitale dimensjonen i skule- heimsamarbeidet.

Eg ser at andre metodar innafor kvalitative forskingsmetodar også kunne vore nytta. Her kunne det vore interessant å venda seg til skular som er komne lenger i forhold til mine problemstillingar. Intervju med spørjeskjema, fokusintervju med intervjuguide, eller spørjeundersøking ville her vore gode forskingstilnærmingar. Eit alternativ kunne også vore å gå inn som aksjonsforskar i ein annan lærar sin klasse og vore observatør, og ikkje vore

direkte deltakande sjølv. Det er ei utfordring å vera både forskar og lærar i eige klasserom på eigen praksis.

## **9.4 Mine metodar**

### **9.4.1 Pilotundersøking.**

Gjennom å gjera ei pilotundersøking, ville eg finna ut om problemstillingane og forskingsspørsmåla var relevante i skulesamfunnet og av interesse for fleire enn forskar. Eg hadde samtalar med foreldre, lærarar og skuleleiinga og drøfta forskingsprosjektet.

Pilotundersøkinga var ei kartlegging av interesse og relevans og la grunnlaget for forskingslauget (Vedlegg 2, s 95). Ut i frå erfaringa eg gjorde i pilotundersøkinga lagde eg spørjeskjema til foreldra, samt at eg forenkla intervjuguiden.

### **9.4.2 Foreldremøtet/gruppemøtet.**

Ein kan sei at eg starta forskingslauget på foreldremøtet. Foreldremøtet fungerte som eit gruppemøte tente til å gje informasjon til alle foreldre på ein gong. Eg fekk eit grunnlag for det vidare forskingsarbeidet og foreldra sin aksept.

### **9.4.3 Spørjeundersøking**

Eg har brukt to ulike spørjeskjema for å samla inn data. Den fyrste spørjeundersøkinga vart gjennomført tidleg i prosjektet og var planlagt ut frå Pilot-undersøkinga. Dette spørjeskjemaet hadde mange spørsmål og femna breitt. Målet var å få kunnskap om kva tankar og synspunkt foreldre hadde i startfasen. Foreldre fekk spørjeskjemaet med seg heim og fekk god tid til å svara sjølve (Vedlegg 3, s 97).

Det andre spørjeskjemaet kallar eg eit avkryssingsskjema, der eg spør foreldra og kryssar av sjølv. Denne undersøkinga kjem seinare i prosjektet i samband med foreldresamtalen.

Utgangspunktet er at eg som forskar ikkje har fått til foreldreaktivitet gjennom det planlagde forskingslauget. Eg såg her at det var naudsynt å endra planane, og eg gjekk meir aktiv på for å få foreldra i gang. Det vart lettare for foreldra å engasjera seg når dei fekk konkrete spørsmål, og eg såg at dei i større grad opplevde å lukkast i deltakinga då (Vedlegg 4, s 101).

### **9.4.4 Dialog og ustrukturerte samtalar**

Konferansetide er ein strukturert samtale mellom lærar, foreldre og elev. Temaet er kjend på førehand; det er ein læringssamtale der eleven sin sosiale og faglege læringsprosess står i fokus. Som forskar nytta eg dette høvet til dialog omkring forskingsprosjektet. I ein dialog

mellom forskar og informant er det særskild viktig koma i hug kriteria for ein god dialog (Arneberg, 2004).

For å kunna møta foreldre og snakka med dei, opplever eg nokså fort at eg må ta i bruk dei situasjonane som oppstår tilfeldig og ikkje planlagde. Når eg undervegs har hatt desse ustrukturerte samtalanane med foreldre, har eg prøvd å undersøka korleis dei opplevde undervisningsopplegget og forskingsprosjektet. Under desse samtalanane opplevde eg foreldra hadde konstruktive bidrag. Men eg opplevde også at foreldre var litt uviljuge til å delta aktivt sjølve.

Gjennom undervisningsopplegget hadde eg også samtalar og dialog med elevane. Dette gav informasjon om gangen i både undervisningsopplegget og forskingslaupet.

#### **9.4.5 Intervju med intervjuguide**

(Kvale, 1997) har skildra kvalitativ forskingsintervju slik: *”Et intervju viss mål er å innhente beskrivelser av den intervjuedes livsverden med henblikk på tolkning av meningen i de beskrivne fenomene.”* Det sentrale er å forstå og tolka gruppemedlemmane si livsverd, eller eit sentralt tema i deira liv, som også forskaren vil setta lys på. Det kvalitative forskingsintervjuet skal fungera som ein interaksjon mellom forskar og informantar. Interaksjonen eller dynamikken skal ein ikkje undervurdera eller redusera, men bruka medvite (Kvale, 1997).

Kvalitativ forskingsintervju samlar data der informantane sine meiningar, haldningar og intensjonar kan stå sentralt. Intervjuet er særskild nyttig for å kunna gå i djupna og finna historia bak ein deltakar sine erfaringar. Eg har fire slike forskingsintervju med bakgrunn i intervjuguide (Vedlegg 5, s 102). Intervjua er transkriberte

Eg har i forskinga brukt fleire ulike metodar og kjelder i innsamling av materiale.

Deltakarane har lese gjennom studiematerialet undervegs, kome med innspel og vore med å utforma den endelege forskingsrapporten. Desse støttar og stadfestar kvarandre slik at forskingsmaterialet kan framstå meir truverdig og påliteleg. Dette kallast triangulering eller Member-checking (Postholm, 2011)

#### **9.5 Val av informantar**

Informantane, eller forskingsdeltakarane mine, er i hovudsak foreldre til elevane i klassen min. Eg valde foreldra ut frå mitt val om å utføra eit forskingsarbeid med aksjonsforskning som design der eg ville ha fram foreldrestemma i skule-heimsamarbeidet. Min ståstad er i praksisfeltet mellom heim og skule. Det er den praksisen som lærar og foreldre har saman

som utgjør forskingsfeltet. Det er her praksis går føre seg, og det er her me kan hende må finna nye måtar å samarbeida på. Eg meiner foreldra sine meiningar og haldningar er sentrale i eit skule-heimsamarbeidet.

## 9.6 Validitet og reliabilitet

Å validera vil seia å vise at du måler det du faktisk seier at du skal måle. Aksjonsforskning har som mål å forbetre praksis. Validering blir ikkje avslutninga på forskinga men derimot engasjement i å sjå nye mogelegheiter. For folk som trur på at det fins *ei* objektiv sanning så vil det vera umogeleg å forstå korleis du kan validere aksjonsforskning (McNiff, 2002).

Ifølgje McNiff betyr validering i aksjonsforskning at du kan vise til ein prosess som viser korleis du systematisk arbeide for å forbetre praksis. Denne prosessen må vera på ein slik måte at andre kan få innsyn i korleis forskaren jobba med å forbetre praksis (McNiff J. &, 2002).

Aksjonsforskning stiller dei same krava til forskaren og forskingsresultatet som til andre forskarar og annan forskning innafor kvalitativ forskning. Truverd og validitet er sentrale omgrep i all forskning og handlar om å kvalitetssikre forskinga (Befring, 2010). I aksjonsforskning, der forskaren er deltakande i prosessen, er kravet til å plassera eigen forskning inn i ein relevant, fagleg kontekst sterk og likeeins at undersøkinga vert utført etter metodiske normer. Kravet til høg grad av objektivitet kan vera vanskeleg å stetta, men forskaren må vera medviten si eiga subjektive rolle og vera open om denne i forskinga si. Vidare er det i aksjonsforskning eit krav om å produsera ny forskingskunnskap og forskinga skal i tillegg vera framtidretta og ha teoritilknytning (Lund, 2011).

Målet med ein reliabilitets-test er at forskarar som seinare brukar nøyaktig same prosedyrar som dei den første forskaren har gjort skal kunne kome fram til dei same konklusjonane (Yin, 1994). Spørsmålet om reliabilitet er vanskeleg i alle typar forskning. Det kviler på ei tru på at dersom fleire kjem fram til same resultat så er forskinga meir truverdig. Min studie er utført i ein undervisningskontekst. Forskinga er basert på situert kunnskap. Data er produkt av informasjonen eg har fått frå informantane mine, og måten eg har tolka og oppfatta denne informasjonen på. I kvalitativ forskning er forskaren det viktigaste instrumentet og i aksjonsforskning er målet å endre praksis. Ifølgje Lincoln & Guba (Lincoln, 1985) kan difor ingen andre koma fram til same resultat. Spørsmålet gir inga mening. I staden for å krevje at andre skal kunne kome fram til same resultat så argumenterer dei for det dei kallar konsistens. Det gjer ein forskar best gjennom å reflektere



over sin eigen posisjon, ved ei nøye skildring av forskingsprosessen og gjennom triangulering (Merriam, 2002).

I forskinga vil eg validera forskingsarbeidet ved å skildra arbeidsprosessen, kjeldematerialet og sitat så nøye som råd. Saman med kriteria for analysearbeidet, vil dette vera bakgrunn for at det skal vera mogeleg å skjønna kva ein kan relatera kunnskap og forskingsfunn til. Eg vil bruka tid på analysearbeidet, gjennomgå materialet fleire gonger og reflektera over resultatata. McNiff peikar på at det i dette arbeidet er ei fordel å ha ei gruppe av ubundne personar som jamleg kan gjennomgå forskingsarbeidet og koma med konstruktive merknadar (McNiff J. , 2011). Eg har knytt til meg gode kollegaar som vil gjera ein jobb i denne samanhengen samt gode rettleiarar.

Som eg sjølv var inne på tidlegare er ei av dei store utfordringane med aksjonsforskning at eg som forskar også er deltakande i prosjektet. Det kan då verte meir utfordrande å vere objektiv og nøytral i høve resultatet eg presenterer. Ei anna problemstilling eg kan møte er at eg som forskar får for stor påverknad over dei andre deltakarane i høve mitt utgangspunkt. Dvs. at mine tankar, mi bakgrunn og mine mål vert styrande og dominerande for prosessen. Ved å vere medviten om utfordringa, dokumentere kontinuerleg og søke god rettleiing gjennom forskinga vil eg likevel ha fokus på truverde i prosjektet mitt.

Eg valde aksjonsforskning som design for forskinga. Aksjonsforskning er spanande og utfordrande i pedagogisk samanheng, men eg ser også nokre problemområde. Eg ser utfordringane i truverde og validitet, om eg i dette forskingsarbeidet kan skaffa nok analysemateriale og om analysearbeidet er råd å gjennomføra på ein vitenskapleg måte. Eg vil peika på at aksjonsforskning krev tid både til planlegging og gjennomføring. Eit trekk ved forskning som er retta direkte mot praksis og kan hende med ein intensjon om å endra praksis, krev forskning som varer over tid eller over fleire tidsintervallar. Mi forskning varer over 6 veker. Dette kan synast å vera i kortaste laget for å finna svar og hausta ny kunnskap som kan verta nyttig og framtidsretta. Eg meiner likevel at eg i forskingsarbeidet har skaffa datamateriale som dekkjer dei områda eg ville undersøkje. Utfordringa har vore å gjennomføra analysearbeidet på ein vitenskapleg måte, og gjennom drøftingane trekkja konklusjonar som er truverdige og haldbare.

Eg har valt å gjera eit forskingsarbeid med utgangspunkt i min eigen klasse. Kjeldene er i hovudsak foreldra til elevane mine. Foreldre er, slik eg har erfart det, subjektive når det gjeld synet på eigne born og sjølv sagt kjenslemessig knytt til borna sine. Det er slik det skal vera, men dette er kunnskap som relevant og som har vore med meg gjennom

forskningsarbeidet. Foreldre har ein ståstad i miljøet sitt, dei har eit sett normer og verdiar som er sentrale for dei og for familien dei høyrer til. Når eg stiller spørsmål, intervjuar og sender ut spørjeskjema, får eg fram einskildpersonar sine subjektive meiningar, erfaringar og haldningar. Dette er kjelder som eg ser på som pålitelege og truverdige i denne samanhengen. Eg fekk informasjonar som, når dei står åleine er subjektive, men som saman med andre kan verta allmenngyldige. Då vart det mi oppgåve å samanfatta informasjonen, analysa, drøfta og i lys av teoriar og tidlegare forskning, finna ut om her er noko å læra for vidare skule-heimsamarbeid.

Eg var også merksam på at det ville kunna oppstå trong for endringar av praksis undervegs. Slike endringar kan koma i konflikt med den undervisninga eg skal gjera, eller andre involverte partar kan verta usamde med meg. Endringsprosessar er ofte tidkrevjande og treng grundige drøftingar mellom partane. Sidan eg ikkje trong å involvera andre lærarar i sjølve undervisninga, stod eg fritt til å gjera endringar. Men også eg opplevde endringsvegring då forskning, undervisning og eiga læring vart tidkrevjande og slitsamt. Då ligg faren for å ta snarvegane på lur. Det var i denne samanhengen mitt ansvar som lærar å syta for at elevane vert ivaretatt. Eg ser at eg kan ha styra forskinga for mykje i mi retning, med at eg ikkje har gjeve nok tid til å involvera foreldra som samarbeidspartar. Her vart det også viktig at føresetnadane for å gje foreldra god nok praktisk erfaring med Its' Learning, ikkje var til stades. Då foreldra ikkje fekk tilgang til ITL, måtte eg endra forskningsarbeidet noko. Men dette er jo også ein del av det å driva aksjonsforskning.

Problemstillinga mi kan synast ambisiøs då ho femnar over fleire område; skule-heimsamarbeid, med fokus på foreldremedverknad som stør opp om borna deira sitt læringsarbeid med bruk av digital læringsplattform. Forskingsspørsmåla er meint til å presisera hovudproblemstillinga og gjera forskningsarbeidet meir målretta. Problemstillinga og forskningsspørsmåla er blitt justerte noko undervegs, og eg har fått gode råd om fleire endringar og avgrensingar. Kan hende hadde det vore lurt, men eg valde å halda meg til problemstillinga i stor grad slik ho var frå starten. Det var dette eg ville finne ut noko om. Eg valde eg å nytta kvalitativ metode og aksjonsforskning som design. ”Den som inkje vågar, inkje vinn!”

I kapittel 8 **Teoretiske perspektiv**, gjer eg greie for kva slag teoretisk tilknytning eg har valt som bakgrunn for forskinga. Eg valde m.a. Thomas Nordahl om dei tre nivåa i skule-heimsamarbeidet og Per Arneberg om dialog og danning. Undervegs i forskinga vart eg kjend med Jan Spurkeland sitt arbeid med relasjonsleing og relasjonskompetanse.

Spurkeland overføre dette til relasjonspedagogikk som mellom anna handlar om relasjonane

i eit godt læringsmiljø, der foreldre har ei sentral rolle. Eg fann dette interessant og relevant som bakgrunn for mitt forskingsarbeid. I læringsteorien finn min plass i hovudsak innan dei sosiokulturelle læringsteoriane. Tidlegare i dette kapitlet har eg gjort greie for den teoretiske bakgrunnen for val av kvalitativ metode med aksjonsforskning som design.

Dette vart mine val. Eg har valt ut frå dei teoriane som etter mitt syn har kasta lys på problemstillinga og forskingsspørsmåla. Eg har lytta etter gode råd frå rettleiarar, brukt det eg har lært under masterstudiet, men også det eg har lese og lært elles i livet.

## 9.7 Etiske omsyn

Då informantane mine i all hovudsak har vore foreldre, og i nokon grad elevar, har eg henta inn løyve frå Datatilsynet (Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste, NSD) til å utføra forskingsarbeidet mitt (Vedlegg 6, s 103)

Rektor ved skulen har fått skriftleg orientering om forskingsarbeidet og godkjent dette (Vedlegg 7, s 104). Ho har fått fortløupande orientering om prosjektet. Det har til tider undra meg at skuleleiinga og skuleeigar ikkje har synt noko interesse for forskingsarbeidet. Eg kan tolka ein manglande interesse for forskinga, som at temaet ikkje er relevant i kommunen, at bruken av ITL ikkje har svara til forventningane og at reforhandlingar av avtalar med selskapet eller avvikling er på gang. Eg har ingen haldepunkt for å hevda dette og trur det heller ikkje. Manglande interesse kan også skuldast manglande kunnskapar. Dette vonar eg å bøta noko på.

Eg har ikkje på noko tidspunkt motteke økonomisk støtte frå Its'Learning. Eg har heller ikkje motteke økonomisk støtte frå kommunen, korkje i form av stipend eller løn under permisjon. Såleis har eg ingen bindingar.

Eg har forska på "eigen skule og i eigen klasse", og fann det naudsynt å endra presentasjonen av bygda, skulen og klassen slik at dette vart anonymt. Eg har ikkje lagt ved namnelister på foreldre og elevar. Personopplysningar har ikkje vore relevante for forskingsarbeidet.

I klassen var det 18 elevar. Alle foreldre fekk skriftleg orientering om forskingsprosjektet og invitasjon til å delta i dette (Vedlegg 8, s 105). Det vart understreka at all deltaking var friviljug og at det var høve til å avslutta deltakinga når som helst. Alle har fått spørjeskjema (Vedlegg 3, s 97) der 11 av 18 har levert svar. Foreldre frå alle heimane har delteke på felles foreldremøte/ gruppemøte og på konferansetime/ læringssamtale. Eg har vore klar over dobbeltrolla eg har hatt som lærar og forskar og heile tida tatt dette opp med foreldra.

Foreldre har godkjent at eg har nytta generell informasjon som eg har fått som lærar til grunnlagsdata i forskinga mi. Denne godkjenninga er etter foreldre sine ynskje gitt munnleg.

Alle spørjeskjema er anonyme og ikkje råd å kopla til namn. Eg har nytta lydopptak i intervju av foreldre. Foreldra har høyrte intervjuet av seg sjølv og godkjent dette. Intervjua er transkriberte og alle namn er endra. Det har ikkje vore trong for å lagra desse med personidentifikasjon under prosjektarbeidet. I denne tida har rettleiar og siderettleiar hatt tilgang til materialet, i tillegg til meg sjølv.

Elevane i klassen har vore informantar gjennom undervisningsopplegget. Både elevane og foreldra deira har vore informerte om dette og godtatt denne deltakinga. Det er ikkje nytta namn på elevar i denne samanhengen. Det har likevel vore viktig og naudsynt å vera medviten dei informasjonane eg har fått som forskar versus dei eg ville fått som lærar. Eg har heile tida vore klar over at eg har ei dobbelt rolle som lærar og forskar i eigen klasse, Undervegs i arbeidet har drøfta dette med foreldra. Eg freistar også å gjera dette synleg i oppgåva når eg går frå den eine rolla til den andre.

Informantane er orienterte om at den ferdige forskingsoppgåva, etter godkjenning, vil verta gjort tilgjengeleg for studentar til eventuell vidare forskning. Informantane har også høve til å få forskingsoppgåva tilgjengeleg. I masteroppgåva vil informantane vera anonyme. Forskingsoppgåva vil også verta gjort tilgjengeleg for skulen og for informantane som har delteke. Det er eit mål at forskning skal koma samfunnet til nytte og at det einskilde forskingsprosjektet skal koma dei det vert forska på til gode. Aksjonsforskning handlar om å endra praksis dersom partane i praksisfeltet opplever trong for det, og endringsprosessen skal i etterkant liggja føre i ein forskingsrapport. Vonleg kan denne forskingsrapporten verta eit verktøy for skulen i det komande skule- heimsamarbeidet.

## 10 Aksjonslaupet

Figuren under viser tidslina i forskingsprosjektet mitt. Intensjonen med denne er å syna framdrift i prosjektet og samle informasjon til forskinga. Etter figuren skildrar eg dei ulike stega i prosessen.

<b>Steg 1</b>	<b>Pilotundersøking</b>	Hausten 2012	Kven deltek i aksjonen?
---------------	-------------------------	--------------	-------------------------

<b>Steg 2</b>	<b>Tid for aksjon</b> Gruppesamling/Foreldremøte Utdeling av spørjeskjema	Vinteren 2013 Veke 1	Lærer arrangerer felles foreldremøte Foreldre svara på skjema
<b>Steg 3</b>	<b>I klasserommet</b> It's Learning. "Grip Boka!"	Veke 2 Veke 3	Lærer/ elev
<b>Steg 4</b>	<b>Oppsummering</b> Dialog i klasserommet	Veke 4	Lærer/ elev
<b>Steg 5</b>	<b>Konferansetime</b> Dialog Avkryssingsskjema	Veke 5	Lærer/ Enkelt-foreldre/ Elev Foreldre svara på skjema
<b>Steg 6</b>	<b>Attende i klasserommet:</b> Avslutning "Grip boka!" Evaluering It's Learning	Veke 6	Lærer/ elev  Elev
<b>Steg 7</b>	<b>Intervju av foreldre</b> <b>Oppsummering av forskingslupet</b>	Våren 2013	Forskar/ Foreldre Forskar/foreldre

Figur 5: Tidslina i forskingsprosjektet

## 10.1 Steg 1 Pilotundersøking hausten 2012

I foreldresamtalane hausten 2012 snakka eg med foreldra om innføring av It's Learning på skulen vår. Alle skular i kommunen var i ferd med å ta i bruk ITL, og eg var interessert i å høyra kva foreldra såg som bruksområde for læringsplattforma. Me snakka om korleis me kunne bruka læringsplattforma i skule- heimsamarbeidet. Eg spurde foreldra om kva dei tenkte om digitalt foreldresamarbeid og bruk av It's Learning.

Ut frå desse samtalan laga eg eit utkast til ein intervjuguide som var meint som ei rettesnor for kva eg ville gå vidare med i seinare intervju av foreldre. Intervjuguiden vart ikkje tatt i bruk til intervju slik han ligg føre, men gjennom pilotundersøkinga og arbeidet med intervjuguiden, fekk eg sortert tankane mine omkring problemstillinga og forskingsspørsmåla. Dei kunnskapane eg fekk, vart utgangspunktet for korleis eg skulle starta opp forskingsprosjektet mitt.

Eg valde å laga eit undervisningsopplegg med base i norskfaget og å bruka læringsplattforma som ein læringsarena, samstundes som elevane lærer å bruka verktøyet. I dette læringsarbeidet ville eg freista å leggja til rette for digital foreldremedverknad.

Undervisningsopplegget heiter: "Grip Boka!" - Litteraturprosjekt med ITL som læringsarena (Vedlegg 1, s 93). "Grip Boka!" er det praksisfeltet eg har valt å plassera forskingsprosjektet mitt i. Tom Tiller skriv i artikkelen "Rugekassen" (Tiller, 2004) at aksjonsforskaren ikkje er redd for praksis, snarare nøydt til å vera i praksisfeltet og grava der saman me dei andre praktikanane. Ut frå den praksis som går føre seg i undervisningsopplegget skal eg henta informasjon. Dei erfaringane eg får undervegs saman med foreldra, skal vera med å driva forskinga framover og gjera praksis betre. Forteljninga

om praksis ligg i forskingslaupet. Forskingsprosjektet vart å driva denne prosessen, oppsummera og analysera funn.

## **10.2 Steg 2 Tid for aksjon!**

Før undervisningsprosjektet kom i gang, hadde me foreldremøte i 7.klasse fyrste veka i 2013. Eg hadde laga ein avtale med klassekontaktane om at eg skulle informera om undervisningsopplegget og forskingsarbeidet mitt.

På foreldremøte orienterte eg om læringsplattforma It's Learning. ITL er eit kommunalt satsingsområde for å læra elevane digital dugleik. Eg orienterte om kor langt vår skule var komen i satsing på It's Learning; at skulen var i startgropa for å ta dette verktøyet i bruk. Skulen har som mål at elevane etter 7.klasse skal kunna manøvrera i ITL og bruka læringsplattforma som eit verktøy i læringsarbeidet sitt. Elevane hadde fått brukarnamn og passord, så pålogginga var klar. Ikkje alle avtalar mellom kommunen og It's Learning var klare enno, så foreldra fekk ikkje eigen pålogging. Eg oppmoda foreldra om å vera aktive i forhold til borna, og la seg invitera med i deira pålogging.

Vidare orienterte eg om undervisningsopplegget "Grip boka!" - Litteraturprosjekt med ITL som læringsarena. Elevane kjente leseprosjektet frå før. Eg fortalde at målet med "Grip Boka!" var å skapa leseglede hjå elevane. Som ein del av norskopplæringa skulle elevane læra å skriva samandrag frå det dei las. Eg ville nytta dette prosjektet til å gjera elevar og foreldre kjende med læringsplattforma. Elevane skulle verta kjende med ITL, læra å logga seg på med brukarnamn og passord og læra korleis dei kunne arbeida med "Grip Boka!" på læringsplattforma. På læringsplattforma hadde eg lagt informasjon, planar og oppgåver som høver til prosjektet. I ITL ligg det delingsverktøy slik at elevane kan levera samandraga sine digitalt, få tilbakemelding og respons frå læraren og i nokon grad gje tilgang til at foreldra får involvera seg i eleven sitt arbeid.

Foreldra fekk høve til å stilla spørsmål og koma med meiningane sine. Det vart ei informativ drøfting omkring læringsplattforma. Eg la stor vekt på at me skulle ta steg for steg, og lata elevane si kunnskapstileigning få vera med å styra prosessen. Elevane kom i nokon grad til å verta læremeisterar for foreldra og ta dei med inn i It's Learning. Eg understreka også ynskje mitt om foreldredeltaking. Etterpå synte eg foreldra korleis elevane skal logga seg på læringsplattforma. Foreldra fekk ein kort presentasjon av It's Learning på smarttavla.

På slutten av møtet orienterte eg om forskingsprosjektet mitt. Eg hadde på førehand avtalt dette med klassekontaktane. Alle foreldre hadde fått sendt ut ei skriftleg orientering om masterundersøkinga mi og om kva eg ville snakka om (Vedlegg 9, s 105). Slik var foreldra budde på førehand og hadde høve til å gå om dei ikkje ville delta på denne delen av møtet. Alle foreldra vart verande.

Eg fortalde at eg hadde tenkt å ta utgangspunkt i klassen sitt oppstartingsarbeid med It's Learning og undervisningsopplegget for perioden "Grip Boka!" Målet for forskingsarbeidet er å sjå om det er råd å nytta It's Learning i skule- heimsamarbeidet. Eg fortalde om emnet eg har valt og at eg var svært oppteken av foreldra sine synspunkt, opplevingar og erfaringar no og undervegs i prosjektet. Vidare forklarte eg litt om aksjonsforskning og om mi eiga rolle som både lærar og forskar i eit slikt forskingsdesign. Enno ein gong la eg vekt på at eg ville ha fram foreldra si stemma og at eg i forskingsprosjektet var særleg oppteken av samarbeidet med dei. Eg orienterte om etiske sider ved denne typen forskning og om det å ta vare på foreldre og elevar sin tryggleik undervegs og i etterkant av forskinga. Vidare var det viktig å få fram at deltaking var frivillig og at den einskilde kunne avslutta deltakinga si når som helst. Mitt forskingsprosjekt skulle heller ikkje gå ut over undervisninga. Om foreldre deltok eller ikkje, ville heller ikkje ha noko å seie for vidare samarbeid framover.


Eg delte ut spørjeskjema, som eg oppmoda alle å svara på (Vedlegg 3, s 97). Vidare inviterte eg foreldra til å verta med på eit forskingsintervju ved eit seinare høve, og at alle då vil verta kontakta direkte.

### **10.3 Steg 3 I klasserommet: "Grip Boka!" - Litteraturprosjekt med ITL som læringsarena.**

#### **10.3.1 Veke 2: It's Learning**

Elevane fekk sitt fyrste møtet med It's Learning. På smarttavla viste eg innlogging med Feide og introduserte elevane for It's Learning (Vedlegg 9, s 107). Elevane fekk passord og laga sitt eige brukarnamn. Alle elevane fekk prøva å logga seg på sjølve. Det var viktig at alle meistra pålogginga før dei skulle heim og prøva. Elevane øvde seg på å manøvrera på ITL på skulen og fann "Grip Boka!". Elevane fekk ei oppskrift som dei kunne fylgja. Utover i veka vart det justeringar av nokre passord, og elevane delte erfaringar med kvarandre og samarbeidde om å løysa problem som hadde oppstått heime. Det synte seg at 2-3 elevar hadde vanskar med å få tilgang på pc heima. Desse elevane fekk meir tid på skulen til å øva. I elevgruppa var det stor variasjon andsynes digital dugleik. Mange elevar var flinke og tok ITL raskt i bruk. Dei vart gode hjelparar for elevar som trong meir hjelp.

Elevane fekk orientering om samarbeidet med foreldra om bruken av It's Learning, foreldredeltaking og spørjeundersøking. Dei vart oppmoda om å syna foreldra korleis ITL verkar og å vera ressurspersonar for foreldra sine. Dei skulle også involvera foreldra i skrivearbeidet sitt.



Figur 6: Skjermdump frå undervisning

I It's Learning låg det no klart eit eige fag som heiter "Norsk 7.klasse". Under mappa "Oppgåver" på dette faget låg undervisningsopplegget "Grip Boka!". Der kunne elvane finna ein plan for arbeidet framover, litteratur- og forfattarliste og ulike linkar som kunne vera spanande å utforska. Elevane hadde i lekse kvar dag å lesa i sjølvvalt bok i 20 minuttar og å skriva samandrag av det dei las. Samandraget skulle så langt råd var, leverst i ITL. Når dei var ferdige med boka, skulle dei skriva ei bokmelding etter ei fast oppskrift og klare mål.

På faget "7.klasse", kunne elevane og foreldra finna halvårsplan for klassen, vekeplan, informasjon om tur til biblioteket og liknande. Her låg også oppgåver og informasjon om andre fag.

### 10.3.2 Veke 3: "Grip Boka!"

Leseprojektet hadde allereie kome i gang. Elevane hadde valt bøker, dei las og skreiv samandrag. Elevane gjorde skriftleg lekse digitalt og leverte i ITL. Dei fekk også skriva i ITL på skulen, særleg dei som av ulike grunnar valde å skriva for hand heime. Tilbakemelding frå læraren fekk dei i ITL; anten på e-postfunksjonen eller direkte i oppgåva etter kvart som dei leverte det skriftlege arbeidet sitt. Etter at dei hadde lese heile boka, skreiv dei bokmelding. Elevane likte godt å laga sine eigne bøker, så bokmeldingane vart skrivne ut og samla i ein perm. Elevane hadde også i oppgåve å illustrera/teikna til det dei las.

På skulen hadde me samling to gonger i veka der elevane fekk legga fram samandrag av det dei hadde lese. Elevane fekk munnleg tilbakemelding i klassesamlinga, både frå medelvar og læraren. Denne veka la eg inn ein repetisjon av utvalde funksjonar i ITL på smarttavla.



Underveis har eg nytta høve til uformelle samtalar med foreldre som var innom skulen. Eg spurde om dei fylgde med i eleven sitt arbeid på ITL, om det var dataproblem heime og korleis det gjekk med leksearbeidet. Eg prøvde å lytta til foreldra og fanga opp både positive og negative opplevingar og haldningar. Nokre gonger vart me samde om å tilpassa leksearbeidet for den einskilde eleven.

Eg opplevde det som nyttig og relevant å involvera foreldra så direkte i undervisninga. Dette gav meg innspel til bruk vidare i undervisninga og forskingsprosjektet.

## **10.4 Steg 4: Oppsummering**

### **10.4.1 Om å lata læraren trø tilsides og sjå med forskarblikk**

Så langt i arbeidet hadde eg ikkje opplevd noko konflikt mellom lærarrolla og forskarrolla. Det hadde vore samsvar mellom det eg ville gjort som lærar og det eg gjorde som forskar. Etter dei uformelle samtalanane med foreldra, opplevde eg at forskarrolla i større grad måtte trø fram. I forskingsarbeidet ville eg ha fram foreldremedverknad og spora foreldre til å delta meir. Eg valde difor å gjera forskaren sine behov tydlegare. Til dette brukte eg lekseplanen.

Elevane fekk i lekse å syna foreldra sine korleis det ser ut på læringsplattforma. Dei skulle finna fram arbeidet dei gjorde i ITL slik at foreldra fekk tilgang dette. På lekseplanen vende eg meg direkte til foreldra og oppmoda dei om å sjå på eleven sitt arbeid i læringsplattforma og signera på lekseplanen at dei hadde vore med eleven på ITL. Lekseplanen ligg i ITL, men elevane hadde papirutgåve i tillegg.


Dette ville eg til vanleg ikkje gjort på denne typen leksearbeid, men det var her forskarrolla mi kom inn. Eg hadde trong for å spora foreldra til medverknad og få fram erfaringane og synspunkta deira på ein tydlegare måte.

Same veka fekk eg inn 11 svar på spørjeundersøkinga.

## 10.4.2 Veke 4: Dialog i klasserommet

I klassesamlingane snakka me om elevane sine erfaringar med ITL som læringsplattform.

Elevane fortalde korleis dei hadde brukt dei ulike funksjonane i ITL til å senda elevtekstane sine til læraren og om korleis dei opplevde å få tilbakemelding på ITL. Dei fortalde at dei hadde skrive e-post til kvarandre.



Figur 7: Skjermdump frå undervising

Nokre elevar fortalde om problem dei har hatt undervegs med datamaskin og nettilgang. Elevane delte erfaringar og kom med råd til kvarandre. På smarttavla fekk dei syna fram elevarbeidet sitt til resten av klassen, og dei andre elevane gav tilbakemelding.

Me drøfta ulike sider ved det å skriva på pc andsynes å skriva for hand; om korleis det gjekk med rettskrivinga, om det å halda orden i teksten og om å illustrera tekst. Eg understreka for elevane at det er lov å skriva for hand, men oppmoda dei samstundes til å skriva på data og leggja det inn i ITL så langt det let seg gjera. Som etterarbeid kunne dei samla alt i ei bok til slutt.

Nokre elevar fortalde at dei hadde synt foreldra lekse på ITL og fortalde korleis dei hadde gjort dette. Dei fortalde korleis dei hadde opplevd det at foreldra skulle inn å sjå på leksearbeidet deira på ITL. Elevane tok opp til drøfting kva rettar dei sjølve hadde til sitt eige arbeid når dei har eige passord, og kva rettar foreldre skulle ha. Dei stilte spørsmål om kor tid foreldra også skulle få eigne passord og om kven som skulle bestemma då.

## 10.5 Steg 5: Konferansetime med læringsamtale

Frå dei uformelle samtalane eg hadde med foreldre, fekk eg ein del tilbakemeldingar. Desse tilbakemeldingane fortalde meg at eg som forskar må finna nye vegar å gå for å få fram foreldra si stemme i forskingsprosjektet. Eg ynskte å få fram foreldra sine opplevingar og erfaringar så langt, og trong å bruka meir tid på samtale med dei.

I denne perioden hadde me konferansetimmar med læringssamtale. På konferansetimane møtes foreldre og læraren til læringssamtale om eleven. Eleven vert oppmoda om å delta, og i 7.klasse gjer dei som oftest det. Eg bestemte meg for å bruka samtalen til å koma litt vidare i forskingsarbeidet. Dette avtala eg med foreldra på førehand.

Før samtalane valde eg å laga eit lite avkryssingsskjema til foreldra om ITL (Vedlegg 4, s 101). Dette var eit spørjeskjema som eg fletta inn i samtalen og kryssa av sjølv. Foreldra vart orienterte om at denne delen av læringssamtalen ville verta ein del av forskingsarbeidet mitt, og at dei same etiske reglar skal gjelde også her. Dei foreldra som ynskte å reservera seg, fekk gjera det. I avkryssingsskjemaet ville eg undersøkje kva foreldra meinte om bruken av ITL så langt, kva tankar dei hadde gjort seg undervegs og om dei hadde gjort seg kjende med ITL. No vart det fleire som uttala seg direkte om det dei hadde erfart så langt.

I samtalane fortalde foreldre om korleis dei hadde opplevd ITL til då. Me snakka om korleis foreldra opplevde at barnet deira jobba med skularbeidet på ITL, og om foreldra hadde sett på lekse eller på nokon måte hadde involvert seg i leksearbeidet knytt til ITL. Vidare tok eg opp om foreldra kjende til tilbakemeldingane elevane hadde fått på ITL og korleis dei såg på det. Me snakka om det å leggja ut generell informasjon på ITL, om kor tilgjengeleg dette var for foreldra og om det gjekk greitt å samarbeida med barnet om ITL heime. Til slutt snakka me om korleis me i ITL kan leggja til rette for at foreldra kan bruka læringsplattforma i kommunikasjon med skulen.

Samtalane tok utgangspunkt i avkryssingsskjemaet, men foreldra hadde også andre synspunkt som kom fram i dialogen. Som lærarar ville eg no slått meg til ro med resultata så langt. Eg hadde hatt foreldremøte der alle foreldra var til stades, og eg hadde vore i god dialog med einskildforeldre og samla inn mykje informasjon gjennom ulike spørjeundersøkingar. Eg visste mykje om kva foreldra meinte, kva haldningar dei hadde og kva som var utfordrande, men som forskar ville eg eit stykke vidare. Derfor hadde eg førebudd intervjuguide til intervju med fire mødrer som har sagt seg viljuge til å bli intervjuet. Men fyrst måtte eg attende til klasserommet.

## **10.6 Steg 6: Attende i klasserommet**

Elevane las og skreiv mykje i heile denne perioden. Då undervisningsopplegget gjekk mot slutten, ville eg gje elevane ei siste utfordring. Difor drøfta eg med dei korleis dei kunne koma vidare og kva som hadde vore interessant og lærerikt å arbeida med. Elevane ville laga ein bokpresentasjon på power-point, og dei valde å arbeida i gruppe. Gruppa drøfta ut frå læringsmåla for perioden kva som skulle vera med i presentasjonen og framføringa.

Presentasjonane framførte dei i klassen. Elevane valde også å leggja presentasjonane sine inn i It's Learning.

For elevane vart dette avslutninga på "Grip Boka!" Litteraturprosjektet med ITL som læringsarena. Elevane fekk evalueringsskjema til It's Learning (sjå side 70).

### **10.7 Steg 7: Intervju med foreldre**


Eg har gjort fire intervju. Intervjua er transkriberte og vert handsama seinare under *funn*. Etter å ha vendt meg generelt til alle foreldre utan å få nokon respons, spurde eg nokre av foreldra direkte. Då valde eg ut foreldre som eg meinte kunne setja lys på og underbygga funn frå tidlegare steg i forskingsprosjektet. Eg valde også ut frå at ulike synspunkt, erfaringar og haldningar skulle vera representerte. Eg spurde både fedrar og mødrer. Fedrane valde å ikkje stilla, medan fire mødrer valde å stilla til intervju. Alle intervjua føregjekk på skulen i klasserommet. På førehand hadde eg laga intervjuguide som vart brukt i alle intervjua. Intervjua vart likevel svært ulike i oppbygging, tidsbruk og innhald, då informantane kom med mange innspel undervegs.

### **10.8 Oppsummering av aksjonslaupet**

"Grip Boka!" Litteraturprosjektet med ITL som læringsarena", har vore eit undervisningsopplegg med base i norskfaget der me har prøvd å bruka It's Learning som eit verktøy for å læra, samstundes som elevane lærer å bruka verktøyet. I dette læringsarbeidet har eg freista å leggja til rette for digital foreldremedverknad. ITL er eit kommunalt satsingsområde for å læra elevane digital dugleik. "Grip Boka!" er ikkje nok i seg sjølv til å nå målet for digital dugleik i 7. klasse, men ein del av ein heilskap der dei andre faga også inngår. Elevane er i ein læringsprosess heile tida. Det er ikkje lett å måla læringsutbytte og eit lite evalueringsskjema er i beste fall ein reiskap for eleven til å tenkja gjennom kva dei har opplever at dei kan no.

## 11 Resultat

Ein kan seia at aksjonslaupet hadde gått ein runde i aksjonsforskingsspiralen og var komen til resultat (McNiff J. &, 2002). I spiralen låg undervisningsopplegget, som er praksisfeltet og min ståstad i forkinga, som eit skal rundt forskingsprosjektet.



Figur 8: Aksjonsforskingsspiralen

Både undervisninga og forkinga kan halda fram fleire rundar i spiralen. Slik kan ein sjå at det går føre seg fleire aksjonar samstundes og at det heile tida er interaktivitet mellom undervisningsopplegget og forskingsprosjektet. Intensjonen var at forskingsprosjektet skulle utvikla seg samstundes som undervisninga gjekk sin gang, at ein observerte og reflekterte over det som skjedde undervegs og at ny kunnskap skulle endra praksis. Kunnskap er også ein av føresetningane for å endra haldningar.

Det er elevane som er i sentrum for undervisning og opplæring både hjå foreldre og lærar. I forskingsprosjektet mitt er det fyrst og fremst foreldremedverknaden eg har fokusert på; digital foreldremedverknad i borna si læring. Eg har undersøkt om ei digital læringsplattform kan vera ein reiskap i foreldremedverknad, om dette kan få noko å seia for borna sitt faglege læringsarbeid og om me gjennom digitalt skule- heimsamarbeid kan nå foreldre me elles ikkje får tak i. Det er foreldra si stemme eg vil ha fram.

Eg har valt å ta føre meg dei ulike punkta i aksjonsforskingsspiralen, og gjennom dei presentere resultatata slik dei ligg føre etter ein runde.

### 11.1 Resultat foreldremøte

Foreldremøtet var starten på forskingsprosjektet mitt og tidleg i aksjonsfasen. Foreldra kjende kvarandre godt frå før. Det var ikkje vanskeleg å få diskusjonen i gang, sjølv om eg observerte at det var foreldre som ikkje deltok. Meiniane hjå foreldra varierte og hadde eit spenn frå entusiasme til skepsis. Mange foreldre understreka at dei ikkje kjende til ITL og at det var vanskeleg å seia noko om bruken. Ein del foreldre var usikre på om det er trygt å bruka eit digitalt media i saker som handla om informasjon om borna deira. Andre foreldre var meir konkrete i sine framlegg til bruken av ITL; nokon ville ha vekeplan for klassen og informasjon frå skulen på læringsplattforma, nokon vil ha foto frå

skulekvardagen, nokon kunne tenkja seg fagleg hjelp som t.d. reglar i grammatikk eller andre ”oppskrifter” for å kunna hjelpa elevane. Det kom også framlegg om å laga alternativ til den tradisjonelle meldingsboka. Ikkje så mange har tankar om interaktivitet og medverknad. Alle er opptekne av borna si sosiale og faglege utvikling og har lyst til å medverka i dette, men om ITL kan vera ein reiskap, var vanskeleg for foreldra å sjå føre seg.

Eg fann at ikkje alle foreldre har nok informasjon om kva ei læringsplattform er og kva ho kan brukast til. Foreldre var ikkje i stor nok grad blitt kjend med læringsplattforma It’s Learning, noko dei gav uttrykk for sjølve i samtalan. Eg observerte at mange foreldre er utrygge med tanke på digitalisering i skulen og at dei skal koma til kort andsynes borna sine i den digitale utviklinga. Skulen var i startgropa for å koma i gang. Elevane hadde ikkje fått eit samla grunnlag av kunnskap i bruken av ITL. Ikkje eingong læraren var på heilt trygg grunn. Hovudsaka ut frå dette var at her måtte det undervisning og opplæring til!

Likevel var mange foreldre entusiastiske og hadde venta på at elevane skulle koma i gang med It’s Learning. Det å bruka ei digital læringsplattform i skulesamanheng, var på denne tida ikkje noko nytt fenomen, så det var på tide å koma i gang.

Foreldremøtet vart ei nyttig gruppesamling. Foreldregruppa hadde fatta interesse for undervisningsopplegget og for It’s Learning. Det vart viktig å ta vare på denne interessa og arbeida for at foreldra skal verta tryggare andsynes bruk av ITL. I denne samanhengen vil elevane verta viktige støttespelarar. Eg opplevde at eg har eit godt fundament å arbeida ut frå i forskingsprosjektet mitt.

## 11.2 Resultat spørjeskjema

I spørjeskjemaet brukte eg kategoriar frå Thomas Nordahl sin tabell over ulike nivå i skuleheimsamarbeidet (Nordahl, 2007). Eg har valt å dela opp spørjeskjemaet etter desse nivåa, slik at informasjonen vert meir oversiktleg. Vidare har eg valt å oppsummera resultatata etter kvart nivå og sei noko om kva funna fortel. Til slutt har eg samla resultat for heile spørjeundersøkinga og trekt ur det som er hovudsaka for forskingsspørsmåla og det eg ynskjer å gå vidare med.

11 foreldre av 18 har svar på desse spørsmåla.

### 11.2.1 Informasjonsflyt mellom heim og skule.

Kryss for eitt av alternativa:	Ja	Nei	Veit ikkje
--------------------------------	----	-----	------------

<b>1. Tykkjer du at du får den informasjonen som du treng?</b>	10		1
<b>Om skulen?</b>	9	2	
<b>Om barnet sin faglege utvikling?</b>	10	1	
<b>Om barnet si sosiale utvikling?</b>	9	1	1
<b>2. Trur du at ein del av informasjonen frå skulen med fordel kan ligga på ITL?</b>	8	2	1
<b>3. Bør ein skilja mellom informasjon som gjeld for heile skulen og berre for den einskilde klassen?</b>	9		2
<b>4. Meiner du det er ynskjeleg med ei eiga informasjonsmappe for den einskilde eleven?</b>	6	1	4
<b>5. Kjem du til å bruka ITL ?</b>	6		5
<b>For å henta informasjon om skulen?</b>	6		5
<b>For å henta informasjon om klassen?</b>	5	1	5
<b>For å henta informasjon om eleven?</b>	6	2	3
<b>6. Kjem du til å bruka ITL sjølv når du vil informera skulen om noko?</b>	2	5	4
<b>7. Er det naudsynt med papirutgåve i tillegg til informasjon på ITL?</b>	6	3	2

**Figur 9: Spørjeskjema med resultat - informasjon**

### **Spørsmål 1:**

Her ser me at 9-10 av foreldra tykkjer dei får den informasjonen dei treng om skulen og om barnet si sosiale og faglege utvikling. Me må likevel slå fast at det er minst ein heim som ikkje er nøgd med den informasjonen dei får.

### **Spørsmål 2:**

8 foreldre meiner at ein del informasjon frå skulen med fordel kan ligga på ITL, medan 2 foreldre svara nei her. 1 svarar veit ikkje.

### **Spørsmål 3 og 4:**

9 foreldre meiner at ein må skilja mellom den informasjon som gjeld for alle på skulen og for den som gjeld den einskilde eleven. 6 foreldre meiner at ein skal ha ei informasjonsmappe for den einskilde eleven. På desse spørsmåla svara h.v. 2 og 4 veit ikkje.

### **Spørsmål 5:**

På spørsmåla her ser me at om lag halvparten av dei som svarer, kjem til å nytta ITL sjølve for å innhenta informasjon. Den andre halvparten veit ikkje enno. Me ser også her at 1-2 ikkje kjem til å nytta ITL for å henta inn informasjon.

### **Spørsmål 6:**

Spørsmålet handlar om foreldre som brukarar av ITL. Bere 2 foreldre vil nytta ITL sjølve når dei ynskjer å informera skulen om noko. 5 seier nei medan 4 veit ikkje.

### Spørsmål 7:

6 foreldre meiner at det er naudsynt med papirutgåve av informasjonen i tillegg til ITL, 2 veit ikkje, medan 3 foreldre meiner at informasjon på ITL er nok. Eg tenkjer at også mellom dei 7 heimane som ikkje deltek i spørjeundersøkinga, kan nokon ha ynskje om papirutgåver slik det er i dag.

8. I ITL kan informasjon gjerast tilgjengeleg på ulike måtar. Korleis vil du at fylgjande informasjon skal ligga i ITL? Kryss av ( gjerne for fleire alternativ):	Ope	Lukka	Ikkje tilgjengeleg	Veit ikkje
• Årsplan	11			
• Fagplanar	10	1		
• Skulerute	11			
• Skulereglement	10	1		
• Klassereglar	9	2		
• Aktivitetsplan	9	2		
• Vekeplan	8	2		1
• Timeplan	7	3		1
• Telefonliste	4	7		
• Klasseliste	4	7		
• e-postadresser	3	6	2	
• fødselsdagar	5	6		
• referat frå turar og aktivitetar	7	4		
• bilete frå turar og aktivitetar	5	6		
• møteinnkalling	8	3		
• møtereferat	5	6		
• elevvurdering		7	4	
• elevarbeid		6	4	1
• andre framlegg				

Figur 10: Spørjeskjema med resultat - informasjon

### Spørsmål 8:

Svara her syner at den ”ufarlege” informasjonen som handlar om skulen sine planar, reglar og møte, kan ligga i eit ope system tilgjengeleg for alle partar i skulen. Over halvparten av svara syner at informasjon om klassen, slik som klasseliste, telefon- og e-postlister skal vera i lukka system. Det same gjeld for elevarbeid og elevvurdering. Her meiner om lag 1/3 av foreldra at informasjon om eleven ikkje skal vera på ITL i det heile.

#### 11.2.2 Kva fortel desse funna?

Foreldre er stort sett nøgde med informasjonen slik den er i dag, men det finst eit potensiale i skulen/klassen for å verta betre og for å nå fleire av foreldra. Det er høg skår for at ein del av informasjonen frå skulen med fordel kan ligga på ITL. Dette er den informasjonen som er allmenn og ”ufarleg”, ofte kalla ”ranselpost”.



Foreldre meiner at ein på ITL må skilja mellom generell informasjon som gjeld alle elevane på skulen, den einskilde klasse og informasjon som berre gjeld ein elev. 1/3 av heimane ynskjer ikkje ha informasjon om sin elev på ITL i det heile. Saman med talet foreldre som ikkje ynskjer å delta i undersøkinga, kan dette syna seg å vera ei stor gruppe.

Undersøkinga syner høgare skår, eller meir interesse mellom foreldra, for å innhenta informasjon frå skulen enn sjølv å gje informasjon til skulen ved bruk av ITL. Det kan synast som einvegskommunikasjon frå skulen er meir aktuelt enn interaksjon mellom heim og skule. Me ser at dei svara som handlar om foreldre sin eigen bruk av ITL, har middels høg skår av ”veit ikkje”. Det kan tyda på at foreldre er skeptiske til eigen bruk av årsaker som undersøkinga så langt ikkje seier noko om.

Eit parallelt bilete, som ein må ta omsyn til, er at 1-2 foreldre svarar negativt til all bruk av ITL i informasjonsflyt mellom heim og skule. Årsakene til dette synspunktet veit me ikkje noko om enno.

### 11.2.3 Kommunikasjon/dialog

Kryss av for eitt alternativ:	Ja	Nei	Veit ikkje
1. Kan ITL verta ein reiskap for kommunikasjon mellom skule og heim?	10	1	
2. Kan ITL verta ein tilleggskanal for skule- heimsamarbeidet?	11		
3. Vil du bruka ITL som reiskap for dialog om ditt barn?	1	5	5
4. Trur du at ITL kan erstatta meldingsboka sin funksjon?	3	5	3
5. Bør det vera retningsliner for kva det kan vera dialog om på ITL?	10		1
6. Meiner du at me skal leggja til rette for at elevane kan gjera lekser på ITL?	4	4	3
7. Vil det engasjera deg på ein annan måte om borna gjer lekser på ITL?	2	6	3
8. Vil lekser på ITL vera motiverande for elevane?	1	3	7
9. Trur du at du får meir oversikt over elevarbeidet med ITL?	2	5	4
10. Kan informasjon på ITL gjera foreldremøta meir elevretta?	3	4	4
11. Kan informasjon på ITL vera med på setja meir fokus på barnet på konferansetimane?	3	2	6

Figur 11: Spørjeskjema med resultat - dialog

#### Spørsmål 1 og 2:

Avkryssinga syner at 10 av 11 foreldre er positive til at ITL kan vera ein reiskap og ein tilleggskanal for kommunikasjon mellom heim og skule.

#### Spørsmål 3 til 5:

Det kan sjå ut som at foreldra ikkje ser på ITL som ein reiskap for dialog mellom heim og skule om det einskilde barnet. Det er heller låg interesse for å erstatta meldingsboka med ITL. På desse spørsmåla er det nokså høg skår for ”nei” og ”veit ikkje”. Når ein ser resultatata

i samanheng, kan det synast som at dei fleste heimane framleis er usikre andsynes dialog om barnet sitt på ITL. Det er høg skår for å ha retningsliner for kva det kan vera dialog om på ITL.

### **Spørsmål 6 til 9:**

Desse spørsmåla handlar om lekser på ITL. Berre 4 av 11 meiner at det skal leggst til rette for at elevane skal kunna gjera lekser på ITL. Dette må seiast å vera ein låg skår. Foreldre har i liten grad tru på ITL som motiverande faktor for elevane i leksearbeidet. Det ser ut til at ITL i liten grad vil auka foreldra sitt engasjement omkring leksearbeidet. Dei har heller ikkje tru på at ITL vil gje dei som foreldre meir oversikt over elevarbeidet.

### **Spørsmål 10 og 11:**

Spørsmåla handlar om ITL kan vera ein reiskap for å gjera kommunikasjonen føre foreldremøte og konferansetimar meir elevretta. Tilsaman 8 av 11 foreldre svarar ”nei” eller ”veit ikkje” på desse spørsmåla. Det kan henga saman med at mange foreldre ikkje vil ha liggande informasjon om barnet sitt på ITL. ITL vert då ikkje ei kjelde for informasjon, og med det ikkje eit medium til å gjera foreldremøta og konferansetimane meir elevretta. Det kan synast som at foreldre ikkje ser på ITL som ein reiskap for å styrka foreldremøte og konferansetimar. Men ein kan også merka seg at tre foreldre er positive.

### **11.2.4 Kva fortel desse funna?**

Så langt kan funna i spørjeundersøkinga tyda på at ITL kan vera ein reiskap for informasjonsflyt frå skulen til heimen også andsynes områda kommunikasjon og dialog. Dette må ein kunna tru gjeld for kommunikasjon og dialog som handlar om skulesamfunnet generelt, ikkje andsynes det einskilde barnet.

I kva grad ITL kan vera ein tilleggskanal for kommunikasjon, kan synast noko motstridande. Kommunikasjon føreset at minst to partar deltek. Det er høg skår på ITL som tilleggskanal for kommunikasjon og ein reiskap for kommunikasjon, men så langt synest det som at foreldre vegrar seg for å bruka denne kanalen eller reiskapen sjølve. Såleis ser ein også at det er låg skår for dialog.

Det ser heller ikkje ut til at foreldra synest ITL er ein reiskap for elevarbeid og lekser. Med tanke på at ITL er meint å vera ei læringsplattform for alle elevane, med ulike typar oppgåver og fleire måtar å levera elevarbeidet på, er dette verdt å reflektera over. Foreldre

ser heller ikkje i nokon stor grad at ITL kan vera motiverande for elevane eller engasjerande for foreldre.

Resultata så langt indikerer at foreldra innafor desse områda er nøgde med skule- heimsamarbeidet i denne klassen. Det kan synast som at foreldra i stor grad er nøgde med den kommunikasjonen og dialogen dei har med skulen gjennom dei tradisjonelle kanalane. Undersøkinga så langt indikerer også at ITL ikkje er ein stad der foreldre vil ha informasjon om barnet sitt lagra.

## 11.2.5 Medverknad/medråderett

### 11.2.5.1 Tryggleik kring skule- heimsamarbeidet

Kryss av på skalaen der 1 er "låg grad" og 5 er "høg grad":	1	2	3	4	5
1. I kva grad opplever du tryggleik kring skule- heimsamarbeidet ?			3	9	
2. I kva grad vil ITL verta ein nyttig reiskap for å skapa tryggleik?		3	6	2	
3. I kva grad tykkjer du det er lett å ta kontakt med skulen?			3	4	4
4. I kva grad kan ITL gjera det lettare for deg å ta kontakt med skulen?	3	3	3	1	1
5. I kva grad tykkjer du at lærarane kjem deg i møte når du tek kontakt?			2	2	7
6. I kva grad trur du ITL kan vera eit hjelpemiddel for å ta kontakt?	2	2	3	2	2

Figur 12: Spørjeskjema med resultat - samarbeid

#### Spørsmål 1:

Foreldre opplever tryggleik kring skule- heimsamarbeidet i meir enn middels høg grad: 9 foreldre svarar på trinn 4 og 3 foreldre på trinn 3 i skalaen. Ein kan seia at dette er eit høgt resultat, men ingen svarar "høg grad". Det er potensiale for betring.

#### Spørsmål 2:

Svara på spørsmålet om ITL kan vera ein nyttig reiskap for å skapa tryggleik, legg seg her kring middels høg skår.

#### Spørsmål 3 og 5:

Det synest som at foreldre tykkjer det er lett å ta kontakt med skulen; alle ligg på trinn 3, 4 og 5 på skalaen, noko som må seiast å vera middels til høg skår. Foreldra opplever i høg grad at læraren kjem dei i møte når dei tek kontakt; 7 foreldre på "høg grad", dei andre 4 foreldra på trinn 3 og 4.

#### Spørsmål: 4 og 6

På spørsmålet om i kva grad ITL kan gjera det lettare å ta kontakt med skulen, dekkjer svara heile skalaen. I snitt ser me at resultatet vert frå middels til låg skår. På spørsmålet om i kva

grad ITL kan vera eit hjelpemiddel for å ta kontakt, ligg svaret her om lag på same nivå, men noko nærare middels.

### 11.2.5.2 Innsyn i skulesamfunnet

Kryss av på skalaen der 1 er ”låg grad” og 5 er ”høg grad”:

7. I kva grad meiner du at du har innsyn i skulesamfunnet?		1	5	5	
8. I kva grad kan ITL vera med å gje innsyn i skulesamfunnet?	1		5	5	
9. I kva grad trur du at foreldre sitt innsyn styrkar:					
Skulen?			5	5	1
Barnet si faglege utvikling?		2	4	4	1
Barnet si sosiale utvikling?		2	4	4	1

Figur 13: Spørjeskjema med resultat - innsyn

#### Spørsmål 7 til 9:

Spørsmåla handlar om foreldre opplever innsyn i skulesamfunnet. Svara syner at foreldre opplever over middels høg grad av innsyn i skulesamfunnet. Dei opplever at innsynet deira i skulesamfunnet i over middels høg grad styrkar skulen og barnet si sosiale og faglege utvikling. Dei opplever at ITL i same grad kan vera med på å gje dei innsyn i skulesamfunnet.

### 11.2.5.3 Medverknad og påverknad i skulesamfunnet

Kryss av på skalaen der 1 er ”låg grad” og 5 er ”høg grad”:

10. I kva grad er du nøgd med ditt høve til å medverka i skulesamfunnet?			3	7	1
11. I kva grad vil ITL verta ein nyttig reiskap for deg i denne samanhengen?		2	7	2	
12. I kva grad nyttar du dei høva som er til sjølv å medverka i skulesamfunnet?			9	2	
13. I kva grad vil ITL verta ein reiskap for deg i denne samanheng?	1	4	3	3	
14. I kva grad trur du ITL kan verta eit reiskap for å kunna vera med å påverka?		2	6	3	
Skulesamfunnet?		2	7	2	
Sosiale mål for barnet ditt?		2	8	1	
Faglege mål for barnet ditt?		1	8	2	
15. I kva grad vil du kunna bruka ITL til pedagogiske innspel?		4	5	2	

Figur 14: Spørjeskjema med resultat - medverknad

#### Spørsmål 10 til 13:

Foreldre opplever i meir enn middels høg grad at dei er nøgde med sitt høve til å medverka i skulesamfunnet. På trinn 3, 4 og 5 ligg skåren på 3, 7 og 1. Dei svarar at dei i middels høg grad nyttar dei høva som er til medverknad. Dei svarar at ITL i middels høg grad kan verta ein nyttig reiskap i denne samanhengen. Svara er meir sprikande på spørsmålet om ITL vil verta ein nyttig reiskap for dei sjølve. Skåren synest i snitt å ligga under middels høg grad.

### Spørsmål 14 og 15:

Meir enn halvparten av foreldra svarar at ITL kan koma til å verta ein reiskap for å vera med å påverka skulesamfunnet og til å kunna påverka dei sosiale og faglege måla for barnet sitt, og i noko grad til eigne pedagogiske innspel.

#### 11.2.5.4 Oversikt over barnet i skulesamfunnet

Kryss av på skalaen der 1 er "låg grad" og 5 er "høg grad":

<b>16. I kva grad har du oversikt over kva barnet ditt driv på med på skulen?</b>					
Fagleg?		1	3	7	
Sosialt?		1	5	5	
<b>17. I kva grad kan ITL vera med på å gje oversikt over kva barnet ditt driv på med på skulen?</b>					
Fagleg?		2	3	6	
Sosialt?	1	2	3	5	

Figur 15: Spørjeskjema med resultat - læring

### Spørsmål 16 og 17:

Foreldre opplever at dei i meir enn middels grad har oversikt over kva barnet deira driv på med på skulen, både fagleg og sosialt. Det kan synast som dei i stor grad ser på ITL som ein reiskap for å få oversikt over barnet si faglege og sosiale utvikling, kan hende i noko større grad andsynes fagleg utvikling.

#### 11.2.5.5 Foreldre som ressurs

Kryss av på skalaen der 1 er "låg grad" og 5 er "høg grad":

<b>18. I kva grad meiner du at foreldre kan vera ein ressurs for/ gje innspel til:</b>					
Skulen?		1	1	8	1
Eleven si sosiale utvikling?			1	9	1
Eleven si faglege utvikling?			1	7	2
<b>19. I kva grad kan ITL opna for foreldre som ressurs?</b>					
For skule?		2	6	2	1
Eleven si faglege utvikling?			8	3	
Eleven si sosiale utvikling?	1		8	2	
<b>20. I kva grad tykkjer du at lærarane let foreldre sleppa til som ressurspersonar?</b>		1	6	4	
<b>21. I kva grad kan ITL medverka til at foreldre får sleppa til som ressurspersonar?</b>		1	5	5	
<b>22. I kva grad tykkjer du at du kan påverka gjennom konferansetimen?</b>			1	8	2
<b>23. I kva grad kan ITL verta ein kanal for deg til å påverka konferansetimen?</b>	2	3	3	2	1
<b>24. I kva grad føler du at det er læraren som har makta?</b>		3	6	1	1
På konferansetimen?		3	5	3	
På foreldremøtet?		4	5	2	
Om kunnskap om barnet ditt?		3	5	3	
<b>25. I kva grad kan ITL verta ein reiskap for deg til få meir makt?</b>	2	4	4	1	

<b>26. I kva grad føler du avmakt i skule- heimsamarbeidet?</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>7</b>		
---	----------	----------	----------	--	--

Figur 16: Spørjeskjema med resultat - foreldreressurs

### Spørsmål 18 til 21:

Halvparten eller fleire svarar at dei i nokon grad kan vera ein ressurs andsynes skulen, barnet si sosiale utvikling og barnet si faglege utvikling. Dei svarer at ITL kan opna opp for foreldre som ressurs. Foreldre får i stor grad sleppa til som ressurspersonar i dei tradisjonelle fora, og meir enn halvparten meiner at ITL kan medverka til dette.

### Spørsmål 22 til 26:

Det kan sjå ut som at foreldre opplever at dei har påverka på konferansetimane. Alle dei 11 foreldra ligg på skalaen ”middels høg” til ”høg”. I kva grad ITL kan vera ein kanal for å kunna påverka konferansetimane, spreier svara seg over heile skalaen. I snitt ligg skåren noko under middels. På spørsmåla om kven foreldra opplever å ha makta på konferansetimar, på foreldremøte og over kunnskap om barnet, ligg skåren på middels grad for læraren. Foreldra føler i middels grad avmakt i skule- heimsamarbeidet. Dei ser i liten grad at ITL kan verta ein reiskap for dei til å oppnå meir makt.

#### 11.2.5.6 Opplæringslova

Kryss av på skalaen der 1 er ”låg grad” og 5 er ”høg grad”:

<b>27. I fylgje opplæringslova er det foreldra som har hovudansvaret for oppsæding og opplæring av barnet sitt. I kva grad tykkjer du at dette gjeld for deg og ditt barn?</b>		<b>1</b>	<b>2</b>	<b>4</b>	<b>4</b>
<b>28. I kva grad kan ITL verta eit verkty for deg i denne samanhengen?</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	

Figur 17: Spørjeskjema med resultat - opplæringslova

### Spørsmål 27 og 28:

Foreldre ser i stor grad ut til å vera medvitne om at opplæringslova, som slår fast at foreldre har hovudansvaret for oppsæding og opplæring, gjeld for dei. 10 foreldre skårar på trinn 3-5, med 4 som høgaste skår. Spørsmålet om ITL kan vera ein reiskap for foreldra i denne samanhengen, får omlag middels skår.

#### 11.2.6 Kva fortel desse funna?

Foreldre opplever tryggleik kring skule- heimsamarbeidet. Det er lett å ta kontakt med skulen, og læraren kjem foreldre i møte i stor grad. Det er likevel eit potensiale for å betra skule- heimsamarbeid og at ein skal kunna nå fleire foreldre. Så langt kan ein ikkje seia at ITL er ein reiskap som mange vil nytta for å ta kontakt. Det er stort spenn innanfor

foreldregrupper. Ein kan seia at i underkant av halvparten av foreldra ser nytten av denne reiskapen for sin del i skule- heimsamarbeidet.

Det kan synast som foreldre har godt innsyn i skulesamfunnet og at dei opplever dette som ei styrke for skulen og den einskilde eleven sin faglege og sosiale utvikling. Det kan sjå ut som at ITL kan vera ein reiskap for foreldre til å skaffa seg informasjon, men det ser ikkje ut som ITL er ein reiskap foreldre i same grad vil nytta sjølve. Me ser også at foreldre, i overraskande høg grad, ser på ITL som ein reiskap for å få oversikt over kva barnet driv på med, i noko større grad i fagleg samanheng enn sosialt. Foreldre ser samanhengen mellom det å skaffa seg informasjon og det å kunna vera ein styrke for skulen og for barnet sitt.

Foreldre opplever at dei i middels høg grad kan påverka og medverka i skulesamfunnet. Foreldre nyttar dei høva som er til å påverka i skulesamfunnet og tar del. Ein kan likevel sjå at høgare grad av medverknad og påverknad er mogeleg. Nokon ynskjer dette, medan andre er nøgde med stoda slik ho er. Det synest som at ITL også her kan vera ein nyttig reiskap for å henta informasjon, men ikkje i same grad ein reiskap for at dei skal ta del sjølve.

Foreldre opplever at dei har oversikt over kva barnet driv på med på skulen, både fagleg og sosialt. Foreldre meiner at dei kan vera ein ressurs for skulen og for barnet si faglege og sosiale utvikling. Foreldre tykkjer at dei får sleppa til som ressurspersonar i skulen.

Undersøkinga syner likevel at det rom for betring. Undersøkinga syner også at foreldre ser at ITL kan vera ein reiskap for å få fram foreldreressursen og ein reiskap for dei sjølve til å gje innspel til skulen. Konferansetimen er ein læringssamtale mellom lærar, foreldre og elev. Foreldre opplever at dei i stor grad kan påverka og medverka gjennom konferansetimane. Meir enn halvparten meiner at ITL kan vera ein kanal for å påverka i konferansetimen, men me ser også at dette ikkje er ein kanal for alle. Undersøkinga fortel at foreldre i stor grad opplever at det er læraren som har makta over konferansetimen og foreldremøtet. Det same gjeld for kunnskapen om barnet. Undersøkinga syner også at meir enn halvparten av foreldra føler avmakt i skule- heimsamarbeidet. Dette kan synast som eit høgt tal, men undersøkinga gjev ikkje informasjon om i kva situasjon avmaktskjensla finn stad. Det er likevel grunn til å merka seg korleis foreldra opplever maktstrukturen i skule- heimsamarbeidet, samstundes som ein stor del av foreldra også meiner at dei kan påverka og medverka gjennom konferansetimane. Det ser ikkje ut som at foreldre ser på ITL i nokon grad som ein reiskap for å påverka maktstrukturen.

Foreldre tek i stor grad opplæringslova på alvor og ser på ansvaret for oppsæding og opplæring av barnet sitt som ei foreldreoppgåve. Undersøkinga syner likevel at ikkje alle

foreldre opplever like klart at dette gjeld for dei. Undersøkinga fortel ikkje noko om kva som ligg bak desse svara.

Det kan synast som foreldre er i ferd med å verta medvitne om ITL som reiskap for interaksjon, og ikkje berre for innhenting av informasjon, men undersøkinga er ikkje tydeleg nok. Ut frå det ein før har sett i undersøkinga, kan det synast som at ITL ikkje er ein reiskap for samarbeid om ein skildelevar.

### **11.2.7 Resultat heile spørjeundersøkinga**

På dette steget i forskingsprosjektet kan det samla sett sjå ut som at halvparten av foreldregruppa ser It's Learning som ein reiskap som dei vil kunna nytta i skuleheimsamarbeidet. Dette varierer ein del ut frå dei ulike emna som vert undersøkte.

For å kategorisera resultata etter spørjeundersøkinga, held eg fram med å bruka Thomas Nordahl sin tabell for skule- heimsamarbeid: informasjon, dialog og medverknad (Nordahl, 2007).

#### **11.2.7.1 Informasjon mellom heim og skule**

Ein del av informasjonen frå skulen kan med fordel ligga på ITL. Dette er den informasjonen som er allmenn. Foreldre meiner det må vera skilje mellom korleis ein organiserer informasjon som gjeld skulen, klassen og det ein skilde barnet. Så langt kan funna i spørjeundersøkinga tyda på at ITL kan vera ein reiskap for informasjonshenting frå skulen til heimen. Det er foreldre som svarar negativt til all bruk av ITL i informasjonsflyt mellom heim og skule. Undersøkinga så langt indikerer at ITL ikkje er ein stad der foreldre vil ha informasjon om barnet sitt lagra. 1/3 av heimane ynskjer ikkje informasjon om barnet sitt lagra på It's Learning.

#### **11.2.7.2 Dialog**

Foreldre vegrar seg mot å nytta ITL som kanal for dialog omkring barnet sitt. Det kan synast som einvegskommunikasjon frå skulen er meir aktuelt enn interaksjon mellom heim og skule. Det er høg skår på ITL som tilleggs kanal for kommunikasjon, Dette ser ut til å gjelda for kommunikasjon og dialog som handlar om skulesamfunnet generelt, ikkje andsynes det ein skilde barnet. Så langt synest det som at foreldre vegrar seg mot å bruka denne kanalen eller reiskapen sjølve, kun for å henta informasjon. Såleis ser ein også at det er låg skår for dialog mellom heim og skule på læringsplattforma.



Lekser og heimearbeid er i stor grad foreldra sitt høve til å fylgja opp læringsarbeidet åt barnet sitt. Det ser ikkje ut til at foreldra ser på ITL som ein arena for lekse- og læringsarbeid på dette steget.

### **11.2.7.3 Medverknad og medråderett**

Så langt kan det sjå ut som at foreldre som gruppe ikkje ynskjer ITL som reiskap for det skule- heimsamarbeidet som handlar om einskildeleven. Det er større opning for ITL som reiskap andsynes skulesamfunnet; for å kunna påverka og medverka, for å få medråderett og for å endra maktstrukturen. Me ser også at foreldre ser på ITL som ein reiskap for å få oversikt over kva som går føre seg på skulen. Undersøkinga syner at foreldre ser at ITL kan vera ein reiskap for å få fram foreldre som ressurs for skulen, at ITL kan gje rom for innspel frå foreldre.

Spørjeundersøkinga femnar om mange tema og område i skule- heimsamarbeidet, både det tradisjonelle og eit mogleg digitalt samarbeid. Det tek tid å svara på alle spørsmåla.

Spørjeundersøkinga kjem i ein periode med stort fokus på It's Learning som læringsplattform for elevane og med foreldredeltaking i forskingsprosjektet mitt. Foreldra opplever borna sin læringsprosess og får etter kvart eigne kunnskapar og erfaringar. Eg vil tru at foreldre kjem inn i ein tankeprosess og kan hende også i ein endringsprosess andsynes det digitale foreldresamarbeidet.

Det kan synast som foreldre er i ferd med å verta medvitne ITL som reiskap for interaksjon i skule- heimsamarbeidet; ikkje berre for innhenting av informasjon, men også for å gje informasjon sjølve. Men me ser også at ITL ikkje er ein kanal for alle. Undersøkinga er så langt ikkje eintydig eller tydleg nok på dei ulike områda.

## **11.3 Resultat dialog**

### **11.3.1 Resultat dialog i klasserommet**

I klassesamlinga snakka me om elevane sine erfaringar med ITL som læringsplattform. Elevane var ivrige etter å fortelja, og samtalen gjekk lett. Eg har notert replikkar frå samtalen undervegs:

Lærer: No har dekan litt ulike erfaringar med It's Learning. Kor leverer du helst det skriftlege arbeidet?

Elev 1: ”Det er kjekkast å svara på e-post for den er så lett å finna fram til.”

Elev 2: ”Ja, og det er kjekt å få tilbakemelding på e-posten også, spanande å opna og sjå kva læraren skriv.”

Elev 3: ”Men på ”Oppgåver” får eg betre oversikt over alt eg har skriva og det vert lettare å halda styr på alle samandraga”.

Lærer: Korleis opplever dekan ITL elles, då?

Elev 4: ”Det er spanande å sjå kva læraren legg inn i ITL: bilete, linkar og slikt. Eg går alltid inn på ITL fyrst, når eg skal byrja med leksene. Eg brukar berre den vekeplanen som ligg der.”

Elev 5: ”Det er kjekt å senda e-post til kvarandre. Foreldra mine likar best at eg bruker ITL for det trur dei er tryggast.”

Elev 3: ”Det ligg jo mykje informasjon om kommunen på opningssida. Eg har no sett litt på det og.”

Mange elevar likar å skriva på data fordi dei tykkjer det vert finare og at det er lettare med rettskriving. Elevane er ulike og brukar ITL i ulik grad. I klassen er det elevar som av ulike grunnar skriv for hand. Dette har heile tida vore fullt akseptert. Det er elevar som ikkje har tilgang til internett og pc. Etter kvart ser eg at fleire går over frå å skriva på data til å skriva for hand. Det gjeld for fleire jenter.

Lærer: Nokon av dekan jenter har skriva på pc før, men er gått over til å skriva for hand. Kva er grunnen til det?

Jente 1: Eg synst det vert finare. Eg likar å skriva for hand. Det vert meir personleg.

Jente 2: Ja, og så kan me laga ei fin arbeidsbok av alt me skriv.

Jente 3: Det vert ikkje så mykje feil når eg skriv for hand. Eg skriv seinare og får tid til å tenka.

Elevane er vane med å laga bøker sjølve som ein del av norskopplæringa og likar dette arbeidet. Eg oppmodar elevane til å skriva på data, levera på ITL og så kan me skriva det ut og dekorera etterpå. Arbeidet kan me samla i ei bok til slutt.

Når eg spør om foreldra er i lag med dei på ITL, er det variasjon i svara. 14 av 18 elevar har hatt foreldra med inn i ITL, men i ulik grad:

Elev 3: ”Eg har vist begge foreldra mine korleis det ser ut på ITL, men berre ein gong.”

Elev 4: ”Mine foreldre ser alltid på det eg har skrive. Nokon gonger rettar dei feil også.”

Elev 1: ”Mor mi har ITL i jobben sin, så ho fylgjer ofte med, men ikkje kvar dag.”

Elev 6: ”Mor mi synst nok at det er viktigare å kunna skriva fint, men at det er bra me lærer data også. Men det vert litt stress, for me er mange som skal bruka datamaskina. Eg får ikkje alltid gjort lekse på data.”

Elev 7: ”Mine foreldre tykkjer det er bra at vekeplanen ligg på ITL no.”

Elev 8: ”Dei er vel innpå ein gong eller kanskje to kvar veke, men det er mest for å sjå om det er kome noko nytt frå skulen der.”

Lærer: Går det greitt med pålogging?

Elev 7: ”Far min er i Nordsjøen. Han vil gjerne ha pålogging sjølv. Han spør alltid om eg kan visa han når han er heima.”

Elev 3: ”Foreldra mine er skilt, så dei vil også gjerne ha eigne påloggingar, begge to.”

I samtalen med elevane får eg stadfesta det eg sjølv opplever. Den digitale interaksjonen mellom læraren og heimen er ikkje slik som eg kunne tenkt meg. Berre tre foreldre (to mødrer og ein far) har til no skrive signaturen sin i ITL.

### **11.3.2 Resultat dialog med foreldre**

I uformelle møte med foreldre nytta eg høve til samtale og dialog. Dette er samtalar som ikkje er tatt opp på band. Eg hadde på førehand vore klar over at slike høve kunne oppstå, så eg var ikkje heilt ubudd. Dette var eit tilfeldig utval av foreldre. Eg har notert etter kvart:

Lærer: Korleis opplever du at barnet ditt likar ITL?

Mor til A: ”Når A kan velja, likar ho best å skriva i skriveboka og pynta og gjera det fint. Men ho brukar ITL også, og i alle fall dersom det er lekse å bruka ITL.”

Mor til B: ”B likar å skriva forteljingar, så eg opplever at han likar ITL også.”

Mor til D: ”D vil jo helst gjera mest mogleg av innlevering av skriftleg arbeid på ITL. Ho likar arbeidsforma og synst at ho får leksene fortare unna.”

På spørsmål om dei har sett på skularbeidet som elevane har lagt på ITL og på tilbakemeldingane elevane har fått av læraren, har eg tatt med fylgjande kommentarar:

Mor til D: ”Ja, altså. Eg får jo ikkje legga meg opp i kva ho skriv. Det vil ho bestemma sjølv, og det er ikkje alltid ho vil at eg skal sjå det. Men det ser ut som ho synst det er ok at eg bryr meg om korleis det går. Ho er jo litt stolt av det ho kan, og vil at me foreldre skal vita at ho får gode tilbakemeldingar. ”

Mor til C: ”C arbeider sjølvstendig. Slik eg ser det meistrar ho ITL godt og brukar den når ho skal.”

Mor til B: ”Eg tykkjer tilbakemeldingane eleven får er ok. Kanskje dei er betre no når læraren brukar ITL – læraren må jo også skjerpa seg når ho set forventningar til oss foreldre.”

Mor til A: ”Eg er eigentleg ikkje så ofte inn på ITL. Eg var flinkare med det same dei skulle læra om ITL. Då var eg meir nyfiken. Men C viser meg tilbakemeldingane ho får, så då er eg innpå saman med ho.”

Lærer: Korleis tykkjer du me kan bruka ITL i skule- heimsamarbeidet framover? Ser du nokon måte?

Forelder 1: ”Eg vil helst snakka med læraren ansikt til ansikt. Eg vil ha den nærleiken og ikkje noko maskin mellom oss. ”

Forelder 2: ”Det er veldig greitt med at all informasjon frå skulen ligg på ITL.”

Forelder 3: ”Eg brukar ikkje ITL. Nei, eg vil snakka med lærarane dersom det er noko, både positivt og negativt. Kva som skal til? Eg trur det passar oss slik det er no.”

Forelder 4: ”Nei. Ikkje slik me har snakka om at skule- heimsamarbeidet skal vera, med dialog og medverknad. Eg kan ta del i mitt barn sitt arbeid når me snakkar saman heima, anten ho brukar ITL eller ikkje. Å delta meir i barnet sitt læringsarbeid er ikkje aktuelt for oss no. Eg synest det er godt samarbeid. De lærarar er alltid lette å få tak i!”

### **11.3.3 Resultat oppsummering dialogar**

Samtalen i klasserommet synte at elevane på dette steget i aksjonslaupet tykte det var spanande og kjekt med ITL. Dei likte å gjera lekse på ITL, få tilbakemelding på arbeidet sitt der og å utforska kva som låg i læringsplattforma. Dei aller fleste elevane hadde synt foreldra korleis dei arbeidde på ITL. Hjø foreldra vart det også ei meir positiv haldning til leksearbeidet på ITL etter kvart som dei fekk erfaringar med læringsplattforma. Både elevar og foreldre såg ut til å vera positive til at lekseplanen og anna informasjon no låg på ITL.

Det kan synast som foreldre ikkje var heilt klare for noko meir skule- heimsamarbeid på ITL til no, men dette var eit lite utval av dei foreldra eg samarbeidde med. Eg vil likevel tolka inn ei positiv snunad andsynes ITL hjå foreldra på dette steget i forskinga samanlikna med resultatata i spørjeundersøkinga. Fleire foreldre var no byrja å etterspørja eiga pålogging for foreldre på læringsplattforma

## 11.4 Resultat avkryssingsskjemaet

Namn: 7. klasse våren 2013	Alltid	Ofte	Sjeldan	Nei	Veit ikkje
1. Brukar eleven ITL når ho/han leverer skriftleg arbeid?	3	4	6	3	2
2. Har du vore på ITL med eleven?		2	12	4	
			<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Veit ikkje</b>
3. Har du brukt ITL sjølv ?			3	15	
4. Likar du ITL?			4	3	11
5. Trur du at ITL er nyttig for barnet			4	3	11
6. Kjem du til å bruka ITL for å kontakta skulen?		3	1	6	8
		<b>Høg</b>	<b>Middels</b>	<b>Låg</b>	<b>Veit ikkje</b>
7. Kva måloppnåing trur du barnet ditt har for bruk av ITL?		7	8	0	3

Figur 18: Avkryssingsskjema

Etter å hatt samtalar både i klasserommet og med foreldra, stadfesta avkryssingsskjemaet at dei fleste foreldre hadde vore på ITL saman med borna sine, men ikkje alle. Det kan synast som om foreldra ikkje er komfortable med læringsplattforma enno. Ein kan ikkje sei at foreldra tykte at ITL var blitt ein arena for lekse og læring som dei var entusiastiske for – berre fire foreldre likte ITL og såg læringsplattforma som ein nyttig reiskap for eleven. Det kan sjå ut som at mange av foreldra ikkje kjenner ITL godt nok til å sjå dette som ein reiskap i skule- heimsamarbeidet. 10 foreldre svarar at dei ikkje kjem til å kontakta skulen gjennom ITL, 7 veit ikkje og 1 svarar ja.

Foreldra hadde god oversikt over barnet deira sitt leksearbeid. Dei veit om barnet brukar å levera skriftleg arbeid på ITL. Desse tala samsvara godt med elevane sine innleveringar slik dei var på dette steget i undervisninga. Elevane lika i all hovudsak å jobba på ITL, sjølv om eg hadde observert noko dalande interesse for å skriva på data. 3 foreldre veit at barnet deira ikkje svarar på ITL, men skriv for hand. Foreldre har i stor grad oversikt over om barnet deira brukar ITL og synast å vera godt orienterte om kvar i måloppnåinga barnet deira var.

Eg har hatt foreldremøte der alle foreldra var til stades. Eg har vore i god dialog med einskildforeldre og samla inn mykje informasjon gjennom ulike spørjeundersøkingar. Foreldra var ulikt komne på sin veg mot ITL, men alle var undervegs. Eg visste etter kvart mykje om kva foreldra meinte, kva haldningar dei hadde og kva som var utfordrande. Som lærarar ville eg slått meg til ro med resultatata på dette steget. Som forskar ville eg eit stykke

vidare. Eg førebudde intervjuguide til intervju med fire mødrer som hadde sagt seg viljuge til å bli intervjuet. Men fyrst måtte eg attende til klasserommet.

## 11.5 Resultat avslutning i klasserommet







### 11.5.1 Evaluering av undervisningsperioden.

”Grip Boka!” Litteraturprosjektet med ITL som læringsarena”, har vore eit undervisningsopplegg med base i norskfaget der me har prøvd å bruka It’s Learning som eit verktøy for å læra, samstundes som elevane lærer å bruka verktøyet. I dette læringsarbeidet har eg freista å leggja til rette for digital foreldremedverknad.

Undervegs i ”Grip Boka!” har elevane fått og gitt munnleg vurdering i klassen, me har hatt samling og drøfting, og dei har fått skriftleg tilbakemelding på innleveringsarbeid hjå meg, jamfør undervisningsplanen (Vedlegg 1, s 93). Elevane er i ein læringsprosess heile tida. Det er ikkje lett å måla læringsutbytte i eitt einskild prosjekt over ein kort periode. Som lærar må eg sjå dette undervisningsopplegget i ein heilskapleg progresjon i norskfaget, samstundes som eg må sjå kva den einskilde eleven har tatt med seg. Men eg observerte leseglede og leselyst, aktive og konstruktive elevar og elevar som hjelper kvarandre.

ITL er eit kommunalt satsingsområde for å læra elevane digital dugleik. ”Grip Boka!” er ikkje nok i seg sjølv til å nå målet for digital dugleik i 7. klasse, men ein del av ein heilskap der dei andre faga også inngår. Elevane fekk evalueringsskjema om It’s Learning. Eit lite evalueringsskjema er i seg sjølv er ikkje nok til å måla læring, men kan vera ein reiskap for eleven til å tenkja gjennom kva dei har gjort i ein periode. Dei får visualisert kva dei opplever at dei kan no. Det tykte mine elevar var kjekt!

### 11.5.2 It's Learning: Evaluering 7. klasse våren 2013

Eg kan: Sett kryss i tabellen			
• pålogging med Feide: brukarnamn og passord	18		
• finna informasjon om kommunen eg bur i og skulen min	15	2	1
• finna e-posten min og skriva og svara på e-post	15	2	1
Eg kan navigera i It's Learning og			
• finna faget ” Norsk 7. klasse” på <b>Fag, Gå til</b> eller <b>Mitt dashboard</b>	18		
• finna informasjon frå læraren om kva eg skal gjera	14	3	1
• finna ”Grip Boka!” på trepeikaren til venstre i biletet	14	3	1
• laste opp fila mi og levera direkte på ”Grip Boka!”	12	2	4
• lever arbeidet mitt på e-posten i ITL	17		1
• finna bloggen min på ePortfolio og skriva der.	8	2	8

• Eg har prøvd å navigera på eiga hand i It's Learning	8	2	8
--	---	---	---

Figur 19: Evaluering It's Learning

Elevane opplevde at dei har lært å bruka It's Learning og at dei hadde høg måloppnåing andsynes måla for perioden. Eg var einig med elevane mine. Som lærar opplevde eg denne undervisningsperioden som vellukka; godt planlagt, høg elevaktivitet, godt læringsmiljø, fine elevarbeid, nøyde elevar og godt fagleg læringsutbytte.

Som forskar må eg slå fast at eg ikkje klarte å engasjera foreldra slik eg hadde tenkt. Det vart ikkje noko synleg foreldremedverknad i form av aktivitet på It's Learning. Dette må eg analysere og drøfta i det vidare arbeidet. Samstundes hadde eg gode og jamlege samtalar med foreldra heile tida. Eg opplevde at foreldresamarbeidet vart tettare enn nokon gong, og eg såg foreldrestøtta til eleven og til skulen tydlegare.

## 11.6 Resultat kvalitativt forskingsintervju

Eg har fire informantar som har vore med på intervju. Intervjua er transkriberte. Eg har laga ein tabell for å visualisera dei funn eg som forskar meiner er mest relevante for problemstillinga og forskingsspørsmåla. Tabellen systematiserer resultatane frå intervjua med utgangspunkt i dei same nivåa for skule- heimsamarbeid som eg har brukt før: informasjon, dialog og medverknad (Nordahl, 2007). I tillegg har eg sett inn ein kategori for mogelege konsekvensar for eleven sitt læringsarbeid og ein kategori for føresetnader som skal til for at foreldre skal ta i bruk ITL i skule- heimsamarbeidet.

Kategoriar:	Funn:	Trude		Inger		Helga		Ella		Totalt	
		NEI	JA	NEI	JA	NEI	JA	NEI	JA	NEI	JA
Informasjonsflyt mellom heim og skule	munleg info som elevane får i klassen	1	0	0	1	1	0	0	1	2	2
	info som skal rask heim	0	1	0	1	1	0	0	1	1	3
	lagra info om skulen	0	1	0	1	1	0	0	1	1	3
	lagra info om klassen	0	1	0	1	1	0	1	0	2	2
	all info på ITL	0	1	0	1	1	0	1	0	2	2
	ranselpost m/papirutgåve	0	1	1	0	0	1	0	1	1	3
	eiga elevmappe	0	1	0	1	0	0	1	0	1	2
	retningsliner for kva info som skal ligga på ITL	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
Kommunikasjon og dialog om ditt barn	alle typar kommunikasjon på ITL	1	0	0	1	1	0	1	0	3	1
	faglege utvikling	0	1	0	1	0	1	1	0	1	3
	sosial utvikling	1	0	0	1	1	0	1	0	3	1

	alternativ til meldingsbok	0	1	0	1	0	1	1	0	1	3
	lekser på ITL	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
	tilbakemelding på lekser	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
	bruka ITL sjølv	0	1	0	1	0	1	1	0	1	3
Vektøy for medverknad og medråderett	betre innsyn	0	1	0	1	0	1	1	0	1	3
	planlegga skule og fritid	0	1	0	1	0	0	0	1	0	3
	supplement til andre kanalar	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
	trygt system	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
	betre oversikt	0	1	0	1	0	0	1	0	1	2
	"lista" for å ta kontakt med skulen ligg lågare	0	1	0	1	0	0	1	0	1	2
	lett å finna fram på ITL	0	1	0	1	1	0	1	0	2	2
Føresetnader for at foreldre skal ta i bruk ITL som verktøy i skuleheimsamarbeidet	foreldre har brukarkonto	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
	foreldre får opplæring	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
	fellesrom på ITL	0	1	0	1	1	0	1	0	2	2
	sikker nettilgang	0	0	0	0	0	1	0	1	0	2
	at heimane har pc	0	0	0	0	0	1	0	1	0	2
	kanalen må vera i bruk	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
Kan dette få noko å seia for eleven sitt læringsarbeid?	motivasjon for elevane	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
	motivasjon for foreldredeltaking	0	1	0	1	0	1	1	0	1	3
	delingsverktøy for elevarbeid	0	1	0	1	0	0	0	1	0	3
	betrar digital kompetanse	0	1	0	1	0	1	0	1	0	4
	betrar fagkompetanse	0	1	0	1	1	0	1	0	2	2
	lett tilgjengeleg elevmappe	0	1	0	1	0	0	1	0	1	2
	lettare tilgang til fakta og lærestoff på nett	0	1	0	1	0	0	1	0	1	2

Figur 20: Samandrag intervju

### 11.6.1 Presentasjon av informantane

Helga representerer ei foreldregruppe som etter alt å dømma er større enn den me til vanleg tek utgangspunkt i når me planlegg at elevane skal vera digitale i leksearbeidet sitt. Dette er ikkje ressursvake foreldre andsynes det å fylgja opp borna, men det ”å vera på nett” er ikkje høgt prioritert i heimen. Dei har pc heime, men er mange om bruken. Foreldra har ikkje hatt tid og økonomi til å vera teknologisk oppdaterte. Dei har andre interesser og har valt å brukar tida si saman med ungane på andre ting. Borna brukar pc i leksearbeidet når det høver. Helga ser at Synnøve likar å skriva på data, ”at det går lettare, men ikkje rettare”. Helga har ikkje vore på ITL, men har sett at borna har nytta læringsplattforma. Eg



kjenner familiane til elevane godt og kan ta omsyn når eg stiller krav til elevane sitt leksearbeid. Helga representerer fleire i denne klassen. Eg kan ikkje stilla krav til at alle elevane skal gjera lekser digitalt, men leggja til rette for at elevane får øva på skulen.

Det var lett å få Trude og Inga med på intervju. Dei er engasjerte foreldre som er aktive i skulesamfunnet, både andsynes egne born og i skulen generelt. Trude og Inga her vore på ITL med borna sine. Begge er entusiastiske for ITL og meiner me må ”få alt innpå” med ein gong. Dei kjenner litt til læringsplattforma frå før. Dei ser på ITL som eit trygt system som kan ta vare på informasjon, brukast i dialog og kommunikasjon og vera eit verktøy for leksearbeid. Ei elevmappe for kvar elev ville etter deira meining vore fint. ITL er ei læringsplattform som er motiverande for borna og engasjerande for foreldra. Dei meiner at ITL er eit satsingsområde som godt kan brukast i skule- heimsamarbeidet og som kan vera med på å hjelpa foreldra med å fylgja opp borna sitt læringsarbeid. Begge er opne for å bruka ITL sjølve.

Ella har ein noko anna ståstad. Ho har vore på ITL med sitt barn og kjenner også til læringsplattforma. Ella meiner også at elevane skal læra å bruka digitale verktøy, men at dette ikkje treng å gå gjennom ITL. Ho meiner at ungane no til dags lærer det digitale, men er redd det vert for mykje fokus på dette på skulen, og at den digitale læringsbiten tek over for den faglege. Det er også viktig å læra ungane trygg og rett bruka av digitale verktøy. ITL kan vera eitt av mange digitale verktøya elevane skal læra å bruka, til dømes i leksearbeidet. Men, seier Ella: ”Ein må finna noko anna på ITL enn dei same tinga som eleven elles får, dersom ITL skal vera motiverande. Det kan ikkje vera det same ein gong til, om du skjønar.” Ella er svært tydeleg på at foreldresamarbeidet ikkje skal gå føre seg på ITL. Informasjon om elevane skal vera på skulen. Foreldresamtalane og foreldremøta, ”ansikt til ansikt”, er dei fora som ho meiner skulen i hovudsak skal bruka i samarbeidet om eleven. Ella meiner at det er i samtale med barnet sitt og oppfølging av leksearbeidet heima, ho kan ta del i læringsprosessen, både fagleg og sosialt. Ella ser at ITL som system har mange funksjonar som skal til for eit digitalt skule- heim samarbeid, men tykkjer ikkje det er rett å ta det i bruk. Ho er berre viljug til å ta ITL i bruk dersom det vert innført som noko alle skal bruka. Då må føresetnadane for at alle kan bruka ITL vera tilstades. Elles vil det bli skapt nye skilje både blant elevane og foreldra, om kven som er eller ikkje er på It's Learning.

Ein kan seia at desse informantane avspeglar ulike haldningar til det å ta i bruk It's Learning i skule- heimsamarbeidet og at informantane sine ulike verdisyn kjem fram. Slik er dei alle representantar for korleis stoda er i skulesamfunnet. Informantane er likevel

samde om ein heil del, slik det går fram av tabellen. Eg vil gje ei kort samanfatning av korleis eg tolkar desse funna.

### **11.6.2 Samandrag funn**

Mine fire informantar er samde om at eit godt skule- heimsamarbeidet er viktig for borna si læring både fagleg og sosialt. Læring skjer heile tida og på mange måtar, både på skulen, heime og i fritidsmiljøa. Det er foreldre som har hovudansvaret for undervisning og opplæring for eigne barn. Foreldremedverknad er ein rett og ei plikt, og foreldre deltek etter evne så langt dei kan. Det kan alltid vera eit potensiale for endring og betring, men om ITL kan vera ein reiskap for dette, ser det ut til å vera ulike meiningar om. Dette samsvarar godt med den informasjonen som kjem fram i spørjeundersøkingane.

Dei fire foreldra er samde om at ITL er ein eigna stad å lagra generell informasjon om skulen; alt av planverk og informasjon som ligg fast for året kan med fordel ligga her. Tilgang til informasjon er ein føresetnad for skule- heimsamarbeidet. I ein slik samanheng kan ITL vera eitt av verktøya.

I intervjua kjem det fram nokre føresetnader for bruk av ITL i skule- heimsamarbeidet. Dei fire informantane er samde om at foreldre må ha ”eigen brukarkonto”; brukarnamn og passord for å logga seg på. Foreldre treng ei form for opplæring i bruk av ITL og tilgang til pc og nett. Vidare treng skulesamfunnet ei avklaring av kva ITL skal brukast til og felles retningsliner for bruken, både for elevane og foreldra. Foreldre meiner at dei treng eit fora for kommunikasjon som er opne for foreldre, lærar og elev. Eit slikt fora kan ligga på ITL. Ein må innsjå og akseptera at ikkje alle kjem til å ta i bruk dette. Foreldre meiner at det er læraren som må administrera ITL og gje rett tilgang til dei ulike partane som skal informerast. Då må læraren ha retningsliner, kunnskap og ressursar til dette.

Hjå dei som har delteke i intervju, er det også semje om at ITL kan vera ein plass for lekser. Elevane likar å arbeida på ITL og å få direkte tilbakemelding på læringsplattforma. Her er det noko usemje om kor mykje av leksene som skal ligga her og kor ofte ITL skal vera i bruk. Hege og Ella meiner at ITL kan vera eit supplement, medan Trude og Inga er opne for at alt kan vera på ITL. Foreldra er opne for at elevane får tilbakemeldingar på arbeidet sitt på ITL, men det er etter måten stor usemje om å laga eigne mapper om elevane på ITL. Ella er den som er mest restriktiv. Ho vil ikkje ha nokon ”resultatbank ” på ITL, medan Trude og Inga ser det som ein stor fordel at elevane sine resultat ligg i mapper på ITL. Det ser ut til at intervjugruppa avspeglar meiningane og haldningane som kjem fram i spørjeundersøkinga.

Både Inga og Trude meiner at mykje av kommunikasjonen mellom heim og skule kan gå føre seg på ITL, og at det blir lettare å ta kontakt med skulen når ein kan leggja inn ei melding der. Begge er entusiastiske for meir bruk av ITL, og vil koma til å bruka ITL sjølve også. Dei meiner at ITL kan erstatta meldingsboka, at elevmapper vil letta oversikten over fagleg utvikling hjå barnet og at informasjon lettjar planlegginga av kvardagen. ”ITL er eit planleggingsverktøy som me foreldre må få tilgang til og med det fylgja opp ungane betre.”, som Inga seier.

## 12 Drøffingar

Eg har tidlegare presentert læringsplattforma It’s Learning. ITL er webbasert og kan vera database for kunnskap og informasjon. I læringsplattforma ligg fora for digital kommunikasjon, dialog og verktøy for ein digital læringsarena.

ITL er på mange måtar bygt opp slik at ho kan nyttast i eit variert skule- heimsamarbeid. I denne samanheng vart undersøkinga mi svak på fleire område. Sentralt vil eg peika på at foreldre ikkje har hatt sitt eige brukarnamn og passord for å koma inn på It’s Learning. For at foreldra kunne ta del i prosessen, måtte borna invitera foreldra sine med inn på ITL. Elevane vart ein ustabil samarbeidspartnar. Dette gjorde at eg som lærar og forskar ikkje fekk tatt i bruk ITL slik eg hadde tenkt. Eg hadde nokre høve til å syna foreldra læringsplattforma i klasserommet, men dette vart ikkje nok til at foreldra fekk høve til å verta kjende med ITL som brukarar. Eg valte likevel å tilpassa undersøkinga etter det som var mogeleg i undervisningsopplegget. Forskingsprosjektet gjev i alle høve eit realistisk bilete av korleis stoda var, og ofte er, i den praktiske skulekvardagen.

Ei sterk side, slik eg ser det, er alle formelle og uformelle samtalar som eg fekk med foreldra undervegs. Kan hende har eg ikkje snakka så mykje med foreldra nokon gong. Eg lærte foreldra å kjenna på ein ny måte, såg elevane i eit meir heilskapleg perspektiv og fekk foreldra meir ”inn i klasserommet”. I perioden med forskingsarbeid, vil eg seie at kontakten med foreldra har vorte både kvantitativt og kvalitativt betre. Eg knytte relasjonar, ikkje digitalt, men ”ansikt til ansikt”.

Eg har ei hovudproblemstilling som inneheld to spørsmål. Eg har to forskingsspørsmål som skal vera ei presisering av hovudproblemstillinga og leia til moglege svar på spørsmåla der. Eg vel å drøfta forskingsspørsmåla fyrst og oppsummerer og drøftar hovudproblemstillinga

til slutt. Eg har i stor grad late informantane frå intervjuja føra ordet og freista å drøfta spørsmåla ut frå deira uttalar.

## 12.1 Hovudproblemstillinga for forskingsoppgåva

På kva måtar kan ei digital læringsplattform nyttast i skule- heimsamarbeidet, og korleis kan denne samarbeidsforma vera med å stø opp om borna si læring?

### 12.2 Forskingsspørsmåla:

1. Korleis kan ei digital læringsplattform nyttas som reiskap for foreldremedverknad?
2. Kva kan dette ha å seia for borna si læring?

#### 12.2.1 Forskingsspørsmål 1: Korleis kan ei digital læringsplattform nyttas som reiskap for foreldremedverknad?

Medverknad er i fylgje Tomas Nordahl ”den høgaste form for samarbeid” og handlar om å oppretta eit partnerskap mellom aktørane i skule- heimsamarbeidet. I dette nivået finn me ynskje om felles mål og felles avgjerder mellom partane. Det er her foreldreressursen ligg gøymt! Men ein føresetnad er god dialog og at alle partar har tilgang til den same informasjonen. Eg har prøvd om den digital læringsplattforma It’s Learning kunne vera eit verktøy for foreldremedverknad. I utgangspunktet var alle partane interesserte og oppglødde, men det vart vanskeleg å få dette til slik me ville, då foreldra ikkje hadde tilgang til læringsplattforma sjølve, og heller ikkje fekk det undervegs. Men informantane har vore svært positive til å dela synspunkt og meiningar med kvarandre og med meg.

I fylgje informantane mine, både i spørjeundersøkinga, dialogane og intervjuja, er det stor semje om at generell informasjon om skulesamfunnet godt kan ligga her, slik at foreldre kan henta den informasjon dei treng, når dei treng han og med same tilgang for alle.

Informanten Ella seier det slik i intervju:

*Den informasjonen som er fast og gjeld for lengre tid; planar, reglar, årshjul kan godt ligga på ITL. Då veit eg at det er der eg finn den.*

Forelder 2, i dialog:

*Det er veldig greitt med at all informasjon frå skulen ligg på ITL.*

Informanten Inga, intervju:

*Kjempebra! Eg tenkjer jo at det er lettare tilgjengeleg på ITL. Alt må inn der, lærarane må ha eit fornuftig system på å laga mapper og sortera og det må vera ein open plass for alle*

*partar; foreldre, lærarar og elevar. Ein må organisera. Fordelen med ITL er jo at ein kan oppbevare viktige ting på ein trygg måte. Heilt topp system eigentleg!*

Informanten Trude, intervju:

*Ja, det er greitt at alt det ligg på ITL, men det må ikkje verta ei kvilepute for elevane, at dei overlet alt til oss foreldre og ikkje giddar å fylgja med sjølve. Elevane må gje oss beskjedar også!*

Informanten Inga, intervju:

*Elevane får ein del informasjon i klassen t.d. når dei skal ha prøve og innlevering ol. Om sånne ting kunne vore lagt ut i forkant, så kunne me førebu oss og fylgja med. Me kan planlegga skulearbeidet og fritidsaktivitetane på ein betre måte. ITL er jo eit planleggingsverktøy som me foreldre også kan få tilgang til og med det fylgja borna tettare opp. Men det er jo grenser for oss foreldre og... kva me foreldre gjer. Men på ITL ligg det jo der og me kan finna det når me vil!*

Me ser at informantane i all hovudsak er samde om at informasjon kan ligga på ITL. Dette er ikkje noko nytt andsynes tidlegare forskning, men stadfestar det me allereie veit både frå masteravhandlingar og meir grunnleggande forskning. I masteroppgåva ”IKT og en døgnopen skole ” skriv Rune Karlsen i stor grad om informasjonsflyt, men under resultatane av undersøkinga kjem det fram at foreldre ynskjer at det digitale samarbeidet også skal femna om deltaking i det faglege læringsarbeidet (Karlsen, 2006).

Det offentlege har også forventningar om at IKT har eit potensiale som ein tilleggs kanal i heim- skulesamarbeidet, noko som kjem til uttrykk i stortingsmeldingar og offentlege rapportar (Stortingsmelding nr. 17, 2006-2007).

Informasjon og dialog er dei to fyrste nivåa for samarbeid hjå Thomas Nordahl, Tabell 1: *Foreldremedverknad på dei ulike nivå* (Nordahl, 2007). Informasjon har ikkje noko anna kriterium slik eg tolkar tabellen, enn at det er ein del av det formaliserte samarbeidet som høyrer til i skulen. Ei sentral side av eit partnerskap mellom aktørane i skule- heimsamarbeidet er dialog og kommunikasjon, og ein føresetnad er informasjon tilgjengeleg for alle partane. Dialog har i tillegg kriterium som handlar om pliktkjensle, lojalitet og likeverd mellom partane. Foreldre og lærarar, eventuelt også eleven, møtes til samtale, samtalen skal fylgjas opp og partane er lojale mot det dei har kome fram til. Foreldra sine meiningar, haldningar og ressursar vert synlege og viktige. Undersøkinga mi

syner at foreldre i denne klassen tykkjer at partane har ein god dialog i dag. Dette er etter mitt syn eit godt fundament for skule- heimsamarbeid også digitalt.

Hjå mine informantgrupper er det foreldre som vegrar seg mot å nytta ITL som kanal for dialog og kommunikasjon, medan ein del foreldre ser på ITL som tilleggskanal for kommunikasjon mellom skule og heim. Det er ulike meiningar mellom foreldra om bruken av ITL både med omsyn til område, korleis ein skal nytta plattformen og i kva grad. Det er samsvar mellom spørjeundersøkinga og intervjuet på desse områda, og døme frå intervjuet understrekar dette.

Informanten Helga, intervju:

*Det kan jo godt vera at ITL ville vore eit alternativ til meldingsboka i alle fall.*

Informantane Trude og Inga er i all hovudsak positive til at alle typar kommunikasjon mellom heim og skule kan gå føre seg på ITL.

Informanten Inga, intervju:

*Eg har ikkje noko problem med det så lenge eg har mitt brukarnamn og passord, og brukar systemet med å haka av kven som skal sjå denne informasjonen. Då blir ein veldig bevisst på kor informasjonen skal gå. Det er eit greitt system, men det går jo an å ta ein telefon.*

Informanten Trude ser også fordelar med kommunikasjon på ITL og ynskjer:

*...eit slags "fellesrom" der foreldre og lærarar også har same tilgang som elevane, så dei får beskjed om at dette har også foreldre tilgang til.*

Eg oppfattar at Inga og Trude er ivrige på å ta teknologien i bruk. Eg tolkar Ella som meir restriktiv, men ikkje direkte avvisande til om ITL skal brukas i kommunikasjon mellom heim og skule. Ho er ikkje i same grad som Trude og Inga oppteken av å digitalisera skuleheimsamarbeidet generelt, men tykkjer at vanleg e-post er veldig greitt for å senda meldingar til skulen eller læraren.

Informanten Ella, intervju:

*Eg veit eigentleg ikkje. Ein kan oppretta forum fx for foreldre og lærar der all informasjon vert lagt inn ein gong i veka, eit informasjonsforum. Der kan det vera diskusjonstrådar for dei som har noko å drøfta. Det kan henda at dette kan vera noko for skuleheimsamarbeidet. Men då må me foreldre vera brukarar. Som foreldre vil eg ha innsyn i mitt barn sin bruk. Eg trur eg meiner at læraren også skal ha fullt innsyn. Ein skuleting skal*

*ikkje kunna brukast til å senda stygge meldingar til kvarandre! Me skal ikkje ha ein ny mobbekanal i skulen sin regi, som skulen ikkje har kontroll på. Det som mitt barn vil ha for seg sjølv skal ikkje ligga i ITL.*

Foreldra er her inne på det heilt sentralt problemet i forskinga mi. Foreldre har enno ikkje fått høve til å logga seg på med eige brukarnamn og passord. Då vert lærar/ administrator hindra i å leggja til rette for kommunikasjon på dei måtane ITL legg opp til. Det er ein føresetnad for all form for skule- heimsamarbeid at foreldre har eigen brukarkonto. Det er klart at det vert mykje vanskelegare med eit skule- heimsamarbeid der foreldra må gå gjennom barnet sitt brukarsystem. Dei foreldra som kjenner ITL gjennom sin, er dei som er mest positive, då dei ser kva som er mogeleg å få til. Trude peikar også på at elevane ikkje tykkje det er greitt at foreldra skal kunna gå gjennom deira brukarkonto. Elevane sjølve seier også dette nokså klart i dialogen i klasserommet.

Informanten Trude, intervju:

*Det er noko han seier er "mitt" og "eg har eige passord" og han vernar rundt dette.*

Informanten Trude seier vidare:

*Men det spørst kva tilgang me foreldre får. Dersom me må innpå med ungane våre heile tida, vert det for vanskeleg. Dersom me får eigne passord og tilgang til ein del av det, så vert det mykje betre.*

Også Helga peikar på det same. Eigen tilgang, og opplæring for foreldra, er naudsynt.

Informanten Helga, intervju:

*Det går fint. Så lenge me veit korleis me kjem oss inn der? Foreldre må få veta korleis me skal koma oss inn.*

Denne problematikken vert handsama i rapporten "*Foresattes tilgang til skolens digitale læringsplattform - Forslag til beste praksis*" (Senter for IKT i utdanningen, 2010).

Rapporten handlar om viktige prinsipp for kva foreldre skal ha innsyn i og korleis dette kan gjerast.

Spørjeundersøkinga mi kan tyda på at foreldra tykkjer det er lett å ta kontakt med skulen, og læraren kjem foreldre i møte i stor grad. Mange foreldre opplever at dei kan påverka og medverka i skulesamfunnet. Foreldre nyttar dei høva som er, og tar del etter evne. Foreldre

tykkjer at dei får sleppa til som ressurspersonar i skulen. I intervju med foreldre er det særleg informanten Ella som målber synspunkt omkring medverknad og medråderett.

Informanten Ella uttrykkjer seg slik:

*Me kan medverka og har medråderett gjennom dei offentlege kanalane og dei ulike organa på skule. Men me har det også gjennom samtale og dialog med lærarane/ skulen, både formelle og uformelle, med foreldre og andre elevar og i fritidsmiljøet. Me møter kvarandre, også læraren, i fritida. Det er den sosiale aktiviteten som går føre seg i tilknytning til skule og samfunn som gjev oss medråderett.*

Litt seinare i intervjuet legg informanten Ella til:

*Eg trur at dei foreldre som har noko å medveka med, får sleppa til. Læraren har god oversikt over kven som har ressursar til å bidra med noko på skulen og brukar dei.*

Ella meiner at foreldre har ulike ressursar til ulike tider og at dei ikkje kan stå på støtt. Ho seier at ho får sleppa til i skulen om det er noko.

*Ein må finna den riktige motivasjonen for at ITL skal verta eit verktøy for kommunikasjon. For meg er ITL endå ein plass som ein skal logga seg på for å få informasjon. Kan me ikkje setta oss ned med borna og snakka saman om det som skjer på skule? ”Eg har jo sjølv nok med ”den daglege donten!”*

Det er det kan hende fleire som har. Dette vert også nemnt i dei dialogane eg har med foreldre underveg i forskingsarbeidet der me snakka om deltaking i læringsarbeidet. Andre masteroppgåver fortel det same; at foreldre ikkje ynskjer eller ikkje har kapasitet til meir samarbeid med skulen, at dei har ”nok med den daglege donten”. Dette er etter mitt syn eit heilt legitimt synspunkt som me lærarar skal ha respekt for. Me skal ikkje ”legga stein til børa”! Som lærar kjenner eg godt til dei aktive foreldra, som alltid stiller opp på dugnad og som let seg velja i ulike fora. Likevel ser eg poenget til Thomas Nordahl om at det ligg store unyttar ressursar i foreldregruppa. Det gjeld berre å finna den utløysande knappen for foreldreressursen. Kanskje er det då ”dei andre”, dei foreldra som me ikkje til vanleg når ut til, kan koma til å nytta den digitale læringsplattforma. Eller kan hende vil det digitale verktøyet gjera foreldresamarbeidet lettare eller meir interessant etter kvart som me lærer å bruka det. Undersøkinga syner likevel at det er rom for betring og at høgare grad av medverknad og påverknad er mogeleg.



Me ser i undersøkinga mi at det er mange døme på korleis ei læringsplattform kan nyttast i skule- heimsamarbeidet, praktisk og teknologisk. Foreldra har mange framlegg om korleis ITL kan brukast. Eg trur at foreldre etter kvart vil kunna verta kreative og finne fleire bruksområde. Masteroppgåva ”Foreldre – lydige funksjonærer eller ressurs i skolen?” (Lyngvær, 2008) konkluderer med at foreldra opplever informasjonsflyten, men at det også er tendensar til at det er læraren som ikkje ser på den faglege og pedagogiske praksisen som gode samarbeidsområde. Etter kvart som undervisningsopplegget gjekk sin gang og kommunikasjonen omkring ITL auka på, såg eg at interessen og entusiasmen hjå foreldra kom. Foreldra, saman med forskar, kom inn i ein endringsprosess. Medvitet om at ITL kan verta ein reiskap også for dei, auka etter kvart opninga for ITL som reiskap andsynes skulesamfunnet; for å kunna påverka og medverka og for å få medrårerett.

Spørjeundersøkinga eg gjennomførte fortalde at foreldre i stor grad opplever at det er læraren som har makta over konferansetimen og foreldremøtet. Vidare at meir enn halvparten av foreldra føler avmakt i skule- heimsamarbeidet. Det er læraren som sit med kunnskapane om barnet deira sin faglege og sosiale dugleik. Men det er ikkje slik at foreldre ikkje har kunnskap om barnet sitt. Det er foreldra som er eksperten på sitt eige barn, men det er ikkje alltid dette vert synleg i skule- heimsamarbeidet. Det er grunn til å merka seg korleis foreldra opplever maktstrukturen i skule- heimsamarbeidet, samstundes som ein stor del av foreldra også meiner at dei kan påverka. På dette området fins stor og rik forskning frå Thomas Nordahl m/fleire. Rune Karlsen handsamar i masteroppgåva si ”IKT og en døgnopen skole” skulestrukturelle og kommunikative makttilhøve i skulesamfunnet (Karlsen, 2006). Gjennom spørjeundersøkingane og intervju mine stadfestar forskinga mi, tidlegare forskning. Meir enn halvparten meiner at ITL kan vera ein kanal for å henta informasjon, og med det delta meir aktivt i konferansetimen, men det ser ikkje ut som at foreldre ser på ITL som ein reiskap for å påverka maktstrukturen i skule- heimsamarbeidet. Ut i frå forskinga kan ein trekke den konklusjonen at ITL legg godt til rette for lagring av informasjon og at denne informasjonen er relativt lett tilgjengelig. På denne måten sikrar ein foreldre medverknad.

Eg kan likevel ikkje sjå at eg har funne metoden for å aktivisere foreldreressursen. Undersøkinga understrekar det eg veit frå før; foreldre vil etter kvart bruka ITL for å henta informasjon og få innsyn i skulekvardagen, ITL eignar seg til informasjonsflyt om det som gjeld skulen generelt slik at dei kan vera med å ta avgjersle, og nokre foreldre vil også nytta ITL til kommunikasjon med andre foreldre og med lærar. Dei aktive foreldra er framleis aktive på ITL, medan andre grupper framleis vil vera vanskeleg å nå. Undersøkinga syner

tydleg at foreldra har ulike synspunkt på korleis ei digital læringsplattform skal nyttast i skule- heimsamarbeidet, og sentralt for meg vert då å spørja om følgjande:

### **12.2.2 Forskingsspørsmål 2: Kva kan dette ha å seia for borna si læring?**

Forskingsspørsmålet skal setja fokus på korleis digital foreldremedverknad kan stø opp om borna si læring. Lekser og heimearbeid gjev i stor grad foreldra høve til å fylgja opp og stø læringsarbeidet til barnet. Foreldresamtalane oppsummerer læringsarbeidet gjennom året. Det er ikkje vanleg med skriftleg semestervurdering på 1. - 7. trinnet, men det føreligg alltid ei skriftleg oppsummering etter ein foreldresamtale. Denne vert liggande i barnet si mappe på skulen, i tillegg til at foreldra får sin part med heim. Utanom dette er det uformelle samtalar og treff i korridoren som medverkar til at foreldre får kunnskap om sitt barn. Dette kan synast veldig lite, og forskning syner også at foreldra ynskjer meir kontakt og meir kunnskap om barnet sitt for å kunna stø opp om læring (Nordahl, 2007).

Det er ulike meiningar om lagring av informasjon om elevane på læringsplattforma, og forskingsarbeidet mitt syner at mange foreldre ikkje ynskjer at informasjon om det einskilde barnet skal ligga i ITL. Informanten Ella er svært restriktiv på dette området. Når eg spør om ho tykkjer at kvar elev skal ha ei mappa der resultat på elevarbeid ligg, svarar ho:

Informanten Elle, intervju:

*Elevane kan til dømes ha sin profil. Men eg er usamd i at resultatting skal ha så stort fokus allereie i barneskulen. Dersom elevane har sine resultat liggande på mappa si på ITL, og kan sjå i den til alle tider, tykkjer eg det er uheldig. Det er no so når eleven har gode resultat. Men tenk på dei elevane som ikkje har gode resultat eller er svake! Å sjå dei dårlege resultat om att og om att kvar gong dei er på ITL. Sånn sett blir det heilt feil å ha mapper med resultat i for elevar, i alle høve på barneskulen.*

*Det er heilt i orden at elevane får skriftleg tilbakemelding i ITL på same måten som dei får ei skriftleg tilbakemelding i matteboka eller norskboka med råd om kva som må jobbast meir med eller om det arbeidet dei har gjort er bra. Men eg vil ikkje ha nokon "resultatbank" på ITL.*

Informanten Inga har eit heilt anna syn. Ho meiner at ITL kan vera eit supplement til foreldresamtalen og at evaluering av eleven kan ligga i mappe på læringsplattforma.

Informanten Trude har det same synet og meiner at ITL er ein trygg plass å lagra informasjon om eleven til bruk når dei skal til samtale.

Informanten Trude, intervju:

*Ja, eg tenkjer det. At me kan sjå på evalueringa på førehand og forbereda kva som skal diskuterast, om det er noko me skal jobba meir med osv. Og i ein så stor klasse vert det jo berre desse to samtalane, men får me informasjonen på ITL, ligg det jo der og me kan ta det fram. Me tek jo elles berre kontakt med skulen dersom det er noko ekstra. På ITL kan me senda ei melding og spørja dersom det er noko me lurar på, skal følgja opp eller har misforstått. Det skal ikkje så mykje til.*

Men informanten Ella har eit anna fokus når det gjeld foreldresamtalen.

Informanten Ella, intervju:

*På foreldresamtalen er det informasjon om eleven sin sosiale utvikling som står i fokus for meg. Det faglege har eg oversikt over gjennom å fylgja med og sjå på prøvar, lekser og andre skulearbeid. Eg brukar dei to samtalane som ein har på å få oversikt over det sosiale. Det er det sosiale som er vanskelegast å få tak i.*

Ella peikar også på at ITL kan vera med å skapa nye skiljeliner mellom foreldre dersom alt skal inn på ITL og at alle må ta i bruk læringsplattforma til kommunikasjon og dialog.

*Då må kommunen stilla med pc-ar og nett, og ikkje minst tilgang. Du skapar eit skilje mellom foreldre og ungar med ein gong det vert kravd at alt skal gå føre seg på ITL.*

Informanten Ella peikar på viktige motargument. I klassen har ikkje alle elevar og foreldre like gode føresetnader for å delta digitalt. I Stortingsmelding nr. 17, ”Eit informasjonssamfunn for alle”, står det m.a. at målet er at alle skal ha trygg nettilgang, pc, programvare og kunnskap og opplæring (Stortingsmelding nr. 17, 2006-2007). Slik er det ikkje i dag, og ein kan lett koma til å laga skiljeliner, slik informanten Ella seier. Olav Erstad deler dei digitale skilnadane på tre område: tilgang, kjønn og kultur (Erstad, 2010). I klasserommet kan ein prøva å kompensera ved å gje meir øving i bruk av teknologien for dei elevane som ikkje er på nett. I undervisningsopplegget Grip Boka!, fekk eg augo opp for fleire elevar som ikkje hadde høve til gjera lekser på It's Learning. Skulen kan og må vera med på å jamna ut skilnadene gjennom undervisning i digital kompetanse. Informanten Helga representerer dei foreldra som av ulike årsaker ikkje prioriterer å vera på nett. Fleire peikar også på at foreldre ikkje har opplæring og kunnskap til å bruka ei læringsplattform og at opplæring av foreldre må til.

Informantane i intervjuet er alle samde om at ein del leksearbeid kan gjerast på ITL og at elevane kan få tilbakemelding frå læraren direkte på arbeidet sitt der. Informantane Trude og Inga meiner at borna lærer gjennom ITL og at foreldra kan hjelpe borna og stø opp om læringsarbeidet.

Om dette seier informantene Inga, intervju:

*ITL kan brukast for å kommunisera på ein enkel måte. At prøver kan verta retta direkte i ITL og kommentarar direkte til eleven. Eleven kan retta, og då er det jo papirlaus og direkte kommunikasjon. Eg trur det er viktig for å læra.*

*(...) Alle må jo bli lært opp, og ein må bestemma at det er slik ein skal kommunisera. Men, så blir det ikkje gjort i alle fag, kanskje passar det ikkje for alle fag i lika stor grad. Men det går jo an å bruka ITL i alle fag! Meiner eg! Men ein må jo læra det.*

Informanten Trude, intervju:

*Ja, eg trur dei lærer ein del. Når dei sit på ITL og er på nett så har dei jo tilgang til mykje som dei kan læra av; google og wikipedia. I staden for å slå opp i oppslagsbøker har dei andre ting på nett og kan læra av det. Så eg tenker at dette er nyttig. Det er som å henta stoff frå eit stort leksikon, med faktating.*

*(...) Det er ein reiskap. Ungane syns det er kjempegøy og dei må få bruka det. Motiverande. Ein annan ting er lekser. At elevane viser fram kva dei har gjort til fleire så dei opplever at det ikkje er berre til læraren dei gjer lekser.*

*(...) Det å leggja fram leksene til andre på ITL kan vera ein motivasjon for elevane. Ja, det trur eg, at dei faktisk kan sjå kva andre har gjort og dela sitt med nokon, og fleire får tilgang. Eg trur dei vil skjerpa seg også.*

Informantane Inga og Trude har mange viktige innspel om korleis foreldremedverknad kan ha noko å seie for borna si læring, og eg opplever at dei er entusiastiske for å bruka læringsplattforma i denne samanhengen. Informanten Ella er samd og fylgjer opp, men meiner at ein må vurdera det faglege innhaldet også og læra elevane rett bruk.

Informanten Ella, intervju:

*Eg syns at elevane skal læra å bruka digitale verktøy, for det er framtida. Men eg er redd at ein kanskje har for mykje fokus på det. At den digitale læringsbiten tar overhand. Det digitale lærer ungene no til dags. Eg meiner at elevane skal læra å skriva og få ei*

*handskrift. Dei må læra orden og system. Dersom dei ikkje har lært orden og system skriftleg sjølv, vert det ikkje noko betre på data. Dei må læra rett bruk på ein måte.*

Informanten Ella peikar på at skal me nytta digitale verktøy, må det digitale legga noko ekstra til den vanlege bruken, ikkje berre gje det same. I pedagogikken snakkar ein her om at digitale media skal tilføra pedagogisk meirverdi til undervisning og opplæring. Eit LMS er eit verktøy som kan styrka læringa, integrera IKT i undervisninga på ein heilskapleg måte og gje ein ny læringsarena. Men det er også viktig å understreka at LMS berre er eitt av mange digitale verktøy. Ein føresetnad for vellukka bruk av LMS, er etter mitt syn at skulen og læraren er medvitne i val av innhald og strategi for læringsarbeidet. Kommunen vår har kjøpt inn læringsplattforma og i nokon grad pålagt oss å bruka ho. Undersøkinga mi syner at foreldre tykkjer at ITL i nokon grad kan gje meirverdi til undervisning og læring, og at læringsplattforma må takast meir i bruk all den tid ho allereie er i skulen. Vidare syner forskinga at ITL og digitalt læringsarbeid er ein god motivator for elevane og gjev større variasjon i det eksisterande undervisningsopplegget (Utdanningsdirektoratet og ITU, 2006). Både elevar og foreldre er opptekne av å læra digital dugleik, og It's Learning har kvalitetar til å kunna vera ein læringsarena. I undervisningsopplegget Grip Boka! øvde elevane i å bruka læringsplattforma i skrivearbeid, lagring og levering digitalt. Nokre foreldre fekk eit lite innsyn korleis dette kan gjerast.

### **13 Konklusjon og vegen vidare**

Eg starta forskingsprosjektet mitt på eit tidspunkt då skulen var i ein oppstartingsfase i bruk av It's Learning. Lærarane og elevane hadde fått brukarnamn og passord og innlogging gjennom Feide var klar. Me lærarar hadde fått eit orienteringsmøte og eit tre-timarskurs gjennom It's Learning. Lærargruppa var utolmodige etter å koma i gang med ITL, fordi me allereie hadde erfaring med eit digital plattform som synte seg å ikkje fungera. Haldninga var at dersom me skulle bruka ei læringsplattform, var det no var på tide å koma i gang. Kommunen satsa jo også på It's Learning. Samstundes var mange av oss kritiske til denne satsinga av ulike grunnar: Var dette rett bruk av pengar i eit pressa skulebudsjett? Var det rett bruk av tid andsynes elevane si læring? Var det rett teknologi å satsa på for skulen med tanke på elevane sin digitale kompetanse? Men drøftingar kring desse spørsmåla kom ikkje lenger enn til pauserommet og vart aldri løfta opp på eit høgare nivå. It's Learning var udiskutabel, den digitale plattforma måtte no takast i bruk. Eg var kritisk av dei sama grunnane, men også fordi det ikkje låg før retningslinjer, planar, mål eller visjonar for bruk

av digital læringsplattform. Det vart heller ikkje snakk om meir opplæring, det vart å læra av kvarandre og elles klara seg sjølv. Kva skjer då i ein travel kvardag? Dei mest teknologisk interessert tok fatt med friskt mot, dei fleste la seg på eit minimumsnivå og ein og annan prøvde i det lengste å lata som om It's Learning ikkje fantes. Det er klart at stoda etter kvart endra seg og It's Learning er i stadig meir bruk.

Eg var i ein studiesituasjon og tenkte at her kan eg velja eit lite område å forska på. Kanskje kunne eg læra å bruka It's Learning på ein måte som styrka læringsmiljøet, støtta opp om elevane sitt læringsarbeid, samstundes som dette aukar elevane sin digitale kompetanse. Eg ville finna ein pedagogisk måte å bruka It's Learning på som kunne endra og betra min praksis. Eg valte å la foreldra få koma til ordet med sine meiningar.

Den teknologiske utviklinga går rivande fort. Mange i foreldregenerasjonen brukar digitale media og kommuniserer på nett i mange ulike situasjonar. Det er lett å oppretta samtalegrupper på sosiale media, og mange opprettar blogg for å kommunisera med andre om det dei er opptekne av. Dette er digitale media som også mange skular brukar. Smarttelefon med sms, e-post osv... er raske måtar til å få kontakt og koma i dialog. Samanlikna med dette, er ei læringsplattform eit tidkrevjande og tungrodd kommunikasjonsverktøy.

Med utgangspunkt i at skulen har It's Learning, meiner eg at læringsplattforma kan brukast som ein stad å lagra fellesinformasjon om skulen og om skulesamfunnet, slik foreldra også peikar på. ITL kan vera ein kanal for informasjon frå skulen til foreldre. I eit skuleheimsamarbeid vidare framover, meiner eg at foreldre må få tilgang til læringsplattforma snarast. Foreldre har krav på tilgang til informasjon, noko som er ein føresetnad for samarbeid. Skulen har plikt til å leggja til rette for samarbeid med foreldre og plikt til å halda læringsplattforma oppdatert slik at informasjonen kan nå alle partar i samarbeidet. Å endra praksis på skulen burde vera enkelt, men krev ein skuleadministrasjon som tek ansvar og leiar fram. Eg meiner også at skuleleiinga må dra i gang ein diskusjon omkring pedagogisk bruk av ITL, digital kompetanse og skuleheimsamarbeid. Eg kan vera ein pådrivar gjennom å endra min praksis andsynes foreldra i klasse min og ved dela mine erfaringar med dei andre lærarane på skulen.

It's Learning som læringsplattform, er eit godt utgangspunkt for å læra elevane på barnetrinnet nokre digitale ferdigheitlar. Læringsplattforma er som ei digital verktøykasse med mange ulike reiskap som elevane kan læra å bruka. Foreldre ynskjer at borna skal tileigna seg digital kompetanse på ein god og trygg måte. Ei digital læringsplattforma vert

rekna som ein trygg arena for elevane til å øva seg i bruk av til dømes e-post og blogg og internett. Foreldra er positive til at elevane skal bruka ITL i leksearbeidet og ser at dei kan vera med å hjelpa elevane på same måten som dei elles har gjort. Dei kan lagra skularbeidet sitt på ein trygg måte. ITL er eit av mange verktøy, men representerer ikkje noko pedagogisk nytt. Det er på kva måte me bruka It's Learning i læringsarbeidet som kan bringa noko nytt inn i pedagogikken. I den samanhengen er det mange utfordringar og moglegheiter.

Min hovudkonklusjon er at It's Learning ikkje er noko som *ein berre må ha*, korkje som pedagogisk verktøy eller som samarbeidsarena. Det viktigaste som kom ut av forskingsarbeidet var at eg fekk styrka mitt syn på foreldre som ei sentral kraft i skuleheimsamarbeidet. Foreldre er ein ressurs i samarbeidet med skulen, dei ynskjer å ta ansvar for skulen, ikkje berre sine eigne born men også for skulesamfunnet. Dette synet deler eg med Thomas Nordahl og Jan Spurkeland med fleire, og dette kjem også til uttrykk i dei offentlege dokumenta som handlar om skuleheimsamarbeid. De å får aktivert den krafta eller ressursen som foreldra utgjør, kan syna seg å vera noko av det som skal til for å gjera elevane meir samfunnsdyktige. Gjennom forskingsarbeidet har eg lært meir om foreldrerolla og om korleis eg som lærar skal koma foreldre i møte i skuleheimsamarbeidet. Til dette kan ITL vera eit av mange verktøy slik forskinga mi syner. Men ikkje noko digitalt media kan erstatta eit fysisk møte mellom menneske bygd på respekt og toleranse; med gjensidig utveksling av informasjon, dialog bygd på reell og ærleg kommunikasjon, med lik rett til medverknad som mål. Som samfunn, skule eller lærar, må me setja reelt skuleheimsamarbeidet på dagsorden. Foreldremedverknad i borna sitt læringsarbeid har mykje å sei for borna fagleg og sosialt.

Spørsmålet om korleis ein når ut til andre foreldregrupper krev ei eiga forskning. Eg har ikkje i mitt forskingsarbeid hatt fokus på dette spørsmålet. Som lærar vona eg at fleire fedrar skulle verta meir medverkande i den delen av skuleheimsamarbeidet som gjeld borna si læring. Vidare tenkte eg at dei "datakyndige" skulle få rom til å koma med sine ressursar. Eg har også foreldre som er passive i skuleheimsamarbeidet, som eg ikkje har funne nokon kanal for tidlegare. I forskingsarbeidet sette eg ikkje inn særskilde tiltak for å nå desse gruppene. Eg ville sjå om nokon av gruppene kom av seg sjølv, i kraft av at ei digital læringsplattform kunne tilføra noko nytt til skuleheimsamarbeidet.

Eg har god kontakt med foreldra i denne klassen, både mødrene og fedrane. I undersøkinga er det mødrene som har delteke i intervju. I spørjeundersøkinga er ¼ fedrar. Av erfaring veit eg at dette er representativt for foreldresamarbeidet i denne klassen, i alle høve i det som

handlar om å delta på foreldremøte og i foreldresamtalar. Det skule- heimsamarbeidet som handlar om å stø opp om leksearbeid og læring, er fedrane blitt meir deltakande i etter kvart som elevane er blitt eldre. Gjennom å ta i bruk ei digital læringsplattform, vona eg at fedrane ville delta meir. Det gjorde dei ikkje.

Eg tenkte også at dei foreldre som eg opplevde som mest ”datainteresserte” og ”datakyndige”, ville kasta seg meir fram på. Foreldre har etterlyst meir bruk av It’s Learning. I nokon grad gjorde dei det. To av mødrene som har eige passord for å koma seg inn på ITL, har gitt mange og nyttige innspel, særleg gjennom intervju; informantane Trude og Inga. Men eg har fleire andre ”dataeksperter” som valte å ikkje vera med i forskingsprosjektet. Eg hadde også vona å få med ein far som jobbar offshore og ein far som ikkje bur saman med borna sine. Desse fekk eg ikkje med.

Det er mange årsaker til at eg ikkje nådde ut til desse gruppene. Ei viktig årsak er sjølv sagt at foreldra ikkje hadde eige brukarpålogging. Ein føresetnad for skule- heimsamarbeid på It’s Learning er etter mitt syn, eigen pålogging for dei partane som skal delta i samarbeidet. Nokon foreldre vil trenga opplæring på ITL for å koma i gang. Teknologiske rammer på skulen og i heimane har også innverknad på kva me kan få til. Ei anna årsak kan vera at nokon opplever at ITL ikkje er interessant i skule- heimsamarbeidet og i læringsssamanheng - det er for tungvint og for lite fleksibelt. Alt dette handlar om at alle skal ha rett til informasjon, same føresetnader for å delta og likeverd i kommunikasjonen.

Eg kan ikkje konkludera med at eg nådde fram til nye grupper foreldre i forskingsprosjektet mitt. Eg kan ikkje sjå endra praksis hjå foreldre. Endringsarbeid tek tid, også i skuleverket. Forskingsperioden vara i 6 veker. Som eg har oppsummert tidlegare, fekk eg kontakt med foreldra på ein ny måte i denne perioden. Eg opplevde at skule- heimsamarbeidet kom på dagsorden i større grad, at innhaldet i skule- heimsamarbeidet var meir vidfemnande enn me før hadde praktisert. Eg opplevde meir aktive foreldre som snakka saman og kom med framlegg. Fleire har fått meir kunnskap, og fleire deltek i samtalane. Sjølv om forskingsprosjektet ikkje gav foreldra den erfaringa med It’s Learning eg hadde tenkt dei skulle få, fekk me sett digitalt foreldresamarbeid på dagsorden.

I eit vidare forskingsarbeid i skulesamanheng ser eg fleire utfordrande og interessante område å forska på. Eg tykkje det ville vore av stor interesse å forska på dei skulane som har brukt ei digital læringsplattform over tid, gjerne It’s Learning. Det å få oppsummert og samanfatta erfaringar som er gjort andsynes bruken av ITL som læringsplattform, kommunikasjonskanal, samarbeidsarena og administrasjonsverktøy vil, slik eg ser det vera



særs nyttig før det vert satsa meir på LMS. Vidare meiner eg at det er på tide å setja fokus på It's Learning og dei avtalane dette firmaet har med kommunane om opplæring, oppdatering og pris. Dette må sjåast i ljøs av den kritikken som er komen mot ITL og dei avsløringane som har vore i media denne vinteren. Eg meiner at kommersialiseringa av læringsplattforma også må setjas under lupa. Her er nok å ta seg til for nye og gamle forskarar.

## 14 Litteraturliste

- Arneberg, P. K. (2004). *Berglyd, I.W. Hjem - skole samtalen og Nordkvelle, Y.T. og Fritze, Y. Den digitale samtalen*. Oslo: Damm.
- Befring, E. (2010). *Forskningsmetode med etikk og statistikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bjarnø, V. G. (2009). *DidIKTikk - Digital kompetanse i praktisk undervisning*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Brown-Martin, G. (2008, 05 28). *Black Pupils Achievement Programme*. Hentet fra <http://www.handheldlearning.co.uk/content/view/47/1/>
- Cuban, L. (2001). *Oversold and underused: Computers in the classroom*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- Dhüring, B. M. (2009). *Kunnskapsløftet og hjem-skole-samarbeidet*. Universitetet i Oslo.
- Dysthe, O. (2008). *Dialog, samspel og læring*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Erstad, O. (2010). *Digital kompetanse i skolen - en innføring*. Universitetsforlaget.
- Håland, E. (2007). Må ha det, bare må ha det! - Om fenomenet Learning Management System (LMS). *Digital kompetanse. Nordic Journal of Digital Literacy*, 2(1), 4-17. Tilgjengelig på Internett via HSH-tilgang i Idunn.no.
- Jonassen, D. H.-P. (1998). *Computers as mindtools for engaging learners in critical thinking*. Hentet fra [http://www.ecls.ncl.ac.uk/webprimary/elearning/ict\\_tools%5EComputers%20as%20Mindtools%5Earticle%20by%20Jonassen.pdf](http://www.ecls.ncl.ac.uk/webprimary/elearning/ict_tools%5EComputers%20as%20Mindtools%5Earticle%20by%20Jonassen.pdf)
- Karlsen, R. M.-H. (2006). *IKT og en døgnopen skole*. HSH.
- Koschmann, T. (1996). <http://citeseerx.ist.psu.edu/viewdoc/download?doi=10.1.1.99.7194&rep=rep1&type=pdf>. Hentet September 5., 2010 fra <http://citeseerx.ist.psu.edu/viewdoc/download?doi=10.1.1.99.7194&rep=rep1&type=pdf>.
- Kvale, S. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Lincoln, Y. S. (1985). *Naturalistic Inquiry*. Thousand Oaks Sage.
- LK06. (u.d.). *Læreplanverket for kunnskapsløftet, 2006*. Utdanningsdirektoratet.
- Lovdata. (1998). *Opplæringslova § 1 og 2*. Hentet fra <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

- Lund, T. (2011). Hvorfor aksjonsforskning? *Presentasjon HSH*. Tromsø: Fronter.
- Luthra, S. G. (2010, 11 27). *Paradigm Shift*. Hentet fra <http://paradigmshift21.edublogs.org/2010/11/27/successful-parent-involvement-a-shift-in-home-school-partnership/>
- Lyngvær, G. M. (2008). Foreldre - lydige funksjonærer eller ressurs i skolen. Universitetet i Oslo, Pedagogisk forskningsinstitutt.
- McNiff, J. &. (2002). *Action Research. Principles and Practice*. . London & New York: Routledge Farmer.
- McNiff, J. (2011). *An action Research for Professional Development*. Retrieved November 20, 2011, from [www.actionresearch.net](http://www.actionresearch.net)
- Merriam, S. (2002). *Qualitative Research in Practice*. San Fransisco: Jossey Bass.
- Nordahl, T. (2007). *Hjem og skole - hvordan skape et bedre samarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Pisa-undersøkelsen*. (2006-2009). Hentet fra [www.pisa.no](http://www.pisa.no)
- Postholm, M. B. (2011). *Læreren med forskerblick*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Senter for IKT i utdanningen. (2010). Foresatte sin tilgang til skolens læringsplattform - Forslag til beste praksis.
- Senter for IKT i Utdanningen. (2011). [Uninetabc.no/temahefter/lms/](http://Uninetabc.no/temahefter/lms/).
- Skagen, K. (2007). Forskning som dialog. *Kompendium HSH*. IPLU (Institutt for pedagogikk og lærerutdanning).
- Spurkeland, J. (2011). *Relasjonspedagogikk. Samhandling og resultater i skolen*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.
- Stortingsmelding nr. 14 Kap 5.8. (1997 - 1998). *Om foreldremedverknad*. Hentet fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/19971998/stmeld-nr-14-1997-98-.html?id=191428>
- Stortingsmelding nr. 14 Kap. 4.2. (1997-98). *Om foreldremedverknad i grunnskolen*. Hentet fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/19971998/stmeld-nr-14-1997-98-/4.html?id=191432>
- Stortingsmelding nr. 16. (2006-2007). *... og ingen sto igjen*. Hentet fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2006-2007/stmeld-nr-16-2006-2007-.html?id=441395>

Stortingsmelding nr. 17. (2006-2007). *Eit informasjonssamfunn for alle*. Hentet fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/dok/regpubl/stmeld/20062007/stmeld-nr-17-2006-2007-.html?id=441497>

Stortingsmelding nr. 22 Kap 11.3.1. (2010 – 2011). *Motivasjon – Mestring – Muligheter*. Hentet fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2010-2011/meld-st-22-2010--2011.html?id=641251>

Stortingsmelding nr. 30 Kap 11.1.2. (2003-2004). *Kultur for læring, Kap.11 Skolen og medspillerne*. Hentet fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/20032004/stmeld-nr-030-2003-2004-.html?id=404433>

Säljö, R. (2006). *Læring og kulturelle redskaper*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Thrane, K. J. ( FoU R 49/2002). *IKT i hjem-skole samarbeid - "Tanken har bare ikke slått mes"*. Telenor Utdanning.

Tiller, T. (. (2004). *Aksjonsforskning - I skole og utdanning*. Kristiansand: HøyskoleForlaget AS.

Utdanningsdirektoratet og ITU. (2006). *Digitale læringsplattformer – i går, i dag, i morgen. Underlagsdokumentet til rapporten Digitale læringsplattformer – en mulig katalysator for digital kompetanse i grunnopplæringa*. Oslo: Utdanningsdirektoratet og ITU.

Wikipedia. (u.d.). Hentet fra <http://no.wikipedia.org/wiki/Interaktivitet>

Yin, R. (1994). *Case study research: design and methods*. Thousands Oaks, California: Sage.

## 15 Vedlegg

### 15.1 Vedlegg 1: "Grip Boka!" – Litteratur- og leseprosjekt 7. klasse med ITL som digital læringsplattform

Mål for perioden	"Grip Boka!"	Elevaktiviteter	Strukturen i arbeidet	Evaluering
<p><b>LK06</b></p> <p>Måla for grunnleggande dugleik i norsk finn du <a href="#">her</a>.</p> <p>Kompetanse-måla i norskfaget finn du <a href="#">her</a>.</p> <p>Mål for "Grip boka!":</p> <p>Fremja leseglede</p> <p>Styrka leseevna</p> <p>Utvikla litterær kompetanse</p> <p>Mål for digital kompetanse:</p> <p>Å verta kjende med It's Learning</p> <p>Å levara skriftleg arbeid i ITL</p>	<p><b>Leseprosjekt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå å avkoda til å søkja meining</li> <li>• Fokusera på leseforståing</li> </ul> <p><b>Læringsstrategiar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Læringsamtale</li> <li>• Skriva samandrag</li> <li>• Få oversikt og finna samanhengar - bruka tankekart: personkart, miljøkart</li> <li>• Skildra personar og miljø</li> <li>• Leita etter høgdepunkt i teksten, finna spenningskurven</li> <li>• Teikna / illustrera</li> </ul>	<p><b>Skriva samandrag</b></p> <p><b>Skriva bokmelding</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tittel</li> <li>• Forfattar</li> <li>• Sidetal i boka</li> <li>• Er det illustrasjonar i boka? Dersom ja, kva slag?</li> <li>• Kva heiter hovudpersonen/ personane i boka?</li> <li>• Fortel om hovudpersonen</li> <li>• Kva handlar boka om?</li> <li>• Kvar føregår handlinga?</li> <li>• Kva type bok/sjanger er denne boka?</li> <li>• Skriv di meining om boka</li> <li>• Tykkjer du andre bør lesa boka? Kvifor/kvifor ikkje?</li> </ul> <p><b>Andre oppgåver</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rettskriving</li> </ul>	<p><b>I klassen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samling</li> <li>• Evaluering og drøfting</li> <li>• Lesegruppe</li> <li>• Faste gruppe-oppgåver</li> <li>• Levera skriftleg arbeid i It's Learning</li> </ul> <p><b>Lekser</b></p> <p>Les i sjølvvalt bok 20 min kvar dag.</p> <p>Skriva samandrag og bokmelding</p> <p>Du kan skrive på pc, ark eller i It's Learning.</p>	<p><b>"Grip Boka!"</b></p> <p>Til bakemelding på skriftleg arbeid</p> <p>Munnleg undervegs-vurdering i klassen</p> <p><b>It's Learning:</b></p> <p>Evaluerings-skjema</p>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Teiknsetjing</b></li> <li>• <b>Redigering</b></li> </ul> <p><b>Ekstraarbeid</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Power-point, presentasjon av bok, gruppearbeid</b></li> </ul>	<p><b>Vis foreldra dine It's Learning og korleis du arbeider der.</b></p>	
<p><b>Foreldre: Bli med barnet ditt inn på læringsplattforma It's Learning og gjer deg kjend.</b></p>				

## 15.2 Vedlegg 2: Pilotundersøking

<b>Intervjuguide: Skule- heimsamarbeidet på dagsorden - Digital foreldremedverknad i borna si læring</b>	
Hovudproblemstillingar	Intervjuspørsmål
<p><b>Korleis kan ei digital læringsplattform nyttast som reiskap for foreldremedverknad?</b></p> <p><b>Korleis får dette noko å seia for borna sitt faglege læringsarbeid?</b></p>	<p>Kva informasjon skal skulen leggja inn i ITL? Kva elevarbeid meiner du kan ligga ope for foreldre i ITL Korleis kan me leggja til rette for dialog i ITL? Kva kan me ha dialog om i ITL? Kva resursar har du som du vil dela med skulen?</p> <p>Trur du at det har noko å seia for barnet ditt sitt læringsarbeid at du engasjerer deg i faga? På kva område kan du tenka deg å ta meir del i det faglege arbeidet? Korleis kan dette gjerast? Kva ynskjer du at barnet ditt skal læra meir om?</p>
Forskingsspørsmål	Intervjuspørsmål
<p><b>Korleis kan LMS vera ein artefakt som triggjar foreldre til medverknad i borna si læring?</b></p> <p><b>Treng me nytenking i pedagogikken?</b></p> <p><b>Treng me nye metodar?</b></p>	<p>Tykkjer du bruk av ITL kan verta spanande for samarbeidet heim-skule? Trur du at ITL vil gjera deg meir deltakande i leksearbeidet?</p> <p>Skal me la elevane få samarbeida meir i læringsprosessen? Skal me leggja til rette for eit slikt samarbeid på ITL? Tykkjer du at det er positivt når elevane deler kinnskap med kvarandre?</p>

<p><b>Skal me gje større plass for foreldra som ressurs?</b></p>	<p>Trur du at løysing av oppgåver på ITL kan verka motiverande for borna?</p> <p>Tykkjer du at skulen er open nok for meir foreldremedverknad?</p> <p>Trur du det vert meirarbeid for foreldre med bruk av ITL i skule- heimsamarbeidet?</p> <p>Korleis kan du/dine ressursar medverka til at borna lærer</p>
<p>Andre synspunkt, idear eller framlegg:</p>	



## 15.3 Vedlegg 3: Spørjeskjema

### A. Informasjonsflyt mellom skule og heim.

Kryss av for eitt av alternativa:	Ja	Nei	Veit ikkje
Tykkjer du at du får den informasjonen som du treng?			
Om skulen?			
Om barnet sin faglege utvikling?			
Om barnet si sosiale utvikling?			
Trur du at ein del av informasjonen frå skulen med fordel kan ligga på ITL?			
Bør ein skilja mellom informasjon som gjeld for heile skulen og berre for den einskilde klassen?			
Meiner du det er ynskjeleg med ei eiga informasjonsmappe for den einskilde eleven?			
Kjem du til å bruka ITL ?			
For å henta informasjon om skulen?			
For å henta informasjon om klassen?			
For å henta informasjon om eleven?			
Kjem du til å bruka ITL sjølv når du vil informera skulen om noko?			
Er det naudsynt med papirutgåve i tillegg til informasjon på ITL?			

I ITL kan informasjon gjerast tilgjengeleg på ulike måtar. Korleis vil du at fylgjande info skal ligga i ITL?	ope	lukka	Ikkje tilgjengeleg	veit ikkje
Kryss av:				
Årsplan				
Fagplanar				
Skulerute				
Skulereglement				
Klassereglar				

Aktivitetsplan				
Vekeplan				
Timeplan				
Telefonliste				
Klasseliste				
e-postadresser				
Fødselsdagar				
referat frå turar og aktivitetar				
bilete frå turar og aktivitetar				
Møteinnkalling				
Møtereferat				
Elevvurdering				
Elevarbeid				

## B. Kommunikasjon / dialog:

Kryss av for eitt alternativ:	ja	nei	Veit ikkje
Kan ITL verta ein reiskap for kommunikasjon mellom skule og heim?			
Kan ITL verta ein tilleggskanal for skule- heimsamarbeidet?			
Vil du bruka ITL som reiskap for dialog om barnet ditt?			
Trur du at ITL kan erstatta meldingsboka sin funksjon?			
Bør det vera retningsliner for kva det kan vera dialog om på ITL?			
Meiner du at me skal leggja til rette for at elevane kan gjera lekser på ITL?			
Vil det engasjera deg på ein annan måte om borna gjer lekser på ITL?			
Vil lekser på ITL vera motiverande for elevane?			
Trur du at du får meir oversikt over elevarbeidet med ITL?			
Kan informasjon på ITL gjera foreldremøta meir elevretta?			
Kan informasjon på ITL vera med på å setja meir fokus på barnet på konferansetimane?			

### C. Medverknad / medråderett

Kryss av på skalaen der 1 er "låg grad" og 5 er "høg grad":	1	2	3	4	5
I kva grad opplever du tryggleik kring skule- heimsamarbeidet ?					
I kva grad vil ITL verta ein nyttig reiskap for å skapa tryggleik?					
I kva grad tykkjer du det er lett å ta kontakt med skulen?					
I kva grad kan ITL gjera det lettare for deg å ta kontakt med skulen?					
I kva grad tykkjer du at lærarane kjem deg i møte når du tek kontakt?					
I kva grad trur du ITL kan vera eit hjelpemiddel for å ta kontakt?					
I kva grad meiner du at du har innsyn i skulesamfunnet?					
I kva grad kan ITL vera med å gje innsyn i skulesamfunnet?					
I kva grad trur du at foreldre sitt innsyn styrkar:					
Skulen?					
Barnet si faglege utvikling?					
Barnet si sosiale utvikling?					
I kva grad er du nøgd med ditt høve til å medverka i skulesamfunnet?					
I kva grad vil ITL verta ein nyttig reiskap for deg i denne samanheng?					
I kva grad nyttar du dei høva som er til sjølv å medverka i skulesamfunnet?					
I kva grad vil ITL verta ein reiskap for deg i denne samanheng?					
	1	2	3	4	5
I kva grad trur du ITL kan verta ein reiskap for å kunna vera med å påverka?					
Skulesamfunnet?					
Sosiale mål for barnet ditt?					
Faglege mål for barnet ditt?					
I kva grad vil du kunna bruka ITL til pedagogiske innspel?					
I kva grad har du oversikt over kva barnet ditt driv på med på skulen?					
Fagleg?					

Sosialt?					
I kva grad kan ITL vera med på å gje oversikt over kva barnet ditt driv på med på skulen?					
Fagleg?					
Sosialt?					
I kva grad meiner du at foreldre kan vera ein ressurs for/ gje innspel til:					
Skulen?					
Eleven si sosiale utvikling?					
Eleven si faglege utvikling?					
I kva grad kan ITL opna for foreldre som ressurs?					
For skulen?					
Eleven si faglege utvikling?					
Eleven si sosiale utvikling?					
I kva grad tykkjer du at lærarane let foreldre sleppa til som ressurspersonar?					
I kva grad kan ITL medverka til at foreldre får sleppa til som ressurspersonar?					
I kva grad tykkjer du at du kan påverka gjennom konferansetimen?					
I kva grad kan ITL verta ein kanal for deg til å påverka konferansetimen?					
I kva grad føler du at det er læraren som har makta?					
På konferansetimen?					
På foreldremøtet?					
Kunnskap om barnet ditt?					
I kva grad kan ITL verta ein reiskap for deg til få meir makt?					
I kva grad føler du avmakt i skule- heimsamarbeidet?					
Ifylgje opplæringslova er det foreldra som har hovudansvaret for oppsæding og opplæring av barnet sitt. I kva grad tykkjer du at dette gjeld for deg og ditt barn?					
I kva grad kan ITL verta eit verkty for deg i denne samanhengen?					

**Då er du så langt i mål og eg takkar for innsatsen!**

## 15.4 Vedlegg 4: Avkryssingsskjema - Konferansetime/ læringsamtale

Eg har laga eit lite avkryssingsskjema om ITL . Det handlar om dekan foreldre si oppfatning av bruken av ITL så langt. Denne delen av læringsamtalen er også ein del av forskingsarbeidet mitt. Dei same etiske reglar som eg har orientert om før gjeld også her.

Eg knyter skjemaet til dei andre læringsmåla for eleven og kryssar sjølv av.

<b>Namn:</b>	<b>Alltid</b>	<b>Ofte</b>	<b>Sjeldan</b>	<b>Nei</b>	<b>Veit ikkje</b>
7. klasse våren 2013					
1. Brukar eleven ITL når ho/han leverer skriftleg arbeid?					
2. Har du vore på ITL med eleven?					
			<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Veit ikkje</b>
3. Har du brukt ITL sjølv ?					
4. Likar du ITL?					
5. Trur du at ITL er nyttig for barnet?					
6. Kjem du til å bruka ITL for å kontakta skulen?					
		<b>Høg</b>	<b>Middels</b>	<b>Låg</b>	<b>Veit ikkje</b>
7. Kva måloppnåing trur du barnet ditt har for bruk av ITL?					

## 15.5 Vedlegg 5: Intervjuguide

Både elevane og de som foreldre har no fått litt erfaring med It's Learning. I fagleg samanheng har me brukt læringsplattforma nokså mykje i norskfaget, særleg i levering av skriftleg arbeid. Elevane har lært å levera på ulike måtar og å lagra arbeidet i si eiga mappe. Dei får tilbakemelding på arbeidet sitt frå meg på den plassen dei leverer.

Eg har nokre spørsmål til deg som føresatt om bruken av ITL

1. Har du vore inne på ITL og sett korleis det ser ut?
2. Kva inntrykk har du av barnet når han brukar It's learning? Likar han å bruka It's?
3. Kva likar han best, trur du, pc eller å skriva?
4. Korleis opplever du at barnet ditt arbeider på ITL? Oppfølging: Er det for eksempel ei arbeidsform ho likar, eller vil ho helst velja å skriva i skriveboka.
5. Opplever du noko endring hjå barnet ditt med tanke på å gjera skriveleksa?
6. Tykkjer du at barnet ditt får det til sjølv og arbeider sjølvstendig med skriveleksa på ITL?
7. Kor ofte vil du seia at du ser på leksa saman med barnet ditt?
8. Tykkjer du det er kjekt å bruka It's Learning saman med barnet ditt, eller blir det mas? Oppfølging: Opplever du at barnet ditt er positiv til at du vil involvera deg i skrivearbeidet?
9. Kva tykkjer du om den tilbakemeldinga barnet ditt får på arbeidet sitt?  
Oppfølging: Ser du på tilbakemeldinga?
10. På kva måte vil du at eleven skal få tilbakemelding på arbeidet sitt?
11. På kva måte likar du best å kommuniser med lærarane?
12. Korleis ser du på ITL som ein plass for kommunikasjon med lærar?
13. Brukar du ITL i kontakten med læraren? Kva skal til for at du skal bruka ITL på ein slik måte?
14. Er ITL ein plass for skule- heimsamarbeid med tanke på å ta del i barnet sitt læringsarbeid?

# 15.6 Vedlegg 6: Godkjenning NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES

Arling Crone Alms  
Avdeling for læremiddanning og kulturbygging  
Høgskolen Stord/Haugesund  
Kunghøgstvegen 8  
5414 STORD



Kontaktiltalenavn: Z  
NS-5027 Norway  
Norway  
Tlf: +47 55 58 31 07  
Faks: +47 55 58 31 50  
www.nsd.no  
Org nr: 886 301 884

Vår dato: 07.03.12 | Vår referanse: 31/12/12 | Dato for utarbeidelse: 07.03.2012

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 07.03.2012. All nødvendig informasjon om prosjektet forell i sin helhet 21.05.2012. Meldingen gjelder prosjektet:

30131 Skuleheimsamarbeidet på dagsorden, Digital foreldremedverknad i borna si læring  
Høgskolen Stord/Haugesund, med institusjonens øverste leder  
Arling Crone Alms  
Ruth Jørgensen

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meddeplig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudet vurderer fokussettet av prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningsloven gitt i meddepligmet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven og helsepersonelloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gies oppenbeom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, [http://www.nsd.no/anso/personvern/forak\\_smd/okjemal.html](http://www.nsd.no/anso/personvern/forak_smd/okjemal.html). Det skal ogs gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal ikke skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.no/anso/personvern/prosjektoversikt.asp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets evaluering, 16.06.2014, sette en berennende angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

*[Signature]*  
Vigdis Nornvedt Kvalheim

*[Signature]*  
Karinne Unaker Segstad

Karinne Unaker Segstad tlf: 55 58 35 42  
Vedlegg: Prosjektvurdering  
Kopier: Ruth Jørgensen, Repptaregen 184, 5710 SKULESTADMO

OSD: NSD, Universitets- og høgskolevesenets datatjeneste, NOU 1998:10  
NSD: NSD, Universitets- og høgskolevesenets datatjeneste, NOU 1998:10  
NSD: NSD, Universitets- og høgskolevesenets datatjeneste, NOU 1998:10

### Personvernombudet for forskning

#### Prosjektvurdering - Kommentarer

Prosjekt nr.: 30131

Delaktene i prosjektet er foreldre til elever på skolen studenten arbeider på.

Det samles inn gjennom spørreskjema og intervju.

Personvernombudet legger til grunn at det ikke registreres personopplysninger i forbindelse med observasjon. Det skal ikke gis videoopptak i forbindelse med observasjon i prosjektet, jf. e-post mottatt 21.5.2012.

Det gis skriftlig informasjon og innhentenes et skriftlig samtykke.

Personvernombudet har mottatt skriv med tilleggsinformasjon (21.5.2012) og finner dette tilfredsstillende, men ber om at setningen: "Datainnsamlings vert lagra utan personidentifisering i prosjektida" fjernes, da den kan virke misvisende all den tid dataene kan være indirekte identifiserbare.

Personvernombudet legger til grunn at datamaterialet ikke lagres med personidentifikasjon etter prosjektstart. Senest innen 16.6.2014 skal datamaterialet anonymiseres. Med anonyme opplysninger forstås opplysninger som ikke på noe vis kan identifisere enkeltpersoner i et datamateriale, verken direkte gjennom navn eller personnummer, indirekte gjennom bakgrunnsvariabler eller gjennom navneliste/koblingsnett eller krypteringsformel. Dersom informanter kan gjenkjennes på lydopptak, må disse slettes.

## 15.7 Vedlegg 7: Informasjon til rektor

Til rektor ved \_\_\_\_\_ skule

### Til orientering

I samband med studiet mitt "IKT i læring", skal eg gjera ei undersøking og skriva ei masteravhandling ut frå undersøkinga og eventuelle funn. Masterarbeidet mitt heiter:

### **Skule- heimsamarbeidet på dagsorden – Digital foreldremedverknad i borna si læring.**

### **Korleis kan Its Learning nyttast som reiskap for foreldremedverknad? Korleis kan digital foreldremedverknad få noko å seie for borna sitt faglege læringsarbeid?**

Eg ynskjer å gjera undersøkinga på "NN-skule", der eg nyttar dei foreldra i min eigen klasse som ynskjer det, som informantar. I nokon grad kjem eg også til å samrå meg med andre lærarar på skulen. Arbeidet skal avsluttast innan juli 2014. Eg vil nytta ein kvalitative forskingsmetode med aksjonsforskning som design, der eg sjølv deltek i forskingsarbeidet.

I prosjektet ynskjer å gjera ei spørje undersøking, der alle foreldre i klassen får høve til å svara på spørsmål. Vidare vil eg leggja til rette for at elevane kan arbeida i Its Learning i samband med leseprosjektet Grip boka. Elevane vil m.a. få i oppgåve å skriva inn samandrag og bokmeldingar i læringsplattforma, og syna dette til foreldra. Foreldre vil verta oppmoda om å fylgja opp. Etter kvar ynskjer å gjera intervju med nokre av foreldra. Til slutt vil eg laga ei oppsummerande spørjeundersøking.

Informantane vil eg kontakta direkte og det må vera friviljug for foreldra å delta.

**Eg vil understreka at det finst reglar og retningsliner for innsyn som skal beskytta elevane så vel som foreldre og lærarar. I mitt masterarbeid har eg ei sterk plikt til å halda meg til desse. Vidare skal eg i alt arbeidet gjera informasjonane eg får og informantar eg nyttar anonyme. Alle formelle krav og løyve skal vera i orden før eg startar opp undersøkinga. Eg vil også halda deg orientert undervegs.**

Eg vonar du er positiv til dette arbeidet. Vidare vonar eg at mine erfaringar kan koma til nytte i vårt arbeid med It's Learning på skulen. Oppgåva vert gjort tilgjengeleg for skulen.

Beste helsing

Ruth Jørgensen



## 15.8 Vedlegg 8: Foreldreorientering

### Til foreldre i 7.klasse

Som de veit er eg student og studerer IKT i Læring ved Høgskulen Stord Haugesund. I den samanheng skal eg gjera eit forskingsarbeid og skriva ei Masteroppgåve. Masterarbeidet mitt heiter:

#### **Skule- heimsamarbeidet på dagsorden – Digital foreldremedverknad i borna si læring.**

#### **Korleis kan It's Learning nyttast som reiskap for foreldremedverknad? Korleis får digital foreldremedverknad noko å seia for borna sitt faglege læringsarbeid?**

Masterarbeidet mitt skal handla om korleis It's Learning kan nyttast i samarbeidet mellom heim og skule. It's Learning skal ikkje nyttast i staden for foreldremøte og foreldresamtalane som me har elles i året. Eg ynskjer å finna ut om It's Learning kan vera eit nyttig tillegg både for foreldre og lærar. Skule- heimsamarbeidet handlar ofte om informasjon frå skulen om kva som går føre seg og om hendingar som kjem. Vidare freistar me å informera om barnet si sosiale og faglege utvikling, og me freistar å ha ein god dialog med heimane.

Opplæringslova og Kunnskapsløftet peikar på at det er foreldra som har hovudansvaret for oppsødinga og at det er skulen si plikt til å samarbeida. *Oppdragaransvaret ligg hjå foreldra, (.....)foreldre skal inviterast og stimulerast til å ta del i den pedagogiske, sosiale og administrative verksemda i skulen .....,og dette handlar om .....fagleg dugleik, sosial dugleik, normer og verdiar, respekt og toleranse.*

I skulesamanheng snakkar ein gjerne om tre nivå for samarbeid: informasjon, dialog og medverknad/medråderett. I denne omgang ynskjer eg å vita kva du/dekan ynskjer å samarbeida om innafor desse nivåa, der It's Learning kan vera eit hjelpemiddel til å få dette til.

#### **No treng eg hjelp av dykk som er foreldre. Eg vil invitera dykk til å vera med å prøva ut It's Learning i skule- heimsamarbeidet.**

I ein periode på fem veker skal 6.klassen ta del i eit litteraturprosjekt frå Leselyst A/S, ”Grip boka”. Det er eit leseprosjekt. Eg har valt å bruka denne perioden til forskingsprosjektet mitt. I It's Learning vil eg oppretta ei Læringsbok for kvar einskild elev. Her får elevane dei oppgåvene som skal utførast anten heime eller på skulen. Foreldre skal få høve til å fylja barnet sitt i Læringsboka.

Det vert litt ekstraarbeid! Men det kan verta interessant og lærerikt! Arbeidet for foreldre vert å fylgja opp Læringsboka, delta i nokre gruppesamlingar der me drøftar opplegget og lærer av kvarandre og har dialog med meg på It's Learning sin e-post.

Eg er ikkje van med å driva forskingsarbeid. Eg skal bruka ein metode som kallast Aksjonsforskning. Dvs at eg ikkje har eit heilt ferdig opplegg som skal gjennomførast, berre nokre rettesnorer, der undervisningsopplegget er utgangspunktet. Innspel frå dykk undervegs er kjempebra. Dette skal verta eit samarbeidsprosjekt og me skal saman finna ut korleis me kan bruka It's Learning. Det er dekan som er ressurspersonane. Det vert litt skummelt, men verst for meg!

Meir informasjon om undervisningsopplegget og forskingsopplegget vil deltakarane få etter kvart.

**Eg vil understreka at det finst reglar og retningsliner for innsyn som skal beskytta elevane så vel som foreldre og lærarar. Skulen vil halda seg strengt til dette, og i mitt masterarbeid har eg ei sterk plikt til å halda meg til desse. Vidare skal eg i alt arbeidet gjera informasjonen eg får og informantar eg nyttar anonyme.**

**Blir du/de med?** Svar på e-post eller på annan måte som høver. Eg tek kontakt med alle etter kvart, anten på telefon eller direkte.

På førehand takk og beste helsing Ruth!

## 15.9 Vedlegg 9: It's Learning - oppskrift

### KVIFOR NYTTAR ME IT'S LEARNING?

It's learning er ei digital læringsplattform.

### KORLEIS KJEM DU DEG INN PÅ IT'S LEARNING?

- Gå til <https://www.It'slearning.com/elogin/> Klikk på innlogging med "Feide".
- Du vert no beden om å gi opp brukarnamn og passord. Føresette må nytta same brukarnamn og passord som elevane. Skulen har understreka at elevane aldri skal gje frå seg desse, men dei veit at føresette er eit unnatak.
- Når brukarnamn og passord er på plass, klikkar du **Ok** og kjem til It's learning si hovudsida. Her får du oversyn over alle faga til elevane.
- Klikkar du t.d. på **Norskfaget**, kjem du vidare til hovudsida for dette faget. No får du fleire val.
- Lett synleg midt i biletet, ser du **Oppslagstavla**. Her legg læraren ut meldingar til elevane. Dei nyaste meldingane ligg øvst. Rullar du deg nedover på sida, kan du sjå tidlegare meldingar.
- I det vi kallar **Tremenyen**, heilt til venstre på sida, legg lærarane ut t.d. læreplanar, arbeidsplanar, oppgåver, lærestoff og peikarar til andre nettstader. Elevane sine oppgåvesvar og læraren sine kommentarar er også tilgjengelege her. Slikt stoff er fordelt i diverse **mapper** (dei brune firkantane) med namn som indikerer kva som ligg i dei. Klikkar du på ei mappe, vil ho opna seg, og du kjem vidare til nye mapper eller til **filer** (grå firkantar) og **peikarar** (ein liten blågrøn globus) med nye namn.
- Klikk på noko av det du finn i mappene, og eventuelt deretter på den blå tekstfirkanten litt oppe på sida, og du kan sjå kva læraren har lagt ut.

Dei første gongene du er på It's learning, kan det vera greitt å berre klikke i veg og sjå kva som dukkar opp! Prøve deg fram! Du kan ikkje gjera noko gale! Finn du ikkje vegen tilbake, kan du anten klikke på det vetle, kvite huset du ser litt oppe til venstre på sida, eller du kan klikke på den raude krossen oppe i høgre hjørnet til du er tilbake til noko meir kjend. Har du gått deg heilt vill, loggar du deg berre ut og prøver på nytt.

Lykke til!